VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg:	**Kommunestyret**
Møtestad:	**1. etg., Samfunnshuset i Volda**
Dato:	**26.01.2017**
Tid:	**16:00 – merk tida**

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

Innleiingsvis i møte vert det Ungdomsrådet sin spørjetime og ein kort presentasjon om Fairtrade.

Jørgen Amdam
ordførar

VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/17	**Godkjenning av innkalling og sakliste**
PS 2/17	**Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**
PS 3/17	**Tilleggsløyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget**
PS 4/17	**Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst 2017-2020**
PS 5/17	**Veglys Krumsvika Mørenett bygger ned luftspenn**
PS 6/17	**Hamneavgift - Vikeneskaia og Allmenningskaia 2016**
PS 7/17	**Kulturpris - Volda kommune**
PS 8/17	**Kulturmidlar - Volda kommune**
PS 9/17	**Fritak frå eigedomsskatt i 2017 etter § 7**
PS 10/17	**Årsmelding for Volda ungdomsråd 2016**
PS 11/17	**Vedtektsendringar i Sparebank1 Søre Sunnmøre - reduksjon av kommunen sin representasjon i banken si Generalforsamling**
PS 12/17	**Orienteringssaker**
OS 1/17	**Møteprotokoll frå møte 02.12.16 i kontrollutvalet**
OS 2/17	**Etablering av ny kommune Hornindal og Volda – Prosjektorganisering**
OS 3/17	**Oppnemning av temakomitear**
OS 4/17	**Rapport sjukefråvær 3.kvartal 2016**
OS 5/17	**Flytting av brakker ved Engesetvegen 28**
OS 6/17	**Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016**

VOLDA KOMMUNE

OS 7/17	**Tilbakemelding etter rapport frå fylkesmannen vedr. gjennomført tilsyn på kommunal praksis knytt til pasient og brukarrettigheitslova kapittel 4A**
PS 13/17	**Delegerte saker frå avdelingane**
DS 1/17	**Ferdigattest, bustad Gbr 2/79**
DS 2/17	**Rammeløyve, bruksendring Gbr 6/24**
DS 3/17	**Løyve til tiltak, omprofilering Gbr 11/58**
DS 4/17	**Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 11/75**
DS 5/17	**Ferdigattest Gbr 13/151**
DS 6/17	**Ferdigattest Gbr 17/186**
DS 7/17	**Ferdigattest, garasje Gbr 18/401**
DS 8/17	**Løyve til tiltak, omprofilering Gbr 19/620**
DS 9/17	**Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/259**
DS 10/17	**Ferdigattest, parkeringsplass Gbr 19/451**
DS 11/17	**Ferdigattest, terrasse Gbr 19/757**
DS 12/17	**Løyve til tiltak, ombygging Gbr 19/753**
DS 13/17	**Ferdigattest Gbr 21/178**
DS 14/17	**Dispensasjon Gbr 30/385**
DS 15/17	**Igangsettingsløyve Gbr 30/421**
DS 16/17	**Løyve til tiltak, riving av skule Gbr 47/1**
DS 17/17	**Løyve til tiltak, bustad Gbr 54/7**
DS 18/17	**Ferdigattest, fritidsbustad Gbr 79/22**
DS 19/17	**Ferdigattest, terrasse Gbr 89/23**
DS 20/17	**Løyve til tiltak, bustad Gbr 93/22**
DS 21/17	**Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 149/20**

Gruppemøte

Måndag 23.01.17

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
SV	kl. 18:00-20:00	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

Tysdag 24.01.17

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 18:15	Møterom Voldsfjorden

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jeanette Brandal	Arkivsak nr.:	2014/1705
		Arkivkode:	S02

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/17	Formannskapet	10.01.2017
3/17	Kommunestyret	26.01.2017

TILLEGGSLØYVING KLIMASKJERM OG ETABLERING AV 3. ETASJE IVAR AASEN BYGGET

Handsaming:

Saka vart ettersendt 06.01.17.

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage. Kunnskapsparken vert nemnd som potensiell leigetakar av bygget, jf. fvl. § 6, 2. l. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:
Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Formannskapet drøfta saka og om med slikt justert framlegg – Alternativ B:

1. *Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*

   Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.

2. *Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*

3. *Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*

Røysting:

Fellesframlegget, justert Alternativ B, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)***

   Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.

2. ***Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).***

3. ***Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.***

Administrasjonen si tilråding (i to alternativ):

Alternativ A
Kommunestyret vedtek ikkje å føre opp tredje etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen. Avvik budsjettpris og kontraktssum for allereie vedteke tiltak/klimaskjerm vert dekt ved omdisponering av avsette midlar til opsjon tredje etasje Aasen-bygget.

Allereie finansiert gjennom EPC - prosjekt	Kr. 11.250.000
Bruk av opsjonsmidlar etablering tredje etasje Ivar Aasen bygget	Kr. 6.375.000
Sum finansiering	Kr. 17.625.000

Alternativ B

4. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)

   Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.

5. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).

6. Ein føreset at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.

Vedleggsliste:
K-sak 58/16 frå 26.05.16 – Gjennomføring av energitiltak i energispareprosjektet (EPC)

SAMANDRAG AV SAKA

I kommunestyremøtet 26.05.2016 vart det vedteke gjennomføring av EPC- program for Ivar Aasen-bygget til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar. Inkludert i dette var utvendig

oppgradering av Ivar Aasen-bygget, klimaskjerm (ny fasade i glas), nytt inngangsparti og renovering av tak.

Tiltak er delt opp to anbod. Dei innvendige tiltaka, ventilasjon, energistyring mv, inngår i EPC-programmet der det er inngått kontrakt med NEE. Dei ytre tiltaka med Klimaskjerm mv vart trekt ut av programmet og innhenta eige anbod på. Det viser seg at anbodsprisane er noko høgare enn kostnadsestimatet, slik at det må til ei tilleggsløyving.

I tillegg er det innhenta anbod på oppføring av ei tredje etasje på Aasen-bygget. Dette er ein opsjon som kommunestyret må ta stilling til om kommunen skal tiltre. I kommunestyret i K-sak 58/16 var det bedt om at dette vart handsama som eiga sak.

SAKSOPPLYSNINGAR

Utvendig oppgradering av Ivar Aasen i nær framtid er særs nødvendig for at kostnadane for vedlikehald og nødvendig oppgradering ikkje skal eskalere. Vindauger, fasade og tak er frå byggjeår i 1971. Eksisterande tak har lekkasjar, samt at det er fare for ytterlegare lekkasjar rundt overlysvindauga. Fasada har slått sprekker og armering er synleg. Her er stor fare for korrodering i armeringa dersom tiltak ikkje vert sett i gang. Bereevna til betongkonstruksjonen står i fare for å verte svekka så lenge armeringa er synleg og eksponert for vær og vind.

Det er teikna kontrakt med NEE for dei indre tiltaka i bygget. Gjennomføringa av desse vil gå sin gang. Denne saka handlar om dei ytre tiltaka med tilleggsfinansiering av allereie vedtekne tiltak for klimaskjerm, inngangsparti og tak, samt avklaring om kommunen skal tiltre opsjon på bygging av ei tredje etasje (uinnreidd). Saka er utgreidd med to alterantive løysingar:

- Avgrensa til tilleggsløyving av klimaskjerm
- Tilleggsløyving av klimaskjerm og tiltre opsjon/vedta bygging av ei tredje etasje (ikkje innreidd)

Opsjonen må avklarast no ettersom det har samanheng med dimensjonering av tekniske anlegg, slik at ein kan ikkje kome attende til å vurdere dette seinare.

<u>Alternativ 1 Tilleggsløyving klimaskjerm:</u>

I kommunestyremøtet 26.05.2016, vart følgjande vedtak slik:

1. *Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.*

Administrasjonen har vurdert usikkerheita rundt kostnadsramma i EPC programmet på 56 millionar mot reglane for offentleg anskaffingar. Konklusjonen frå vurderinga gjer det hensiktsmessig å trekke ut utvendige oppgradering av Ivar Aasen-bygget, klimaskjerm, nytt inngangsparti og renovering av tak frå EPC prosjektet. Dette for å halde seg under terskelverdien for offentlege anskaffingar. Det vart trekt ut kr 9 mill. eks. mva frå EPC kontrakta. Desse 9 mill. eks. mva vert disponert i eigen regi til utvendig oppgradering av Ivar Aasen huset. Prisen på 9 mill. eks mva er ein budsjettpris som er estimert i EPC prosjektet. Pris oppgitt under kapittelet økonomiske konsekvensar er tilbodspris og reell pris for gjennomføring av klimaskjerm. Mottatt tilbod hadde høgre kostnad for delen kring klimaskjerm sett mot budsjettpris.

Kostnader ved etablering av klimaskjerm		
	Eks mva	Inkl mva
Klimaskjerm og nytt tak	13.100.000	16.375.000
Prosjektkost	1.000.000	1.250.000
Total kost ved etablering av klimaskjerm	**14.100.000**	**17.625.000**

Finansiering, etablering av klimaskjerm		
	Eks mva	Inkl mva
Bruk av avsette midlar EPC og opsjon 3 et.	**14.100.000**	**17.625.000**

Ved val av alternativ 1 vil kommunen ha dekning av tilleggsløyvinga ved bruk av avsett finansiering (låneopptak) i prosjekt EPC og opsjon tredje etasje Ivar Aasen bygget. Kommunestyret må da godkjenne bruk av midlar avsett til opsjon etablering av 3 et. for del finansiering av klimaskjerm.

Ivar Aasen huset har vore gjennom ei EPC analyse. EPC (Energy Performance Contracting) er ein modell for gjennomføring av energieffektiviserande tiltak. EPC inneber at ein ekstern aktør- ein energientreprenør- står for gjennomføringa av avtalte energitiltak og garantera investeringskostnadar, samt redusert energi og effektbruk for den valte pakka.

I tidlegare vurderingar, jamfør med EPC analysa på Ivar Aasen-bygget, er det eit sterkt oppgraderingsbehov på dette bygget. Taket har passert si levetid og har lekkasjar, samt at nåverande overlyskupplar utgjer fare for ytterlegare lekkasjar og større øydeleggingar.

Betongkonstruksjonen utvendig er også forfallen, der armering er synleg og utsatt for korrosjon. Bereevna til konstruksjonen er ikkje svekka per dags dato, men står i fare for å svekkast dersom armeringa korroderar og tiltak ikkje vert utført.

Innvendig oppgradering av Ivar Aasen bygget som nye aggregat, lys og ventilasjon vil verte gjennomført i avtale med EPC programmet og i kontrakt med NEE etter fastsette kostnadar. Klimaskjerm og etablering av tredje etasje Ivar Aasen bygget som beskrive i avsnitt over var vurdert med budsjettpris. Dette vart trekt ut grunna dei offentlege innkjøpsreglane og kommunestyret sitt ynskje om å greie ut saka nærmare og få fastlagt kostnaden med realisering av tredje etasje.

Ved ein ny klimaskjerm og renovering av tak vert nødvendig vedlikehald av bygget ivaretatt. Ein klimaskjerm i glas er den mest funksjonelle løysinga for å kunne ivareta energimessige oppgraderingar i henhald til krav, samstundes som fasada ikkje forfell meir og bereevna vert styrka. Ny ringmur og klimaskjerm vil gi grunnlag til å bære den ekstra etasja som alternativ 2 beskriver.

I september 2016 vart det utlyst ein konkurranse på doffin, *Klimaskjerm Ivar Aasen bygget*. Klimaskjermprosjektet er basert på oppføring av ei ny ytre fasade i glas og nytt inngangsparti (vindfang), og renovering av tak. Prosjektet inkluderar også fjerning av overlyskupplar, som gir auka risiko for lekkasjar. I denne konkurransen vart det også utlyst to opsjonar, i samsvar med vedtaket i kommunestyremøtet som er gjengitt i saksutgreiinga.

> Opsjon 1: Etablering av 3. etasje på Ivar Aasen huset. Denne opsjonen inkluderer to trapper til 3 etasje frå 2 etasje, samt glasheis med utgang i alle etasjane. Ein ser det

som nødvendig å sette inn ny heis, då eksisterande heis ikkje går over 3 etasjar, samt for å sikre universell utforming av tredje etasje. Opsjonen gjeld for råbygg inkludert brystning på alle ytterveggar. Himling, golv og inndeling av rom er ikkje med i denne opsjonen. Tekniske fag som er inkludert er nødvendig arbeid i i tiulknytning til fungerande heis, automatiske dører ved inngangspartiet.

Opsjon 2: Utvendig open ståltrapp(rømingstrapp), dersom brannkonsept av Ivar Aasen-bygget syner at dette er nødvendig.

Alternativ 2: Tilleggsløyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget

I kommunestyremøtet 26.05.2016, vart følgjande vedtak slik:

2. Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3 etasje vert kalkulert til kr 7 mill.

Under føresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i utbyggingskontrakten.
Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysing etter lov om offentleg innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.

Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling bruken av bygget og finansiering av innreiing.

Ivar Aasen-bygget skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma.
Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

Kostnader ved etablering av klimaskjerm og tredje etasje råbygg		
	Eks mva	Inkl mva
Klimaskjerm og nytt tak	13.100.000	16.375.000
Opsjon 1, oppføring av tredje etasje	10.850.000	13.562.500
Opsjon 2, ståltrapp	550.000	687.500
Prosjektleiing og uføresette arbeid	2.000.000	2.500.000
Total kost ved etablering av klimaskjerm og tredje etasje råbygg	**26.500.000**	**33.125.000**

Finansiering ved etablering av klimaskjerm og tredje etasje råbygg		
	Eks mva	Inkl mva
Total kost ved etablering av alt. 2	26.500.000	33.125.000
Avsatte midlar frå EPC-programmet	-9.000.000	-11.250.000
Avsatte midlar i budsjett- og økonomiplanen 2017-2021	-12.800.000	-16.000.000
Sum		5.875.000
Behov for tilleggsfinansiering	**4.700.000**	**5.875.000**
+ utsett mva kompensasjon		5.450.000

Auka låneopptak før mva kompensasjon frå 2020*		**11.325.000**
Mva kompensasjon frå 2020		- 3.815.000
Netto kostnad etter mva kompensasjon frå 2020*		**7.510.000**

Manglande midlar for å kunne finansiere utvendig oppgradering av Ivar Aasen bygget er kr 5.875.000 + Kr 5.450.000 mellombels finansiering mva kompensasjon. Samla auka låneopptak på Kr 11.325.000. Under føresetnad av at heile bygget kan brukast til verksemd som er momsberettiga (kombinasjon av eige bruk og utleige til mva-berettiga verksemd), så får kommunen att Kr 3.815.000 etter justeringsregel frå år 2020 når Høgskulen har flytta ut. Sjå avsnitt om reglar for mva kompensasjon nedanfor. Basert på desse føresetnadene vert netto manglande finansiering etter kompensasjon blir Kr. 7.510.000

**Justeringsregel mva kompensasjon:*
I dag leiger Høgskulen Ivar Aasen-bygget. Høgskulen er ikkje mva-berettiga. Volda kommune får derfor ikkje mva kompensasjon så lenge høgskulen er leigetakar. Etter 2020 er det planlagt at Volda kommune kan ta i bruk lokala til momsberettiga verksemd. Kommunen får derfor tilbake mva etter justeringsreglane frå dette året. Det betyr at kommunen får attende 70% av den mva som er innbetalt. Denne utbetalinga skjer årlig frå 2020 i dei 7 komande åra.

Ved oppføring av klimaskjermen vil ein byggje ein ny ringmur på utsida til bæring av klimaskjermen. Dette for å hindre meir belastning på eksisterande veggar på bygget. I forbindelse med ringmur og bereevna til denne er det hensiktsmessig å ta ny klimaskjerm og ekstra etasje i same byggjesteg. Dette også med tanke på at eksisterande tak uansett må bytast. Finansieringa av taket vil då gå inn i finansieringa av tredje etasje.

Når ein samlar arbeidet i eitt byggjesteg vil ein få ei kortare byggjeperiode enn med fleire byggjesteg. Dette vil vere mindre belastande for brukarane og drifta av bygget.

Volda sentrum har lite sentrumsnære tomter for nybygg. Ved å tenkje framtidsretta og utnytting av areal samstundes med oppgraderingsbehovet til Aasen-bygget vil det både gje økonomisk og miljømessig vinning. Ei ekstra etasje på Ivar Aasen-bygget vil gi ca. 1200 m^2 netto til næringsliv, kontor, undervisning etc. i sentrum av Volda. På sikt kan det vere rift om slike areal i sentrumsområdet. Pr i dag vil det vere mest realistisk å føre opp tredje etasje som eit råbygg, for seinare å kunne optimalisere funksjonen til brukarane av bygget. Dette må administrasjonen arbeide vidare med, samt kome med framlegg til kommunestyret for mogleg utleige. Det vert synt til kostnadsvurderingar under økonomiske konsekvensar.

Aasen-bygget ligg tett til opp mot trafikkert veg og rundkjøring som knytepunkt mellom Sunnmøre og Sogn og Fjordane, samt at den planlagde tunnelen frå Furene vil ha sitt utløp i næleiken av denne rundkjøringa. Ved ny klimaskjerm og etablering av tredje etasje kan dette verte eit signalbygg, med god lokalisering for Volda kommune.

Høgskulen som leiger dette bygget i dag kan framstå som meir attraktiv, med ei ny moderne fasade.
Det kan vere alternative bruksområde for Aasen-bygget etter at Høgskulen flyttar ut. Konkret vert det arbeidd med å etablere ein kunnskapspark i bygget i samarbeid mellom Høgskulen, Sunnmøre Kulturnæringshage og kommunen. Vidare vil det vere aktuelt å flytte læringssenteret frå Hamna 20 til dette lokalet. Coop har utbyggingsplanar for Øyra, og det kan også verte aktuelt for kommunen å finne nye lokale for dagsenteret for utviklingshemma også. Arealet ved Høgskulen kan i åra framover verte pressa med etablering av idrettshall,

parkering mv, slik at det kan vere fornuftig med tettare utnytting. Ei ekstra etasje kan om nokre år verte eit viktig bufferareal for Høgskulen og truleg til ei leige som vil vere lågare enn Statsbygg sine vilkår.

Dersom kommunen byggjer tredje etasje så må det vere ut frå ei samla vurdering av at ein ser det som framtidsretta med tettare utbygging på høgskuleområdet, og at det er økonomisk gunstig å byggje ei ny arealflate i samband med rehabiliterings-/EPC-prosjektet. Samtidig vil da kommunen ta på seg ein økonomisk risiko med tanke på om kommunen får positiv kost-/nytteeffekt av tiltaket. Kommunen må i alle høve pårekne å forskottere kapitalkostnadene med råbygget fram til det vert innreidd og teke i bruk.

Innreiing av tredje etasje:
Det er også ein konsekvens ved val av alternativ 2 at det må påreknast kostnader for innreiing i tredje etasje. Når ein veit kva funksjon denne etasje skal ha, må det også utarbeidast eit brannkonsept for heile Ivar Aasen-bygget, slik at rømming og sikkerheit kan ivaretakast etter reglar og krav knytt til dette.

Samla innreiing estimert til Kr 8.000.000 eks mva / Kr 10.000.000 inkl mva. Erfaringsprisar for etablering av Kyrkjekontoret er brukt som bakgrunn i oppsettet.

Utleigemoglegheiter - utleige/drift økonomi:

Leigeprisar er vanskelig å seie noko om, då bruken og funksjonen ikkje er avklart. Ulik funksjon kan gi ulik leigepris. Ein kan ta eit utgangspunkt i at tredje etasje vert eit kontor/undervisningslokale. Med denne føresetnaden vil det vere naturleg å leggje til grunn dagens leigepris i Volda sentrum, kr 1.400 pr. m^2 pr. år.

Som byggeigar må ein ta høgde for vedlikehaldskostnader når ein ser på økonomien i prosjektet. Normtal for vedlikehald ligg på Kr. 200 pr. m^2 pr. år. Dette er tatt med i vurderinga saman med leigeinntekter og kapitalkostnader.

Eksemplar under er gitt ved ulike føresetnadar ved å behalde eksisterande storleik, deletablere ny tredje etasje og fullverdig etablering av ny tredje etasje. Alle døma tek utgangspunkt i at kommunen får leige ut lokala eller etablerer eigen bruk. Døma har også tatt høgde for utført arbeid i vedtatt prosjekt EPC og klimaskjerm/tak.

Høgskulen arbeider med nytt mediebygg og ser for seg fortsatt bruk av Ivar Aasen-bygget fram til nytt mediebygg står ferdig. Det har vore uttrykt at dette må skje innan leigekontraktene med Statsbygg går ut og skal vere reforhandla. Denne fristen er 31.12.20. Leigekontrakten mellom Høgskulen og Volda kommune for Aasen-bygget er gått ut og kommunen må forhandle med høgskulen om ny kontrakt og leigevilkår. Leigevilkåra i dag er kr 400 pr m2 og er svært låge. Forhandlingar med høgskulen vil være avgjerande for kva ny leige kan verte ut leigeperioden. Ved normal marknadsleige vil kommunen ha inndekning for dei tiltaka som er vedtekne.
Høgskulen i Volda er ein av dei få høgskulane i landet som ikkje har kunnskapspark. Det er nedsett prosjektgruppe som skal planleggje for kunnskapspark. Ideen er bygt på samarbeid med Høgskulen, Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda kommune som hovudsamarbeidspartar, og at kunnskapsparken vert lokalisert i Aasen-bygget. Volda kommune har forventingar om at Høgskulen vil vere ein aktiv pådrivar, og Volda kommune bør vere aktiv på tilretteleggingssida for å få dette til. Fylkeskommunen har løyvd midlar til

forprosjekt, og på dette stadiet er ingen ting avklart omkring mogleg realisering av kunnskapspark ved Høgskulen.

Kommunen sjølve leiger i dag store lokale på Hamna 20 til opplæringssenteret og dagsenteret. Ei utbyggingsgruppe med m.a Coop arbeider med planar for Øyra-området. Dette inkluderer også Hamna 20, der bygget i framtida kan verte nytta til andre formål enn utleige til kommunen. Volda kommune må derfor vere budd på å flytte ut av Hamna 20 og finne andre lokale for læringssenteret og dagsenteret. Aasen-bygget vil vere godt eigna som lokale for læringssenteret. Ein må også vurdere moglegheiter for etablering av dagsenter i Aasen-bygget dersom det ikkje skulle verte kunnskapspark.

Alternativ 1: Leigeinntekter etter gjennomførte tiltak utan tredje etasje

	Leigeinntekt potensiale utan tredje etasje		
	Antal m^2	Pris pr. m^2	Sum pr. år
To etasjer til utleige ca. 1000m^2	2000	1.4000kr	Kr. 2.800.000

Samla leigeinntekt ved å behalde eksisterande størrelse utgjer Kr 2.800.000. Ei slik leigeinntekt kan finansiere kapitalkostnad (renter/avdrag) på Kr. 55.000.000 i låneopptak. Dette med ei rente på 3% og 30 år avbetalingstid.

Situasjon der kommunen beheld eksisterande tal etasjar:

Investering	**Eks. mva**	**Inkl. mva**
Samla investering alle prosjekt	Kr. 19.000.000	Kr. 23.375.000

Samla investering utan 3 etg. vil være om lag Kr 19.000.0000 eks. mva / 23.375.000 inkl mva. (samla investering = investering gjort i denne aktuelle saka med klimaskjerm og skifte av tak + tiltak gjennomført i vedtatt EPC-prosjekt) Kapitalkostnad på dette totale låneopptaket vil vere kr. 970.000 + 400.000 (vedlikehald kostnad) = kr 1.370.000 i kostnad på bygget pr. år. Leigepotensiale er Kr 2.800.000 som gir kommunen eit handlingsrom på kr. 1.430.000. Dette kan nyttast til eksempelvis raskare nedbetaling.

Alternativ 2: Leigeinntekter ved etablering av tredje etasje

	Leigeinntekt potensiale med tredje etasje		
	Antal m^2	Pris pr. m^2	Sum pr. år
Tre etasjar til utleige ca. 1000m^2	3000	1.4000kr	Kr. 4.200.000

Samla leigeinntekt ved val av alternativ 2 utgjer kr 4.200.000 Ei slik leigeinntekt kan finansiere kapitalkostnad (renter/avdrag) på om lag kr. 83.000.000 i låneopptak. Dette med ei rente på 3% og 30 år avbetalingstid. Leigeinntekta føreset at lokalet blir innreidd og kan leigast ut.

Leigeinntektene på denne ekstra etasjen kan finansiere eit låneopptak på kr. 28.000.000 åleine.

Situasjon med ny tredje etasje utan innreiing:

Investering	Eks. mva	Inkl. mva
Samla investering alle prosjekt	Kr 31.400.000	Kr. 39.250.000

Samla investering inkludert råbygg ny tredje etasje vil være på om lag kr. 31.400.000 eks mva / 39.250.000 inkl mva (samla investering her = investering gjort i denne aktuelle saka med klimaskjerm og skifte av tak, etablering av råbygg tredje etasje + tiltak gjennomført i vedtatt EPC-prosjekt). Kapitalkostnad på dette låneopptaket vil være om lag kr. 1.600.000 + 400.000 (vedlikehalds kostnad 2000m²) = kr 2.000.000 i kostnad på bygget pr. år. Leigepotensiale i dette eksempel der tredje etasje ikkje kan leigast ut (ikkje innreia) er kr. 2.800.000. Sjølv om kommunen ikkje skulle finne bruk til ny tredje etasje med ein gong vil dei potensielle leigeinntektene kunne dekkje kapitalkostnad og vedlikehald, samt at ein har eit overskot på Kr. 800.000. Dette er basert på at kommunen leiger ut til dagens leigevilkår i Volda sentrumsområde.

Situasjon med ny tredje etasje innreidd og utleigt:

Investering	Eks. mva	Inkl. mva
Samla investering alle prosjekt	Kr. 39.400.000	Kr 49.250.000

Samla investering inkludert innreiing av ny 3 et. være om lag kr 39.400.0000 eks. mva. / kr 49.250.000 inkl mva. Kapitalkostnad på dette låneopptaket er om lag Kr. 2.000.000 + 600.000 (vedlikehalds kostnad) = kr 2.600.000 i kostnad på bygget pr. år. Leigepotensiale er Kr 4.200.000 som gir kommunen eit handlingsrom på kr. 1.600.000. Dette kan nyttast til f.eks raskare nedbetaling.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom kommunestyret går for alternativ 1 så vil det ikkje medføre auka låneramme i høve til det som er vedteke i gjeldande budsjett og økonomiplan. Det inneber at tredje etasje ikkje vert bygt, og del av finansieringa som er avsett til denne etasjen vil da verte omdisponert til å å dekkje opp tilleggsfinansiering til klimaskjermen.

Ved å gå for alternativ 2 som inneber bygging av uinnreidd tredje etasje i tillegg til tilleggsfinansiering av klimaskjerm. Dette vil representere behov for samla auka låneopptak på kr 11.325.000. Årleg utgjer dette ca kr 580 000 i auka årlege kapitalkostnader. Basert på føresetnadene kommentert ovanfor om bruk/utleige av bygget vil kommunen få att Kr 3.815.000 etter justeringsregel frå år 2020. (Netto manglande finansiering etter kompensasjon blir kr. 7.510.000)

Kommuneplanen sin samfunnsdel
Utredning av bygging av ei ekstra etasje på Ivar Aasen huset vil vere i samsvar med fleire strategiar som er valt for å nå måla innanfor ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Temaområde:	**Mål:**	**Strategi:**
Attraktivitet	Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmogleikane i Volda	Styrke samarbeidet mellom kommuna, høgskulen og næringslivet
	Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad	Samarbeide med nærliggande kommunar om tilrettelegging av attraktive næringsområder i regionen.
Busetting	Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet	Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikling innafor privat og offentleg sektor. Legge til rette for fortetting i sentrum.
Volda i regionen	Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar	Styrke samarbeidet mellom kommuna, høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar.
	Styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur og opplevingsdestinasjon	Auke attraktiviteten til Volda sentrum og realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum
Klima og miljø	Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 30%.	Energioptimalisere og gjennomføre enøktiltak i kommunale bygg.
Tenester	Volda kommune skal ha eit god omdømme	Nytte StudiebygdA som merkevare og ha eit aktivt samarveid med høgskulen, næringslivet, lag og organisasjonar.

Ved å samkøyre klimaskjerm og tredje etasje på Ivar Aasen-bygget (del 2) vil det verte mindre miljøutslepp og kortare byggjeperiode. Dette gir også minimale inngrep i naturen enn dersom ein bygger nytt bygg på ei lokalisering.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen kjende**.**

Vurdering og konklusjon:

I denne saka står ein med to alternativ. Alternativ 1 er å gjennomføre allereie vedtatt plan med etablering av klimaskjerm der ein tilleggsfinansierar manglande finansiering etter anbod. Alternativ 2 er i tillegg å godkjenne bruk av opsjon i kontrakt om å etablere råbygg tredje etasje.

Ved val av Alternativ 2 må ein avklare framtidig bruk av ei ny tredje etasje. I denne utgreiinga må ein ta omsyn til kommunen sitt behov, kartlegge eventuelle behov for Høgskulen i Volda, samt være tett på i prosessen for etablering av kunnskapspark. Her representerer det sjølvsagt noko usikkerheit. Administrasjonen må komme attende til kommunestyre med framlegg til bruk og eventuelt forslag til bindande avtaler som kan signerast før vurdering av låneopptak på sjølve innreiinga av tredje etasje. Ein må forvente at etasjen kan stå tom i ein periode før avklaringar på utleige. Ved utvikling av kontrakt på

eksisterande utleigeområde i bygget, vil ein kunne stå med tom tredje etasje over tid og samstundes ha dekt inn kapitalkostnad på etablering av råbygget (sjå utgreiing av utleigemoglegheiter - utleige/drift økonomi). Det føreset at kommunen får leigekontrakt på vanlege leigevilkår for kontorareal i sentrumsområdet.

I den tida Høgskulen leiger lokale vil ikkje kommunen kunne få mva- kompensasjon på investeringa då Høgskulen ikkje er mva berettiga. Dersom ein får utleige til momsberettiga verksemd etter 2020 vil ein kunne få att mva-kompensasjon etter justeringsregelen. Dette vil i praksis seie at kommunen vil oppnå refusjon på 70% av mva på investeringa som blir gjort. Dette vil kommunen få tilbakebetalt over 7 år i perioden 2020-2030.

Saka vert lagt fram med alternativ tilråding ut frå at det rår usikkerheit rundt økonomien knytt til bygging av tredje etasje. Med bakgrunn i kommunen sin pressa økonomi, og at tiltaket vart dyrare enn rekna med og krev tilleggsløyving utover investeringsramma i økonomiplanen, rår rådmannen primært alternativ A. Subsidiært ut frå at kommunestyret signaliserte ynske tredje etasje, og at dette er samfunnsmessig fornuftig, rår rådmannen til alternativ B.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
Eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Økonomisjefen, her
Høgskulen i Volda
Oppvekstsektoren
Helse- og omsorgssektoren

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Eigedomsavdelinga v/Kjell Magne Rindal for vidare arbeid

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2014/1705	6442/2016	S02	SVK/ UNNISTRA	30.05.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - GJENNOMFØRING AV ENERGITILTAK I ENERGISPAREPROSJEKTET (EPC)

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.05.16, hadde føre ovannemnde som sak PS 58/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Alternativ B

1. ***Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.***

   Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

2. ***Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3 etasje vert kalkulert til kr 7 mill.***

   Under føresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i utbyggingskontrakten.
   Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysing etter lov om offentleg innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.

   Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling bruken av bygget og finansiering av innreiing.

   Ivar Aasen-bygget skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma.
   Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

3. ***EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik kostnadsramme og finansiering:***

   <u>Kostnader</u>
   Samla pakke 56,0 mill eks mva

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no		www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda	70058886	7005870170058701	939 760 946	3991.07.81727

Tredje etg Aasenbygget (råbygg)	***16,0 mill " "***
- reduksjon EPC-Aasenbygget	***9,0 mill " "***
Intern oppfølgingskostnader	***2,0 mill " "***
Sum kostnadsoverslag	***65,0 mill eks mva***
Mva av 63 mill	***15,8 mill***
Sum kostnadsoverslag	***80,8 mill inkl mva***

Finansiering	
Eigenandel	***5,9 mill***
Mva-kompensasjon	***15,8 mill***
Tilskot Enova	***3,5 mill***
Lån	***55,6 mill***
Sum finansiering	***80,8 mill***

Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.

5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. eks mva. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

6. Kommunen forutsetter tilsagn om Enova støtte før kontrakt blir inngått.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Leiar eigedomsavd. Kjell Magne Rindal
Økonomisjef Henrik Skovly
Økonomikons. Andreea Beleuta
Rekneskapskons. Marija Ostojic
Leiar rekneskap Gunnar L. Lillebø

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kjell Magne Rindal	Arkivsak nr.:	2014/1705
		Arkivkode:	S02

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
91/16	Formannskapet	10.05.2016
58/16	Kommunestyret	26.05.2016

GJENNOMFØRING AV ENERGITILTAK I ENERGISPAREPROSJEKTET (EPC)

Handsaming i kommunestyret:

Leiar i eigedomsavdelinga Kjell-Magne Rindal og siv.ing. Kjell Gurigard var tilstades og svara på spørsmål.

Ordføraren kom med fylgjande tilleggsframlegg som nytt pkt. 6:

Kommunen forutsetter tilsagn om Enova støtte før kontrakt blir inngått.

Arild Iversen, Krf, kom med fylgjande tilleggsframlegg som nytt pkt. 7:

Kommunestyret etterlyser tilbakemelding med rapport i eiga sak til kommunestyret frå oppnemnd arbeidsgruppe for ny Voldahall jfr vedtak i sak PS 38/15.

I påvente av rapport frå arbeidsgruppa ber kommunestyret om at Voldahallen ikkje vert omfatta av arbeidet med energispareprosjektet.

Magnar Sunde, AP, kom med fylgjande framlegg lik alt. A i tilrådinga frå administrasjonen:

1. *Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Herav vert prosjekt for 5,4 mill lyst ut som eigne prosjekt, medan 50,6 mill utgjer kontrakt med NEE i samsvar med terskelverdien for offentleg innkjøp. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.*

   Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

2. EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik finansiering:

Kostnader	
Samla pakke (50,6 + 5,4)	*56,0 mill eks mva*
Intern oppfølgingskostnader	*2,0 mill " "*
Sum kostnadsoverslag	*58,0 mill " "*
Mva av 56 mill	*14,0 mill*
Sum kostnadsoverslag	*72,0 mill inkl mva*
Eigenandel	*5,9 mill*
Tilskot Enova	*3,5 mill*
Lån	*48,6 mill*
Mva-komp	*14,0 mill*
Sum finansiering	*72,0 mill*

Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.

5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

Sindre Rotevatn reiste spørsmål om ugildskap for Idar Flo og Gunnar Strøm som har arbeidsplassane sine i Ivar Aasen-bygget. Komm.l. §40, jf forv.l. §6, 2. l.
Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om deira ugildskap.
(25 r.f.)

Røysting vedk. ugildskap:
Idar Flo vart samrøystes kjend gild. Han tok sete. (26 r.f.)
Gunnar Strøm vart samrøystes kjend gild. Han tok sete. (27.r.f.)

Ivar-Otto Kristiansen fekk permisjon og gjekk. Det var 26 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Det vart halde gruppemøte i saka.

Magnar Sunde trekte framlegget sitt og kom med eit nytt framlegg som tillegg til pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet:

Ivar Aasen-bygget skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

Punktvis røysting:

Framlegget frå Arild Iversen fekk ni røyster og fall. 17 røysta mot.
Pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Magnar Sunde fekk 24 røyster og vart vedteke. To røysta mot.
Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.
Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.
Pkt. 4 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.
Pkt. 5 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Alternativ B

1. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.

Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

2. Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3etasje vert kalkulert til kr 7 mill.

Under føresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i . Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysing etter lov om offentleg innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.

Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling bruken av bygget og finansiering av innreiing.

Ivar Aasen-bygget skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma.
Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

3. EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik kostnadsramme og finansiering:

Kostnader	
Samla pakke	***56,0 mill eks mva***
Tredje etg Aasenbygget (råbygg)	***16,0 mill " "***
- reduksjon EPC-Aasenbygget	***9,0 mill " "***
Intern oppfølgingskostnader	***2,0 mill " "***
Sum kostnadsoverslag	***65,0 mill eks mva***
Mva av 63 mill	***15,8 mill***
Sum kostnadsoverslag	***80,8 mill inkl mva***

Finansiering	
Eigenandel	***5,9 mill***
Mva-kompensasjon	***15,8 mill***
Tilskot Enova	***3,5 mill***
Lån	***55,6 mill***
Sum finansiering	***80,8 mill***

Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.

5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. eks mva. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

6. Kommunen forutsetter tilsagn om Enova støtte før kontrakt blir inngått.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen orienterte. Konst. teknisk sjef Kjell Magne Rindal svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom Alternativ A og Alternativ B. Alternativ A fekk ei røyst (Margrete Bjerkvik) og fall. Alternativ B fekk åtte røyster og vart vedteke.

Tilråding i formannskapet - 10.05.2016 til kommunestyret:

Alternativ B

1. *Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.*

   Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

2. *Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3 etasje vert kalkulert til kr 7 mill.*

   Under føresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i utbyggingskontrakten. Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysing etter lov om offentleg innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.

   Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling bruken av bygget og finansiering av innreiing.

3. *EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik kostnadsramme og finansiering:*

Kostnader	
Samla pakke	*56,0 mill eks mva*
Tredje etg Aasenbygget (råbygg)	*16,0 mill " "*
- reduksjon EPC-Aasenbygget	*9,0 mill " "*
Intern oppfølgingskostnader	*2,0 mill " "*
Sum kostnadsoverslag	*65,0 mill eks mva*
Mva av 63 mill	*15,8 mill*
Sum kostnadsoverslag	*80,8 mill inkl mva*

Finansiering	
Eigenandel	*5,9 mill*
Mva-kompensasjon	*15,8 mill*
Tilskot Enova	*3,5 mill*
Lån	*55,6 mill*
Sum finansiering	*80,8 mill*

   Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. *Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.*

5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. eks mva. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

Administrasjonen si tilråding:

Alternativ A

1. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Herav vert prosjekt for 5,4 mill lyst ut som eigne prosjekt, medan 50,6 mill utgjer kontrakt med NEE i samsvar med terskelverdien for offentleg innkjøp. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.

   Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

2. EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik finansiering:

Kostnader	
Samla pakke (50,6 + 5,4)	56,0 mill eks mva
Intern oppfølgingskostnader	2,0 mill " "
Sum kostnadsoverslag	58,0 mill " "
Mva av 56 mill	14,0 mill
Sum kostnadsoverslag	72,0 mill inkl mva

Eigenandel	5,9 mill
Tilskot Enova	3,5 mill
Lån	48,6 mill
Mva-komp	14,0 mill
Sum finansiering	72,0 mill

   Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.

5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. vert gjennomført som eigne

prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

Alternativ B

1. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.

   Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

2. Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3 etasje vert kalkulert til kr 7 mill.

   Under føresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i utbyggingskontrakten. Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysing etter lov om offentleg innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.

   Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling bruken av bygget og finansiering av innreiing.

3. EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik kostnadsramme og finansiering:

Kostnader	
Samla pakke	56,0 mill eks mva
Tredje etg Aasenbygget (råbygg)	16,0 mill " "
- reduksjon EPC-Aasenbygget	9,0 mill " "
Intern oppfølgingskostnader	2,0 mill " "
Sum kostnadsoverslag	65,0 mill eks mva
Mva av 63 mill	15,8 mill
Sum kostnadsoverslag	80,8 mill inkl mva

Finansiering	
Eigenandel	5,9 mill
Mva-kompensasjon	15,8 mill
Tilskot Enova	3,5 mill
Lån	55,6 mill
Sum finansiering	80,8 mill

Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets

budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

I Volda kommune er vi kompetente. Vi har mykje kunnskap, og vi veit at den må omsetjast i ein god og forsvarleg praksis skal den ha verdi for dei vi yter tenester til. Vi har gode ferdigheiter, og greier å skape resultat gjennom å motivere, samarbeide og rettleie kvarandre. Vi verdsett personlege eigenskapar som gjer at vi kan framstå med truverd og naturleg autoritet. Vi synleggjer det vi trur på og står for, slik at alle kjenner haldningane våre.

LÆRANDE

Volda kommune er ein lærande organisasjon. Vi er opptatt av kontinuerleg forbetring, og lærar best i kvardagen. Vi veit at kvalitet i tenesta kjem der det er eit samspel mellom alle involverte partar. Vi oppmuntrar til nytenking og applauderar dei som får til ting i lag. Vi har eit leiarskap som er opptatt av utvikling og innovasjon. Hos oss fører ny lærdom til endring av åtferd og praksis.

Visjon for sektoren

«Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer»

Kvalitetsplanen skal hjelpe oss til å tenke og handle heilskapleg for å nå måla våre. Vi har definert ein visjon som speglar eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ønskjer å oppnå. Han skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som jobbar i sektoren. Oppdraget vårt, dei lovpålagte oppgåvene og måla som er nedfelt i rammeplan, læreplanar og andre forskrifter, styrer oss. Dei seier kva vi **må** gjere. Visjonen vår trekker derimot fram det overordna målet vårt, og teiknar opp ein kurs for oss.

Å meistre er å beherske noko, å få til noko, klare noko. Meistring skaper motivasjon og styrker sjølvbiletet. Meistringsoppleving inneber også at andre ser og verdset det ein gjer. Slik er det ein samanheng mellom meistring, verdsetting og sosial deltaking.

Bakgrunn for visjonen

Visjonen vår er formulert med bakgrunn i prosess i eigen organisasjon med blant anna leiarsamlingar og arbeid i personalgruppene. Vi har dessutan sett at regjeringa sin plan for arbeid for barn og ungdom, *Trygghet, deltakelse og engasjement* (desember 2015) går hand i hand med dei tankane som har kome fram i vår eigen prosess i sektoren.

Regjeringa sin plan har følgjande hovudmål: «*Et oppvekstmiljø med trygghet, læring og trivsel for alle*». Planen legg FN sin konvensjon om barn sine rettar (Barnekonvensjonen) til grunn for sitt arbeid med barn og unge og seier at alle barn har rett til ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikle seg ut frå eigne føresetnader. Planen seier vidare at «*alle barn og unge skal ha gode muligheter for utvikling, læring og kvalifisering*» og at «*dette er viktig både for å sikre en trygg og god barne- og ungdomstid, og for å gi barn og ungdom gode fremtidsmuligheter*».

Regjeringa sin barne- og ungdomspolitikk har følgjande fire mål og prinsipp:

- Ein trygg oppvekst i familie og nærmiljø
- Like rettar og muligheiter
- Deltaking og innflytelse
- Gode tilbod og tenester til alle

Utdjuping av visjonen

Å vere trygg handlar om omsorg, om å bli sett og anerkjent som person, samt å utvikle seg og delta i sosialt fellesskap. Dette betyr ikkje berre å høyre til i fellesskapet, men også å oppleve støtte til å etablere og utvikle venskapsrelasjonar i samhandling med andre, noko som er med å skape grunnleggjande tryggleik. Vi ser det som svært viktig at våre tenester bidreg til at barn, unge og vaksne utviklar respekt og toleranse for andre, og at dei som treng støtte og hjelp får det.

For å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge er ein avhengig av at dei tilsette er kompetente og trygge i rollene sine, at dei er genuint interesserte i det einskilde barnet eller ungdomen, ser den einskilde sine behov og gjer dei grepa som må til for å sikre barnet eller ungdomen sine rettar til ein trygg oppvekst.

Trygge, tilgjengelege og kompetente tilsette skal vere til støtte for barn og ungdom i utviklingsprosessen. Eit anerkjennande miljø med tydelege, venlege og stabile tilsette med rett kompetanse gir eit godt utgangspunkt for vekst og utvikling for eit barn.

For barn og ungdom er det å bli verdsett som individ, med sine sterke og svake sider, utviklingspotensiale og behov, avgjerande for vidare vekst og utvikling. Barnehage, skule og SFO er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtillit. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på eigne evner og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen.

Leik er eit viktig verkemiddel for å bygge relasjonar mellom barna og mellom barn-vaksen. Gjennom leik lærer vi kvarandre å kjenne og skaper gode fellesopplevingar. Tillit, tryggleik, fellesskap og meistringsopplevingar blir i mange barnegrupper utvikla gjennom leik.

Kvalitetsplan for sektor for opplæring og oppvekst deler vi inn i desse tre hovudområda:

1. ***Trivsel, deltaking og medverknad***
2. ***Meistring og læring***
3. ***Gode tilbod og tenester***

Med kvalitetsplanen ønsker vi å setje fokus på kor viktig det er at barn, unge og vaksne sektoren yter tenester til vert anerkjente og opplever meistring og tryggleik på alle arenaer, dessutan på medverknad, tidleg innsats og opplevd heilskap i tenestene. Kvalitetsplanen skal bidra til at tilsette opplever tryggleik i eiga yrkesrolle, samt deltek i utviklingsarbeid for å sikre barn og unge sine rettar til eit godt oppvekstmiljø.

For å nå dette treng vi system som sikrar:

- tidleg innsats
- systematisk førebyggande arbeid for å redusere og handsame konfliktar, krenking, mobbing, diskriminering og trakassering
- at barn, unge og vaksne frå språklege minoritetar utviklar tilstrekkeleg norskspråkleg kompetanse
- at tilsette ser den einskilde sine sterke sider og stimulerer til utvikling og meistring i samsvar med evner og behov
- tverrfagleg samarbeid, internt og eksternt
- kompetansebygging og kvalifikasjonar hjå dei tilsette

Det er nedfelt fleire delmål fordelt på dei tre hovudområda, i tillegg til plan for utvikling av tenestene samt ønska resultat.

Alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst er sentrale aktørar i arbeidet med å nå målsetjingane i planen. Tett og godt samarbeid i oppvekstsektoren er avgjerande for å nå måla våre.

1 Trivsel, deltaking og medverknad

Sektoren skal arbeide førebyggande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Alle barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Delmål

- Barn og unge trivst, deltek og er inkluderte i fellesskapet
- Sektoren legg vekt på å utvikle venskap, respekt og toleranse, og å bygge sterke relasjonar mellom barn, unge og vaksne, samt styrke samhandlingskompetansen til den einskilde
- Sektoren legg vekt på å førebygge sjukdom og skade og fremje god fysisk og psykisk helse
- Sektoren har nulltoleranse for krenking, mobbing, diskriminering og trakassering
- Barn og unge blir høyrde og synspunkta deira blir vektlagde

Systematisk arbeid skal sikre alle barn, unge og vaksne i sektoren eit godt psykososialt miljø. Tilsette må ha kompetanse til å arbeide aktivt og godt med førebyggande miljøarbeid, i tillegg til å ha kunnskap om kva ein ser etter for å avdekke krenkande åtferd, korleis ein stoppar slike handlingar, samt korleis ein skal følgje opp både personar som er utsette for krenkande åtferd og personar som har slik åtferd.

For å lukkast i arbeidet mot mobbing, treng vi systematisk arbeid i alle ledd, og tett samarbeid med føresette undervegs, der PPT og helsestasjon gir rettleiing til barnehagar og skular. Miljø som viser konsekvent og felles vaksenrolle i høve til barn og unge, der den einskilde si oppleving av miljøet blir tatt på alvor og der leiinga tydeleg signaliserer at det psykososiale miljøet er viktig, er òg miljø der ein opplever minst mobbing og negativ åtferd frå barn og unge.

Førebyggande miljøarbeid må ha eit sterkt fokus i alle foreldregrupper og rådsorgan i barnehage og skule. Barn og unge si stemme skal kome tydeleg fram i førebyggande arbeid og i einskildsaker, og elevråda og ungdomsrådet skal vere aktive bidragsytarar i arbeidet.

Sektoren ønsker å bidra til at barn og unge får ein aktiv og helsefremjande oppvekst, med leik og moro, fellesskap og glede. Fokus på glede over fysisk aktivitet saman med sunt kosthald må starte tidleg. Ved å ha eit helsefremjande fokus kan ein danne grunnlaget for gode vanar og livslang læring. Fysisk aktivitet er naudsynt for normal vekst og utvikling og viktig for å oppretthalde god funksjonsevne gjennom heile livet. Gjennom tverrfagleg samarbeid må ein arbeide systematisk for at fleire skal ha god psykisk helse og trivsel i kvardagen. Det å høyre til i fellesskapet er viktig, samt at ein arbeider aktivt mot mobbing og utanforskap.

Barn og unge sin rett til medverknad på alle forvaltningsnivå er nedfelt i Barnekonvensjonen. Ein trygg og god oppvekst skal inkludere rom for å kunne medverke og ytre sine eigne meiningar, deltaking i demokratiske prosessar, samt oppleving av respekt og aksept for eigen person. Ved å gi dei unge rom for deltaking og reell medverknad, vil ein dessutan kunne skape engasjement og eigarskap til barnehage og skule. Sektoren skal gi barn, unge og vaksne øving og opplæring i medverknad, og dessutan syte for at dei demokratiske organa som sikrar medverknad frå foreldre og elevar fungerer godt og vert brukte.

Utvikling av tenestene

- Sikre systematisk arbeid for gode læringsmiljø bl.a. ved å vidareføre Voldaprosjektet og å nytte andre kompetansetiltak
- Styrke det sosiale fellesskapet i avdelingane og klassane bl.a. ved å bruke førebyggande program aktivt i alle skular
- Vidareutvikle bruken av barnesamtalar i barnehagane
- Aktive rådsorgan: Elevråd, FAU, SU, SMU og kommunalt ungdomsråd
- Klare rutinar for korleis krenkande åtferd skal førebyggast, avdekkast og handterast
- Nytte foreldreportal i oppvekstadministrativt program
- Styrke ressurs til helsesøster i barnehage og skule
- Styrke PPT sin kapasitet for rettleiing til barnehage og skule

Ønska resultat

- Auka trivsel og sosial kompetanse
- Auka aktivitet; betre fysisk helse - betre psykisk helse
- Tidleg avdekking og oppfølging av risikofaktorar
- Færre opplever krenkingar, mobbing, diskriminering og trakassering
- Auka oppleving av å høyre til i fellesskapet

Voldaprosjektet er ein del av forskingsprosjektet "Barn i Midt-Norge".
Målet med prosjektet er:

1. Gi personalet auka kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagealder
2. Evaluere for å sjå effekten av kompetanseutviklinga
3. Få meir kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagealder

2 Meistring og læring

Alle barn, unge og vaksne sektoren yter tenester til skal ha like moglegheiter til å utvikle evnene sine. For å lukkast med det, må ein arbeide aktivt for at alle skal tileigne seg eit rikt og variert erfaringsrepertoar knytt til eiga meistring. Tilsette må legge til rette for at alle får gode erfaringar i å lukkast i kvardagen. Dei som har erfaring i å meistre vil kunne stole på eigen kapasitet, vere motivert for å ta fatt på oppgåva og utvikle tru på eigen kompetanse. Det er desse som får flest positive erfaringar knytt til eiga læring og meistring. Gjennom støtte og oppmuntring, samt utfordringar som er tilrettelagt den einskilde, skal dei tilsette bidra til at alle barn, unge og vaksne opplever motivasjon for og glede over eiga meistring i det daglege.

Delmål:

- Tilsette legg vekt på å stimulere og synleggjere ressursane til alle barn, unge og vaksne
- Barn, unge og vaksne trivst og opplever meistring, både fysisk, sosialt, emosjonelt og kognitivt
- Barn, unge og vaksne har mogelegheit til å delta og bruke evnene sine uavhengig av sosial, økonomisk og etnisk bakgrunn.
- Barn, unge og vaksne frå språklege minoritetar får god og effektiv opplæring i norsk

For å nå desse målsetjingane, må tilsette legge til rette for at kvar einskild får oppleve meistring ut frå sitt potensiale. Det sentrale her vil vere å skape eit godt grunnlag for å lukkast, for slik å gje oppleving av meistring. Dei fleste som meistrar ei oppgåve, vil utvikle positive haldningar og interesser for temaet eller oppgåva. På same tid vil det føre til auka sjølvtillit. Desse haldningane kan føre til eit positivt løft for vidare læring, kanskje òg for andre tema eller fagområde. Vi må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse i å lære, motivere dei og hjelpe dei til å utvikle strategiar for å handtere utfordringar, evaluere seg sjølv, utvikle forståing for at læring krev innsats og uthald, slik at dei etter kvart kan utvikle haldningar og forventningar om at «*Eg kan lære!*»

I eit trygt miljø vil fleire våge å ta fatt på nye utfordringar. Gjer ein feil, så lærer ein likevel noko verdifullt undervegs. Det er dei tilsette som er ansvarlege for at barn og unge opplever eit trygt læringsmiljø. Dei må arbeide for å etablere ein tillitsfull og god dialog med alle barn, unge og vaksne og deira familiar, ein dialog som er kjenneteikna av anerkjennande kommunikasjon med interesse for den andre part. Alle barn, unge og vaksne skal oppleve at dei tilsette bryr seg om dei, tar dei på alvor og vil gjere sitt beste for å støtte opp om vidare vekst og utvikling.

Vidare må det fysiske og psykiske miljøet vere slik at det er godt å vere der. Her vil samspelet mellom dei tilsette og barn/elevar spele ei avgjerande rolle. Forsking viser at læraren si evne til å etablere eit godt sosialt miljø, skape ro og orden, legge vekt på læring, gi variert undervisning og gode tilbakemeldingar, samt samarbeide tett og godt med heimen, er viktige faktorar for å fremje læring.

Språk er viktig for opplæring, utvikling, integrering og arbeid mot utanforskap. Språk er særleg viktig for dei med anna morsmål enn norsk. For at barn, unge og vaksne frå språklege minoritetar raskt skal tileigne seg norsk språk, og raskt skal bli integrert i sitt lokalmiljø, må språkopplæringa skje i nært samspel med aktivitetar der språket blir praktisert i naturlege samanhengar. Barn og unge frå språklege minoritetar skal, når dei kjem til Volda kommune, få tilbod om opplæring utan ugrunna opphald, og skal så snart som mogleg integrerast i ordinært opplæringsløp.

Helsestasjon, barnehage, skule og SFO er førebyggande og helsefremjande tenester der ein har fokus på tidleg innsats på alle område. Med tidleg innsats meiner vi at barn, unge og deira familiar skal få rett hjelp til rett tid, på rett stad, og så tidleg som mogleg. Med det meiner vi så tidleg som mogleg i barnet si utvikling, men også så tidleg som mogleg når hendingar og/eller vanskar oppstår, uavhengig av alder.

Tidleg innsats inneber førebyggande arbeid i tenestetilboda, og at adekvat hjelp vert gitt før vanskar vert komplekse og fastlåste. Tidleg avdekking av risikofaktorar er viktig for å sikre barn og unge hjelp tidleg. Avhengig av type risikofaktor, vil føresette få tilbod om rettleiing hos helsestasjon, PPT, hos andre avdelingar i kommunen, t.d. barnevern, eller hos eksterne samarbeidspartar.

Opplæring og oppvekst har slik strategi for tidleg innsats:

- ***Universalførebyggande tiltak for alle barn og føresette for å hindre at vanskar oppstår.***
- ***Selektive tiltak for barn og føresette med risiko for å utvikle vanskar.***
- ***Indikative tiltak for barn og føresette med behov for særskilte tiltak.***

Alle barn skal gjennom fleire omfattande overgangsprosessar i løpet av barne- og ungdomstida. Ved barnehagestart, ved skulestart, mellom ulike avdelingar, barnehagar, skular og mellom ulike skuleslag. Forsking viser at alle slike overgangar kan påverke sjølvbilete og seinare livskompetanse. Det er derfor viktig at alle overgangar vert opplevde som gode for både barn og føresette.

Utvikling av tenestene

- Vidareutvikle rutinar for arbeidet med barn og unge frå språklege minoritetar
- Styrke tverrfagleg samarbeid gjennom aktiv bruk av ressursteamet
- Satsing på å gjere undervisninga i skulen praktisk, variert og motiverande
- Heve kvaliteten på leseopplæringa, ved blant anna å innføre ny metode med raskare bokstavinnlæring og ved vidare bruk av SOL, systematisk observasjon av lesing.
- Vidareutvikle vurderingspraksisen i skulane, blant anna ved å trekke erfaringar frå prosjektperioden i *Vurdering for læring*
- Evaluere og vidareutvikle rutinar for alle overgangar med fokus på erfaringsutveksling og sikre samanheng og progresjon i læringsinnhaldet
- Etablere tettare samarbeid med vidaregåande skule i høve overgang
- Satsing på arbeidslivsfag i ungdomsskulen
- Vidareutvikle alternative opplegg for elevar med særskilde behov
- Utarbeide rutinar for tidleg innsats i barnehage og skule

Ønska resultat

- Betre psykisk helse hjå barn, unge og vaksne
- Avdekking av lese-, skrive- og lærevanskar på eit tidleg stadium
- Betre tilpassa opplæring
- Auka læringsutbyte fagleg og sosialt
- Fleire barn og unge får utbyte av det ordinære tilbodet.
- Betre integrering av barn og unge frå språklege minoritetar
- Auka deltaking i vidare utdanning og arbeidsliv
- Redusert fråfall i vidaregåande opplæring

Ressursteamet er ei av kommunen sine satsingar på tidleg innsats overfor barn og unge med psykososiale vanskar. Ressursteamet er eit samarbeid mellom skule, barnehage, heim, PPT, barnevern, helsesøster og kommunepsykolog.

Ressursteamet skal bidra til auka forståing gjennom tverrfagleg tilnærming, gje rettleiing til heim og barnehage/skule, vurdere tilvising til andre instansar og fordele ansvar for oppfølginga av barnet/eleven.

Vurdering for læring er ei nasjonal satsing der skulane skal vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål.

3 Gode tilbod og tenester

Sektor for opplæring og oppvekst er ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling har fokus. Dette må ligge i botn for at vi skal kunne sjå kvar einskild og møte behova deira.

Det er viktig for tryggleik, trivsel og utvikling at ein møter godt kvalifiserte tilsette som gjennom å nytte utvalde metodar og program syter for at den einskilde får den oppfølginga ein treng. Rett hjelp og oppfølging til rett tid er eit sentralt mål.

For å lukkast med målsetjingane for dette tiltaksområdet, er kompetansen til dei tilsette avgjerande.

Lærande organisasjonar er organisasjonar der deltakarane er engasjerte i å skape og dele kunnskap om korleis dei best kan nå organisasjonen sine mål og ønska resultat. I slike organisasjonar vert dei tilsette stimulerte til å sjå ting på nye måtar og kontinuerleg utforske korleis ein kan lære saman.

Delmål

- Barn, unge og vaksne har tilgang på gode tilbod og tenester
- Barn, unge og vaksne møter tilgjengelege tilsette med rett kompetanse som er trygge i rollene sine
- Sektoren legg vekt på samhandling og dialog
- Alle tilsette opplever eit inspirerande arbeidsmiljø, fritt for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering

- Sektoren sin innsats til dei med særskilde hjelpebehov er prega av tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt, med tanke på å utvikle ei heilskapleg oppfølging av kvar einskild som har behov for kommunen sine hjelpetenester
- Sektoren nyttar kunnskapsbaserte metodar og program som følgjer sentrale tilrådingar
- Sektoren har infrastruktur, IKT-utstyr og –system som
    - motiverer til læring
    - stettar lov og forskrifter i høve utvikling av barn og unge sine digitale ferdigheiter i barnehage og skule
    - fungerer som ein god støttefunksjon for alle tilsette i sektoren

Sektoren ønsker å legge til rette for at dei tilsette er trygge i arbeidet sitt. Gjennom oppfølging og tverrfagleg samarbeid får tilsette gjensidig støtte til å utvikle vaksenrolla si.

Sektoren skal gi støtte i høve utfordringar som barn og unge møter i dag, til dømes utfordringar knytt til:

- Kunnskapssamfunnet som skaper utanforskap om ein ikkje lukkast på skulen
- Utdanning og framtidig yrkesutdanning - å gjennomføre vidaregåande skule
- Oppleving av stress og det å ikkje strekke til
- Kroppsbilete
- Einsemd og lite deltaking i organiserte aktivitetar
- Generell velstandsauke versus barnefattigdom

Vi vil vere med å skape eit utviklande og inkluderande oppvekstmiljø, utan omsyn til bustad, kjønn, sosial bakgrunn, etnisk opphav eller funksjonsevne.

I eit slikt miljø skal helsestasjon, barnehagar, skular og SFO gi god støtte, fagleg og sosialt, til kvart einskild barn og kvar einskild ungdom slik at dei kjenner seg verdsett. Barnehage- og skulemiljøet kan slik verke som ein beskyttande faktor, ein arena der venskap og god sjølvkjensle oppstår og utviklar seg.

Tilsette i sektoren må ha kompetanse og ferdigheiter til å nytte pedagogiske verkty som skaper gode opplevingar av meistring for den einskilde, og som møter barn, unge og vaksne sine behov på ein aktiv måte. Ein slik kompetanse må inkludere både relasjonskompetanse og kompetanse knytt til tidleg innsats og tilpassa opplæring. Skal vi lukkast med meir sosial utjamning, må vi møte den einskilde med høge og realistiske forventingar. På same tid må barn som ikkje har tilfredsstillande læringsutvikling fangast opp på eit tidleg tidspunkt. Tidleg innsats må innebere både vurdering av barnet eller eleven sin kompetanse, samt oppfølging i ettertid. Dette krev at våre tilsette kan bruke eit profesjonelt skjøn for å avgjere kva for tiltak som skal setjast inn. Om dei tilsette på eit tidleg stadium har for lave forventningar til eit barn si utvikling og meistring, kan dette verke negativt inn på seinare faglege moglegheiter.

Dei daglege møtepunkta mellom føresette og tilsette ved helsestasjon, i barnehage, skule og SFO og er viktige for å førebygge vanskar. Vi skal legge vekt på dialog og samarbeid med føresette. Dessutan skal vi ha klare målsetjingar og system for, samt forventningar til samarbeidet med heimen. Slik kan vi undersøkje korleis føresette opplever kvaliteten på samarbeidet, noko som vil gi eit godt utgangspunkt for å skape gode oppvekstmiljø.

Sektor for opplæring og oppvekst ønskjer god samhandling mellom dei ulike faggruppene og avdelingane. Samhandling handlar om den gjensidige relasjonelle deltakinga og engasjementet i den kontinuerlige dialogen mellom personane som arbeider saman for å oppnå eit felles mål.

Samhandling inneber gjensidig forståing og tilpassing mellom eigne og andre fagfolk sine arbeidsoppgåver. Formålet med å handle saman er å sikre flyt i arbeidsprosessane slik at brukarane opplever samanheng i tenester og tiltak. Denne samhandlinga baserer seg på tillit, gjensidigheit og likeverd, samt ei felles forståing om kva det skal samhandlast om og kvifor.

Sektoren har gode erfaringar med nettverksarbeid på mange område, der noko av suksessen ligg i det å dele erfaringar og lære av kvarandre. Siste åra har arbeidsplassbasert kompetanseutvikling vore prøvd ut i stor grad i barnehagar og skular. Kvar enkelt tilsett vert utfordra til å sjå på eigen praksis, gjere undersøkingar og dele erfaringane sine med andre undervegs. Slik utviklar og forbetrar vi eigen praksis. Vi ønskjer å utvikle denne modellen vidare og integrere han i alle avdelingar og einingar.

Digital kompetanse er i dag ein føresetnad for å delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv. For å klare å følgje opp forskrifter og rammeverk i høve IKT treng vi eit løft i sektoren, både med omsyn til kompetanse, infrastruktur og utstyr.

Utvikling av tenestene

- Sikre kompetansetiltak for tilsette i høve vaksenrolla, relasjonsbygging, tidleg innsats, tilpassa opplæring, vurdering for læring, læringsleiing, fleirkulturelt mangfald.
- Nytte miljøterapeutisk kompetanse i skulen
- Alle einingar skal vere lærande fellesskap kjenneteikna ved god tilrettelegging for erfaringsdeling. Det skal reflekterast over god praksis i fellesfora, i team eller avdelingar og i faggrupper.
- Sektoren bruker kunnskapsbaserte metodar og program
- Alle einingar skal ha fokus på nærvær og arbeidsglede og aktivt følgje opp rutinar for Inkluderande Arbeidsliv (IA) og plan for helse, miljø og sikkerheit (HMS).
- Kvar eining skal ha eit system for å følgje opp medarbeidarane
- Felles system for prosedyrar og rutinar skal jamleg oppdaterast
- Sektoren skal ha eit system for oppfølging av kvalitet som:
    - fører til utvikling
    - gir fagleg støtte
    - gir breitt innsyn i einingane sitt arbeid og resultat.
    - legg til rette for god dialog mellom brukar, personale og eigar og også mellom einingar
    - avdekkjer og lukkar avvik
- Volda kommune skal ha
    - god pedagogisk bruk av IKT i barnehage og skule som motiverer til læring
    - personale med god digitaldidaktisk kompetanse
    - godt utstyr og pedagogisk programvare til bruk i barnehage og skule

Ønska resultat

- Autoritative vaksne i barnehage og skule
- Tett foreldresamarbeid

- Godt tverrfagleg samarbeid – opplevd heilskap i tenestene frå kommunen
- Auka trivsel i barnehage og skule
- Auka læring i barnehage og skule
- Avdekking av lese-, skrive- og lærevanskar på eit tidleg stadium
- Føresette til barn med særskilde behov opplever at barna deira får ei heilskapleg oppfølging frå hjelpetenesta i kommunen
- Tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og dugleik knytt til aktuelle tiltak/program/metodar innan sitt virke
- Barn og unge utviklar digital kompetanse som er nødvendig for å delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv

Autoritative vaksne er vaksne som skaper trygge, tillitsfulle relasjonar, utøver varm grensesetting med føreseielege reglar og tydelege beskjedar, samtidig som dei stiller realistiske krav og forventningar.

Kjelder

Bandura, Albert (1997): Self-efficacy: The exercise of control. New York: W.H. Freeman and company.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2015): Trygghet, deltakelse og engasjement.

Befring, Edvard og Reidun Tangen (2012): Spesialpedagogikk. Cappelen Akademiske Forlag.

FN sin konvensjon om barn sine rettar: http://www.fn.no/FN-informasjon/Avtaler/Menneskerettigheter/FNs-konvensjon-om-barnets-rettigheter-barnekonvensjonen

Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter: https://www.regjeringen.no/contentassets/2b16dd79c34f46e49aa580b48b955af8/samlet-plan-for-barn-og-unge.pdf

Kunnskapsdepartementet (2015): NOU 2015:2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø.

Barnehageloven: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova

Folkehelseloven: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29

Helse- og omsorgstjenesteloven: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30

Helsepersonelloven: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64

Introduksjonsloven: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80

Opplæringslova: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/

Pasient- og brukerrettighetsloven: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63

Rammeplan for barnehagen: http://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/

Redd barna (2016): http://www.reddbarna.no/elevenesmening/til-laerere/hvordan-faa-til-elevmedvirkning/voksenrollen-er-viktig

St. meld. nr. 16 (2006-2007): … og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring. https://www.regjeringen.no/contentassets/a48dfbadb0bb492a8fb91de475b44c41/no/pdfs/stm200620070016000dddpdfs.pdf

St. meld. nr. 31 (2007-2008): Kvalitet i skolen. https://www.regjeringen.no/contentassets/806ed8f81bef4e03bccd67d16af76979/no/pdfs/stm200720080031000dddpdfs.pdf

http://www.kulturskoleradet.no/_extension/media/260/orig/2014%2008_Rammeplan_for_kulturskolen.pdf

http://www.ntnu.no/rkbu/voldaprosjektet

https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/650/Utviklingsstrategi-for-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten-IS-1798.pdf

Volda kommune

Arbeidshefte

Innspel til oppvekstplanen frå driftsstyret og alle einingane i sektoren

Opplæring og oppvekst
Våren 2016

Innhald

Om oppvekstplanen 2
Om arbeidsheftet 2
Fokusområde 3
Visjon og verdiar 4
Fokusområde 1: Samhandling 6
Fokusområde 2: Kompetansebygging 7
Fokusområde 3: Førebygging 8
Fokusområde 4: Kvalitetsstyring 10
Fokusområde 5: IKT 12

Om oppvekstplanen

Planprogrammet til samfunnsdelen av kommuneplanen lister opp planar, rapportar og utgreiingar som kan verte aktuelle å lage, og nemner her oppvekstplan. I sektor for opplæring og oppvekst sitt målkart 2016 er eitt av måla å utarbeide oppvekstplan for sektoren.

Ein ser for seg eit grunnlagsdokument som seier noko om tenestene vi yter for barn og unge i Volda. Dette vil fungere som ein felles plattform for heile sektoren med blant anna ein visjon, verdiar, mål og nokre overordna tiltak.

På leiarsamling for sektoren i september 2015, brukte leiarane SWOT som analysereiskap til å identifisere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar for sektoren. Med utgangspunkt i denne SWOT-analysen såg ein konturar av mulege felles målsetjingar for sektoren, og det peika seg ut nokre fokusområde ein ser at sektoren bør arbeide for å vidareutvikle og kvalitetssikre. Det er hensiktsmessig å bruke resultata frå leiarane si SWOT-analyse som ein bakgrunn for vidare arbeid med oppvekstplanen.

Ein ønskjer vidare at alle nivå i sektoren får vere med å uttale seg i arbeidet med å utarbeide oppvekstplanen.

Om arbeidsheftet

Driftsstyret gjorde i møte 02.12.15 bl.a. følgjande vedtak:

> *Administrasjonen vert beden om å legge til rette for at driftsstyret får ta aktivt del i det vidare arbeidet med oppvekstplanen. Driftsstyret ber administrasjonen om å kome attende til organisering av arbeidet med oppvekstplanen og utarbeide eit arbeidsdokument til bruk i den vidare prosessen.*

Administrasjonen har derfor utarbeidd dette arbeidsheftet og håper at det vil utfordre driftsstyret og alle tilsette i sektoren til å kome med innspel om Opplæring og oppvekst sine tenester. Innspela vert viktige i det vidare arbeidet med utarbeiding av oppvekstplan.

Ved å sende inn svar på spørsmål i dette arbeidsheftet vil ein bidra med sine tankar og meiningar om dei ulike fokusområda. Ein treng ikkje svare på alt for å kunne sende inn innspel. Sjølv om de berre har nokre få ord, er det verdt mykje. Det er også høve til å kome med tankar om andre emne innafor Opplæring og oppvekst enn dei som kjem fram i arbeidsheftet.

Alle innspela skal sendast til vibeke.berge@volda.kommune.no.

Fokusområde

I forarbeidet med oppvekstplanen har vi følgjande fem fokusområde:

1. Samhandling
2. Kompetansebygging
3. Førebygging
4. Kvalitetsstyring
5. IKT

I tillegg til at desse fem fokusområda får eit kapittel kvar i arbeidsheftet, vil også visjon og verdiar få eit kapittel.

Visjon og verdiar

Verdiar seier noko om det som er viktig for deg som enkeltperson, eller for bedrifta eller organisasjonen du er ein del av.

Omgrepet *visjon* fortel noko om ein framtidsdraum, eit hovudmål eller eit langtidsmål og kan fungere som ei ledestjerne.

> *Drivkraften i den rette visjon gir mennesker energi og hengivenhet, skaper mening i medarbeidernes liv, setter mål for kvalitet og bygger bro mellom nåtid og fremtid.*
>
> *- Burt Nanus -*

Ein visjon kan vere eit mentalt bilde av ein framtidig ønska situasjon, fleire år fram i tid, eller eventuelt det målet som settast lengst fram i tid.

> *Vi skal sende en mann til månen og bringe ham tilbake til jorden i live, før dette tiårets slutt.*
>
> *- John F. Kennedy (1961)-*

Oppvekstplanen skal hjelpe oss til å tenke og handle heilskapleg for å nå måla våre. Men då treng han ei «overskrift», ein visjon, som definerer kvar og kva vi ønskjer å vere og gjere i framtida. Visjonen bør spegle eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ønskjer å oppnå. Han skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som jobbar i sektoren - og også for brukarane våre.

Oppdraget vårt, dei lovpålagte oppgåvene, og måla som er nedfelt i rammeplanar, læreplanar og andre forskrifter, styrer oss. Dei seier kva vi MÅ gjere. Visjonen vår kan derimot trekke fram det overordna målet vårt, og teikne opp ein kurs for oss.

Ein god visjon er ein nyttig og nødvendig vegvisar. Ein god visjon gir oss ei klart definert retning som minner oss om kva vi vil, kvar vi skal og korleis vi kan kome dit. Og ikkje minst: Kva den enkelte av oss kan bidra med – i staden for å vente på at «nokon andre» skal gjere det vi håper. Alternativet er ofte stillstand.

Ein god visjon må vere gjennomførbar, truverdig og realistisk. Vi må oppleve at vi maktar det han oppfordrar oss til, at det er verdt det, at det nyttar.

Ein god visjon klarer å samkøyre optimismen med realismen.

Døme på visjonar:

Norwegian	Alle skal ha råd til å fly
Posten Norge	Verdens mest framtidsrettede post- og logistikkonsern
Redd Barna	En verden der alle barns rett til overlevelse, beskyttelse, utvikling og deltakelse er innfridd
Statoil	Vi skal fortsatt flytte grenser (Crossing energy frontiers)
Hurtigruta	Verdensledende på oppdagelsesreiser
Telenor	Telenor er til for å gi kundene fullt utbytte av kommunikasjonstjenester i dagliglivet. Vi er her for å hjelpe deg.
Aker Solutions	To be the preferred partner for solutions in the oil and gas industry through living our values

Ein visjon bør vere kort, og kan gjerne ha nokre av desse kjenneteikna:

- Gir energi og arbeidsglede
- Appellerer til intuisjon og rasjonalitet
- Peiker ut retning – kvar skal vi?
- Er eit samlingsmerke
- Er ein grunn til å gå på arbeid kvar dag – gir meining
- Er barrierebrytande

Noko å svare på:

- **Kva for haldningar og indre innstillingar driv oss i Opplæring og oppvekst?**
- **Kva for verdiar vil vi ta vare på og forsterke?**
- **Kva for verdiar vil vi innføre?**
- **Har du ein idé om kva slags visjon som vil trigge deg i ditt arbeid?**
- **Kva for aktuelle stikkord kan passe inn i ein visjon for Opplæring og oppvekst?**

Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!

Fokusområde 1: Samhandling

- innafor kvar enkelt eining
- innafor sektoren
- med andre sektorar
- med politisk nivå
- med heimane
- med eksterne samarbeidspartar

Samarbeid er å arbeide aleine ilag med andre for å løyse ei konkret oppgåve. Arbeids-oppgåvene er fordelte mellom deltakarane, og kvar person er forplikta og ansvarleg for sin del av oppgåva for å oppnå eit felles mål.

Samhandling er å arbeide ilag med andre. Omgrepet vert ofte brukt om koordinering og gjennomføring av aktivitetar i ein prosess der ingen enkeltperson eller institusjon har totalansvar for prosessen, til dømes å lande eit fly. Samhandling handlar altså om den gjensidige relasjonelle deltakinga og engasjementet i den kontinuerlige dialogen mellom personane som arbeider saman for å oppnå eit felles mål.

Personar kan samarbeide utan at der er samhandling. Ein tek ikkje avgjersler saman, men kvar for seg. Ein fordeler arbeidsoppgåver og utfører dei aleine. Ein lagar avtalar, men gjer arbeidet kvar for seg.

Samhandling inneber gjensidig forståing og tilpassing mellom eigne og andre fagfolk sine arbeidsoppgåver. Formålet med å handle saman er å sikre flyt i arbeidsprosessane slik at brukarane opplever samanheng i tenester og tiltak. Denne samhandlinga baserer seg på tillit, gjensidigheit og likeverd, samt ei felles forståing om kva det skal samhandlast om og kvifor.

I Opplæring og oppvekst har vi sett stor framgang på både samarbeid og samhandling etter at fleire avdelingar vart slått saman til ein sektor. Samtidig ser vi stadig fleire område der det er samhandlingspotensiale.

Noko å svare på:

- **Kva for samhandlingsarenaer har vi i dag som vi bør ivareta?**
- **Kva er dei største utfordringane våre når det gjeld samhandling i dag?**
    - **innafor kvar enkelt eining**
    - **innafor sektoren**
    - **med andre sektorar**
    - **med politisk nivå**
    - **med heimane**
    - **med eksterne samarbeidspartar**
- **Kva er dei største potensiala for samhandling som vi bør ta tak i?**

Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!

Fokusområde 2: Kompetansebygging

- til beste for det enkelte barnet
- for framtida
- med eit kollektivt blikk

Opplæring og oppvekst har god fagkompetanse til å møte barn og unge sine oppvekstvilkår i dag og vi er opptekne av å ha rett kompetanse på rett stad til rett tid, noko som er viktig for det enkelte barn. Å ha detaljert kompetanseoversikt og å planlegge godt er avgjerande for at vi framleis skal klare å vere der vi vil i høve til kompetanse.

Vi har gode erfaringar med nettverksarbeid på mange område, der noko av suksessen ligg i det å dele erfaringar og lære av kvarandre. Siste åra har arbeidsplassbasert kompetanse-utvikling vore prøvd ut i stor grad i skular og barnehagar. Kvar enkelt tilsett vert utfordra til å sjå på eigen praksis, gjere undersøkingar og dele erfaringane sine med andre undervegs. Slik utviklar og forbetrar vi eigen praksis. Vi ønskjer å utvikle denne modellen vidare og integrere han i alle avdelingar og einingar.

Noko å svare på:

- **Korleis nytte den kompetansen vi har på best mogleg måte?**
- **Kva for type kompetanse treng vi i framtida**
  - **på helsestasjonen**
  - **i barnehagane**
  - **i skulane**
  - **i kulturskulen**
  - **på læringssenteret**
- **Korleis sikre at alle tilsette har god relevant kompetanse m.o.t eigne arbeidsoppgåver?**
- **Korleis kan ein utvikle og betre delingskulturen vår**
  - **innafor kvar enkelt eining**
  - **innafor sektoren**
  - **med andre sektorar**
  - **med politisk nivå**
  - **med heimane**
  - **med eksterne samarbeidspartar**

Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!

Fokusområde 3: Førebygging

- Tidleg innsats
    - i svangerskapsomsorga og helsestasjonstenesta
    - i barnehagen
    - i skulen
- Bruke universalførebyggande program
- Sikre alle overgangar

Opplæring og oppvekst ønskjer å vere ei førebyggande og helsefremjande teneste der ein har fokus på tidleg innsats på alle område.

Med *tidleg innsats* meiner vi at barn, unge og deira familiar skal få rett hjelp til rett tid, på rett stad, og så tidleg som mogleg. Med det meiner vi så tidleg som mogleg i barnet si utvikling, men også så tidleg som mogleg når hendingar og/eller vanskar oppstår, uavhengig av alder.

Tidleg innsats inneber førebyggande arbeid i tenestetilboda, og at adekvat hjelp vert gitt før vanskar vert komplekse og fastlåste.

Opplæring og oppvekst har slik strategi for tidleg innsats:

- Universalførebyggande tiltak for ***alle*** barn og føresette for å hindre at vanskar oppstår.
- Selektive tiltak for barn og føresette med risiko for å utvikle vanskar.
- Indikative tiltak for barn og føresette med behov for særskilte tiltak.

Alle barn skal gjennom fleire omfattande overgangsprosessar i løpet av barne- og ungdomstida. Ved barnehagestart, ved skulestart, mellom ulike barnehagar, skular og mellom ulike skuleslag. Forsking viser at alle slike overgangar kan påverke sjølvbilete og seinare livskompetanse. Det er derfor viktig at alle overgangar vert opplevd som gode for både barn og føresette. Opplæring og oppvekst jobbar for å gjere desse overgangane så gode som mogleg for alle barn og unge i Volda.

Noko å svare på:

- **Kva er vi gode på når det gjeld førebygging i Volda?**
- **Kva er vi gode på når det gjeld helsefremjande arbeid i Volda?**
- **Kva er dei største utfordringane våre når det gjeld førebygging?**
- **Kva er dei største utfordringane våre når det gjeld helsefremjande arbeid?**
- **Korleis sikre at ein oppdagar barn med spesielle utfordringar tidsnok til å kunne sette i gang hjelpetiltak som verkar/er til nytte?**

- **Kva er kjenneteikn på eit godt tverrfagleg samarbeid?**
- **Kva betyr ordet meistring for deg?**
- **Korleis sikre gode overgangar**
    - **ved barnehagestart**
    - **mellom ulike barnehagar**
    - **mellom barnehage og skule**
    - **mellom ulike skular**
    - **mellom ulike skuleslag**

Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!

Fokusområde 4: Kvalitetsstyring

- Kvalitetssikring
- Felles system og rutinar som fører til kvalitetsforbetring og kvalitetsutvikling
- Kvalitetsvurdering

Kvalitetssikring er planlagde og systematiske aktivitetar som vert gjort for å sikre seg at eit produkt eller ei teneste vil oppfylle krava til kvalitet. Kvalitetssikring er ein del av *kvalitetsstyringa* til ein organisasjon. Prinsippa for kvalitetsstyring er at alle skal ha ansvar for kvalitet i eige arbeid, men leiinga har ansvar for at verksemda har eit fungerande kvalitetssystem, at kvaliteten er under kontroll og at det er kontinuerlig fokus på kvalitetsforbetring.

Kvalitetssystemet i Opplæring og oppvekst er Kvalitetslosen der ein finn alle rutinane i sektoren vår. Alle tilsette bør ha god kjennskap til Kvalitetslosen og bruke han aktivt. Gode felles system og rutinar er med på å sikre lik og rett praksis i alle einingar, og dessutan er dei med på å gi betre kvalitet på samarbeid og samhandling mellom dei ulike einingane i sektoren. Kvalitetssystemet er viktig for å ha kontroll på kvaliteten på tenestene våre, men utan fokus på kvalitetsforbetring har rutinane i seg sjølve avgrensa verdi.

Opplæring og oppvekst ønskjer å stadig utvikle og forbetre kvaliteten på tenestene, å stadig bli betre. Derfor er det viktig at vi også har eit system for *kvalitetsvurdering*.

Opplæring og oppvekst ønskjer å ha god dialog mellom brukarar, tilsette og eigar for å vurdere kvaliteten på tenestene. Både barnehage og skule har nasjonale kvalitetsvurderingssystem som gir einingane høve til å gjere konkrete vurderingar av kvaliteten i eiga eining gjennom bl.a. ståstadsanalyse og brukarundersøkingar.

Noko å svare på:

- **Kva er kjenneteikn på god kvalitet**
  - **i svangerskapsomsorga**
  - **i helsestasjonstenesta**
  - **i barnehagen**
  - **i skulen**
  - **i kulturskulen**
  - **på læringssenteret**

- **Korleis jobbar vi for å vurdere kvaliteten på tenestene våre**
    - **i svangerskapsomsorga**
    - **i helsestasjonstenesta**
    - **i barnehagen**
    - **i skulen**
    - **i kulturskulen**
    - **på læringssenteret**
- **På kva måte får du tilbakemelding på ditt arbeid?**
- **På kva måte ønskjer du å få tilbakemelding på kvaliteten på arbeidet ved din arbeidsplass?**
- **Korleis kan Kvalitetslosen vere eit nyttig verktøy for deg i ditt arbeid?**

Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!

Fokusområde 5: IKT

- Infrastruktur, IKT-utstyr og -system som fungerer som ein god støttefunksjon for alle tilsette
    - Utstyr og kompetanse til å drifte og vedlikehalde IKT-utstyret og -systema
- Utvikle barn og unge sine digitale ferdigheiter
    - God pedagogisk bruk av IKT i barnehage og skule
    - Personale med god digitaldidaktisk kompetanse
    - Godt utstyr og pedagogisk programvare til bruk i barnehage og skule

IKT-området er tosidig. På den eine sida skal alle tilsette i dag bruke IKT i mange samanhengar, både som pedagogisk verktøy mot brukarane sine, men også i det daglege oppfølgings- og dokumentasjonsarbeidet sitt. På den andre sida skal skule og barnehage etter lova utvikle barn og unge sin IKT-kompetanse og digitale ferdigheiter.

Teknologi påverkar miljø og menneske, og er ein del av livet vårt. Teknologi påverkar korleis barn lever, leikar og lærer. I alle delar av samfunnet har informasjons- og kommunikasjons-teknologi ein sentral plass. Dei fleste barn kjem til barnehagen med kunnskap om og erfaringar med IKT. Barn er nysgjerrige, vil gjerne prøve og forstå korleis ting fungerer.

I rammeplanen for barnehagen står det at barna i barnehagen bør *"få oppleve at digitale verktøy kan være en kilde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap*". Barnehagen skal gjenspeile og skape samanheng med barnet sine opplevingar i heim og fritid, og følgje opp og vidareutvikle ulike teknologiske erfaringar som barna får heime.

I følgje lov om barnehagar § 2, skal barnehagen gi barn grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle område, og dessutan:

> *«Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.»*

I lys av dette er digitale verktøy aktuelle for barnehagen. Med digitale verktøy kan ein

> «formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap».

Å gi barn gode utviklings- og aktivitetsmuligheiter inneber å arbeide med og uttrykke seg ved hjelp av digitale verktøy.

Utdanningsdirektoratet har utvikla eit rammeverk for dei fem grunnleggande ferdigheitene som alle læreplanane i Kunnskapsløftet refererer til, og her seier dei følgjande om digitale ferdigheiter:

> *«Digitale ferdigheter vil si å kunne bruke digitale verktøy, medium og ressurser hensiktsmessig og forsvarlig for å løse praktiske oppgaver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkter og kommunisere. Digitale ferdigheter innebærer*

også å utvikle digital dømmekraft gjennom å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk. Digitale ferdigheter er en viktig forutsetning for videre læring og for aktiv deltakelse i et arbeidsliv og et samfunn i stadig endring. Den digitale utviklingen har endret mange av premissene for lesing, skriving, regning og muntlige uttrykksformer. Derfor er digitale ferdigheter en naturlig del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglige emner. Dette gir muligheter for nye læringsstrategier, men stiller også økte krav til dømmekraft.»

For å klare å følge opp rammeverket og forskriftene i høve IKT, ser vi at vi treng eit løft i sektoren, både med omsyn til kompetanse, infrastruktur og utstyr.

Noko å svare på:

- **Kva skal til for at ein skal kunne bruke digitale verktøy dagleg i barnehagane i Volda kommune?**
- **Kva skal til for at elevane i Volda kommune skal kunne få høg måloppnåing i digital kompetanse?**
- **Kva skal til på din arbeidsplass for at han skal vere framtidsretta med omsyn til IKT?**
- **Kva skal til for at du skal kunne bruke digitale verktøy på ein formålstenleg måte i kvardagen?**

Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!

VOLDA KOMMUNE
Opplæring og oppvekst

Høyringsinstansar etter liste

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2015/2384	13019/2016	033	OPP/ VIBBER	24.11.2016

HØYRINGSSKRIV - KVALITETSPLAN FOR OPPLÆRING OG OPPVEKST

Frå 01.01.2014 vart ny administrativ organisering sett i verk i Volda kommune. Barselomsorg, helsestasjon, barnehage, grunnskule inkludert SFO, kulturskule og vaksenopplæring inkludert busetjing og kvalifisering vart samla i sektor for opplæring og oppvekst. Ein av intensjonane med ny organisering var å knyte tenestene saman i ein heilskap.

Oppstarten av arbeidet med kvalitetsplanen for sektoren vart politisk forankra i driftsstyret 02.12.2015. Driftsstyret ba administrasjonen utarbeide eit arbeidshefte og legge til rette for at alle tilsette i sektoren fekk høve til å kome med innspel i det vidare arbeidet.

Kvalitetsplanen må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel, og han skal vere ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde.

Planen sin visjon skal gje alle tilsette noko å strekke seg etter i det daglege arbeidet, og alt arbeid i sektoren skal vere forankra i planen sine verdiar.

Planen føreset at tilsette og rådsorgan gjer seg kjende med og sluttar opp om kvalitetsplanen.

Kvalitetsplanen vert no sendt ut på høyring til alle einingane i sektoren i tillegg til alle nære samarbeidspartar. Ein kan fritt kommentere og gi innspel til kvalitetsplanen. Vi listar likevel opp nokre spørsmål vi gjerne vil ha tilbakemeldingar på:

1. I kva grad kan kvalitetsplanen fungere som eit samlande element for sektoren vår?
2. Kan ein slutte seg til dei verdiane som kjem til syne i kvalitetsplanen og som arbeidet vårt skal bygge på?
3. Er der delmål, tiltak eller ønska resultat ein saknar i kvalitetsplanen?

Høyringsuttaler skal sendast skriftleg til postmottak@volda.kommune.no og merkast med saksnummer 2015/2384. Høyringsfrist: 19.12.16.

Postadresse:
postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
70 05 88 74
www.volda.kommune.no
Org. nr:
939 760 946
Bankgiro:
3991.07.81727

Ein gjer merksam på at det no er innhaldet i kvalitetsplanen som vert behandla, det ferdige produktet med lay- out og bilete vil ikkje vere klar før etter teksten er godkjent.

Høyringsinstansar:

Helsestasjonen

Kommunale og private barnehagar

Kommunale skular

Logoped

PPT

Utdanningsforbundet

Fagforbundet

Delta

Sykepleierforbundet

SU på alle kommunale barnehagar og skular

Ungdomsrådet

Sektor for helse og omsorg

Barnevernstenesta Hareid Ulstein Volda Ørsta

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kvalitetsplanen- høyring des. 2016, innspel frå Bratteberg skule

Direkte referert frå lærarane sine notat etter arbeid i fellestida den 13.12.16:

1. I kva grad kan kvalitetsplanen fungere som eit samlande element for sektoren vår?

   Vi tenkjer den må bli meir konkret. Den kan fungere veldig godt dersom det kjem klare retningsliner. Den må vere enkelt formulert. Vi må vite kven som skal koordinere alt arbeid/info. Det er omfattande.

2. Kan ein slutte seg til dei verdiane som kjem til syne i kvalitetsplanen og som arbeidet vårt skal bygge på?

   Vi synest det er gode verdiar i planen.

3. Er der delmål, tiltak eller ønska resultat ein saknar i kvalitetsplanen?
   - nært samarbeid med heimane
   - Kvar er foreldra? (...bortsett frå foreldreportalen)
   -elevsamtalar? ..slik som det står barnesamtalar, så kan vi vidareutvikle elevsamtalane.
   - skulering av fagarbeidarar/andre tilsette som arbeider i skule og SFO
   -større pedagogisk tettleik i barnehagane
   -overgong barnehage-skule
   -meir styrking i 1.klasse
   -mindre elevgrupper, moglegheit til å dele opp elevgruppa
   - treng fysiske tilhøve! Vi manglar rom og folk.
   - vi saknar eit punkt om korleis ting skal utførast.

   Vi meiner det er viktig å få på plass ein sosiallærar her på Bratteberg. Kontaktlærarane bør ha mindre undervisningstid slik at det blir meir tid til samtalar. Det blir mange slike.

   På Bratteberg skule begynner vi å få erfaringar med **alternative opplegg** for elevar som ikkje finn seg til rette i "den tradisjonelle skuledagen". Vi tenkjer at dette kan vidareutviklast, og at det gjerne kan høve som eit tiltak under "meistring og læring".

Kvalitetsplan for OO-sektor – høringsuttalelse på saknr 2015/2384

Mykje arbeid lagt ned i planarbeidet. Mange tankar for barnehage og grunnskule.

Tenestene innanfor barselomsorg, helsestasjon, skulehelseteneste, kulturskule er ikkje omtala anna enn i generelle setningar

Skal planen ha ein plan for revisjon? Planen bør tidfestast.

Saknar heller ein plan for oppvekst i Volda, men då må fleire sektorar vere med i arbeidet.

Kvalitetsplanen må sidestillast med «Plan for helsestasjonen», då denne eininga er lite med i planarbeidet. Denne er vedteken av kommunestyret for 2014 -2017 og skal reviderast i løpet av 2017.

Dersom ein ønskjer ein plan for heile sektoret er det truleg interessant med eit fellesmøte prosjektleiar og helsestasjonen med gjennomgang.

Slik den ligg føre no kjenner vi oss lite igjen i arbeidet. Lovverk vi arbeider etter i helse må også nemnast. Lovgrunnlaget vi arbeidar innanfor er ikkje teke med i kjeldelista.

……

Forord, innhaldsliste, formål og visjon er viktig og greitt i denne planen.

Svært viktig at **formålet** vert synleggjort vidare i planen.

s.6 Systema for å nå dei 3 hovudmåla kunne ha vore meir konkrete.

Pkt 1: Trivsel, deltaking og medverknad

- Kultur og vaksenopplæringa ikkje nemnt.
- Helsestasjonen kun nemnt som ein rettleiar for barnehage og skule. Vi har ein viktig funksjon overfor gravide, spe- og småbarn si familie, men også skulebarn 5-20 år. Helsestasjon og ungdom, helsestasjon for studentar……. Alle tiltak som er nemnt på s.8 tek utgangspunkt i barnehage og skulesituasjon.

Pkt.2: Meistring og Læring.

- Kultur og vaksenopplæringa ikkje nemnt.
- Tiltaka på s. 10 har også i hovudsak utgangspunkt i bhg og skule.

Pkt 3: Gode tilbod og tenester.

- Tenestene skal ha mål å strekkje seg etter. Delmål og tiltak kan verte tydelegare (Sjå Gjesdal kommune sin for heilheitleg omsorg)
  Mission possible har laga plan for oppfølging ved vald, ei plansje som bør ligge ved, vevt henvisast til.

Volda kommune har også laga eit skjema for framgangsmåte dersom bekymring for eit barn. Dette må inn.

Generelt bør planen kanskje ha færre ord og heller fylles med meir illustrajoner, plansjer og bilder

Volda 191216

På vegne av helsestasjonen Toril og Anne

Tilbakemelding frå Mork skule ang. Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst.

1./2.: Kvalitetsplanen som eit samlande element:

Vi ser verdien av å ha kvalitetsplanen som ei felles plattform for alle i vår sektor, og sluttar oss gjerne til den.

Vi tenkjer det er viktig å vere RAUSE både overfor kollegaer, elevane våre og heimane deira. Ingen kan plasserast i ei A4-ramme, vi er alle unike.

Å vere MODIGE er for oss å stå i rolla vår, stå for det vi er, for vi føler vel at i vårt yrke kan vi ofte «stå lageleg til for hogg».. For oss er det og viktig at vi er opne for endringar og at vi er modige til å ha eit ope samarbeid med heimane.

For oss er det viktig å vere KOMPETENT. Det er viktig at vi set oss inn i fagstoffet vi skal undervise i, at vi er opne for endringar og ny forsking og nye prosjekt. Det er og viktig å ha kompetanse til å sjå det einskilde mennesket vi omgir oss med- differensiering er viktig.

Vi har vore med på mange LÆRANDE prosjekt i skulen siste åra, og det ser vi på som positivt. Både SOL, Vurdering for Læring og tilbuda om vidareutdanning er veldig lærande og positivt. Å få treffe kollega frå andre skular og få ta del i viktig erfaringsutveksling har og vore verdifullt.

Kvalitetsplanen som eit samlande element:

1.Trivsel, deltaking og medverknad:

Viktig at vi ser og høyrer dei einskilde barna, samtidig som vi ser det som viktig å lære barn å innordne seg reglar og sjå på den vaksne som leiar. Viktig at vi freistar å finne område/emner der barna kan ha medverknad.

2. Meistring og læring:

Vi har fokus på å skape gode relasjonar på skulen vår, både mellom barna og mellom vaksne og barn. Vi har felles turdagar, faddertimar og andre oppgåver i aldersblanda grupper for å skape relasjonar. Ressursteamet: Korleis er denne ressursen tenkt? Vil dei ha inn nye saker? Eller er det ynskjeleg at vi har satt inn tiltak og prøvt ut desse i forkant? Vi stiller og spørsmålsteikn ved om ein treng å ha så mange instansar med i ressursteamet? Er det skremande for foreldra når der sit så mange rundt bordet..?

3. Gode tilbod og tenester.

Det er særs positivt at det er god kontakt mellom helsestasjonen og skulen, og at helsestasjonen har fleire, faste avtaletider i skulen. Dette gir lav terskel for elevane til å ta kontakt.

3.Dette ynskjer vi å få med:

Vi ynskjer og auka kontakt med PPT, og at vi får inn faste avtaletider med dei og.

Vi ser det og særs positivt med miljøarbeidarar i skulen – ja, takk til auka og variert kompetanse i skulen ☺

VOLDA KOMMUNE
Mork barnehage

VOLDA KOMMUNE
2015/2384
Sms VIBBER
20 DES 2016
Emne 2
033
Klassering S

Til avdeling for Opplæring og oppvekst
Volda kommune.

Saksnr. 2015/2384

Tilbakemelding på kvalitetsplan for Opplæring og oppvekst.

(Styrar har i forkant sendt ut utkast til personale og leiar SU har sendt ut utkastet til foreldre i forkant og bedt om tilbakemelding)

Tilbakemeldingar:

- Ein god plan. Viktige prioriteringar og rett fokus.

- Positivt med IT-satsing i barnehage og skule.

- Felles verdi grunnlag og arbeid med å lage felles rutiner/ system er samlande og foreldre forstår slik kva fokus vi har i arbeidet med borna.

- S. 6 i høve system: Vi ynskjer å påpeike at det er ikkje alle tider eit system er løysinga. System tek tid å etterstrebe og vi må priorioritere rett når vi etterstrebar system. Dokumentasjonsarbeid tek tid. Dette kan ta tid bort frå barna.
Altså; det er ikkje alle tider system kan vere løysinga f.eks. ved oppfølging av minoritetsbarn; ein treng tilført vaksenressursar- det er ikkje nok med eit system/ prosedyre i eksisterande barnehage med grunnbemanning. Ein treng både det å ha system og få tilført vaksenressursar utanfrå som kan fylgje opp.

- Vi stussar litt med setninga: «Avdekke tidleg lese og skrivevanskar» s. 10. I barnehagen støttar vi barnet der det er i høve motivasjon for lesing/ skriving. Er det forventa at barnehagen skal avdekke tidleg lese og skrivevanskar?

For Samarbeidsutvalget i Mork barnehage, Volda kommune: 18/12-16

Mona Rossetvik
.....

Leiar, Mona Rossetvik

Postadresse:
Morkavegen 54
6105 Volda

styrar.mork@volda.kommune.no
Telefon: 70077790

http://www.volda.kommune.no
Org. nr:
973471589

Høyringssvar UDF Volda Kvalitetsplan – Sektor for opplæring og oppvekst

Lilla: Kommentarar til tekst og innhald Blå: Forslag til endring av ordlyd

1. I kva grad kan kvalitetsplanen fungere som eit samlande element for sektoren vår?
   Det er vanskeleg å vere usamd i så mange fine ord. Men her er mange påstandar som står litt laust. Kan vere meir dokumentert.
   For at kvalitetplanen skal fungere som eit samlande element for sektoren vår, må dei ulike avdelingane vere ivaretekne. I innleiinga nemner de Barselomsorg, helsestasjon, barnehage, grunnskule, SFO, kulturskule, vaksenopplæring og busetjing og kvalifisering. Kan ein lage felles nemning, slik ein slepp vidare oppramsing og sikre at ein nemner alle einingane der det er naturleg? Ser lite av barselomsorg/helsestasjon, mindreårige flyktingar , vaksenopplæring og kulturskule vidare i dokumentet.
   Dokumentet er godt med tanke på arbeidet mellom barn og unge i sektor for opplæring og oppvekst, men at det arbeidet vi driv mellom hovudsakleg vaksne på Volda læringssenter ikkje er nemd eller inkludert i dokumentet.
   Volda læringssenter har i periodar fleire hundre vaksne som mottek tenester frå Volda kommune. Ordet «vaksne» bør integrerast alle stader i dokumentet der det er snakk om ein generell omtale av tenestene som sektoren yter til sine brukarar. Til dømes bør det stå i visjonen: «Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som trivst, deltek, meistrar og lærer.» Ordet «vaksne» bør også settast inn i omtalen av spesifikke tenester som vedkjem dei vaksne deltakarane våre, som til dømes i norskopplæring, grunnskuleopplæring, språkpraksis, tenester som vert ytt ved helsestasjonen osb.

2. Kan ein slutte seg til dei verdiane som kjem til syne i kvalitetsplanen og som arbeidet vårt skal bygge på?
   Viktige og flotte verdiar som vi kan slutte oss til. Vi er forplikta til å arbeide utifrå lov, læreplanar, rammeplan og lærarprofesjonens etiske plattform. (Lærarprofesjonens etiske plattform bør de og trekke inn i dokumentet og i kjeldetilvisinga).
   Vi har vore med å utarbeide desse verdiane på verdiverkstader. Handlar mykje om meistring og anerkjennande kommunikasjon, skape gode dialogar som er avgjerande for trivsel og læring. At dialogen skal vere god er eit vaksenansvar, og må ikkje leggast over på borna.
   Det er viktig at vi er samhandlande innanfor sektoren, tenke heilskap!

3. Er der delmål, tiltak eller ønska resultat ein saknar i kvalitetsplanen?
   Saknar konkrete tiltak som går på betre system som sikrar tverrfagleg samarbeid.
   I kvalitetsplanen er det fokus på elevar, kun fokus på dei svake, lite om dei som prestarar middels eller sterkt.

   Barn og unge er nemde, kva med ungdom/vaksne?
   Ta med overgang barneskule og ungdomsskule.

   Det bør seiast nok om implementeringa i organisasjonen, her må det vere ein plan. Dei tilsette må vere motiverte for at dette skal gjennomførast. Jfr. Innføring av Smartboard – ei kort opplæring, men mange brukar fortsatt dette verkyet som lerret. Vi må og nemne vedlikehald, for dersom ein skal kunne avtib\vt ta i bruk ny teknologi, er vi avhengige av at dette får det vedlikehaldet som trengs. Kor ligg forpliktinga her?

Integrering er eit viktig arbeid i kommunen vår, både i det kommunale systemet og i det frivillige. Det vert på side 9 i dokumentet nemnt kor viktig det er med språket for barn og unge med anna morsmål enn norsk. Her ville det vere naturleg å ta inn dei vaksne innvandrarane sine rettar også, og skrive litt om kva Volda kommune yter for denne gruppa mtp språkopplæring, introduksjonsprogram mm, med eit blikk på innhald og kvalitet.

Vi ynskjer at sektoren sitt ansvar for haldningsbygging og arbeid med haldningsendring skal vere med i planen. NOU 2010:7 belyser eit nasjonalt behov for å jobbe for endra haldningar til innvandrarar. Følgande er saksa frå konklusjonen i dokumentet: «Utvalget er samlet om at det er nødvendig med en holdningsendring i opplæringssystemet, og i samfunnet generelt, slik at flerspråklighet sees som en verdi for den enkelte og for Norges muligheter for å lykkes i et globalt arbeidsmarked.» Dette gjeld både ved VLS og elles i det kommunale systemet. Vidare har Volda læringssenter ei spesiell rolle i arbeidet med å motverke utanforskap mellom minoritetsspråklege. Vi skal kvalifisere unge og vaksne til å verte aktive, integrerte deltakarar i det norske samfunnet. VLS har fokus på innovativ verksemd for å finne løysingar ift elevane sine integreringsutfordringar.

Klubben ved Volda ungdomsskule har hatt fokus på pkt 3 «Gode tilbod og tenester», og igjen avgrensa til det som vert sagt om IKT:
skildringane av måla i planen på dette punktet står i grell kontrast til den faktiske situasjonen ved VUS
- dei punkta som står under «Tiltak» oppfattar me som målformuleringar, ikkje tiltak
- innhaldet punktet «Nye tiltak» om bruk av ipadar og chromebooks er det vanskeleg å uttale seg om då me ikkje kjenner vurderingane som ligg til grunn for tiltaket, men me er usamd i prioriteringane som kjem til uttrykk i IKT-strategien (som skal vere ei presisering til innhaldet i kvalitetsplanen på dette området);
VUS er lova aksesspunkt vinteren/våren 2017 (påstand om at dette skal løyse dei fleste av våre problem, men dette trur me ikkje noko på) og GAFE i 2018. Men kvardagsskildringane som lærarane har kome med, syner at meir grunnleggande tiltak må prioriterast og tiltak må skje mykje raskare.

Klubben ved VUS krev m.a. at
- aksesspunkta me er blitt lova, må vere på plass i januar 2017
- tiltak for å løyse alle dei grunnleggande vanskane me har, og som ikkje vert løyste etter at aksesspunkta har kome opp, må setjast inn februar 2017.

Tiltaka krev pengar, men tiltaka er ikkje med i budsjettet for 2017?

Høyringsuttaler skal sendast skriftleg til postmottak@volda.kommune.no og merkast med saksnummer 2015/2384. Høyringsfrist: 19.12.16.

Kvalitetsplan

Sektor for opplæring og oppvekst

Volda kommune 2

Forord

Frå 01.01.2014 vart ny administrativ organisering sett i verk i Volda kommune. Barselomsorg, helsestasjon, barnehage, grunnskule inkludert SFO, kulturskule og vaksenopplæring inkludert busetjing og kvalifisering vart samla i sektor for opplæring og oppvekst. Ein av intensjonane med ny organisering var å knyte tenestene saman i ein heilskap.
Oppstarten av arbeidet med kvalitetsplanen vart politisk forankra i driftsstyret 02.12.2015. Driftsstyret ba administrasjonen utarbeide eit arbeidshefte og legge til rette for at alle tilsette i sektoren fekk høve til å kome med innspel i det vidare arbeidet.
Planen har i tillegg vore på høyring til alle tilsette i sektoren, sektor for helse og omsorg, hovudtillitsvalde, PPT, barnevernstenesta, ungdomsrådet, SU barnehagar og skular og private barnehagar.

Kvalitetsplanen må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel, og den skal vere ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde.
Alle i sektoren skal bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og mogelegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølve livet.

Lærarprofesjonen si etiske plattform slår fast at samfunnsmandatet vårt er å fremje læring, utviklinga og danning til barnehageborn og elevar. Verdiane, haldningane og handlingane våre påverkar dei vi arbeider for og med. Alle barnehagelærarar, lærarar og leiarar har eit ansvar for å handle i samsvar med verdiane og prinsippa i plattformen.

Planen sin visjon skal gje alle tilsette noko å strekke seg etter i det daglege arbeidet, og alt arbeid i sektoren skal vere forankra i planen sine verdiar.
Planen føreset at tilsette og rådsorgan gjer seg kjende med og sluttar opp om kvalitetsplanen.
Vi ynskjer alle lykke til i arbeidet til det beste for barn, unge og vaksne.
Rebecca Riise Bjerknes Per Ivar Kongsvik
leiar i driftsstyret oppvekstsjef 3

Innhald

Forord .....
2
Innhald.....3
Formålet med kvalitetsplanen .....
4
Verdiane våre .....
4
Visjon for sektoren .....
5
Bakgrunn for visjonen 5
Utdjuping av visjonen 5
1 Trivsel, deltaking og medverknad .....
7
Delmål..... 7
Tiltak 8
Utvikling av tenestene 8
Nye tiltak 8
Ønska resultat 8
2 Meistring og læring .....
9
Delmål: 9
Tiltak 10
Utvikling av tenestene 10
Nye tiltak 10
Ønska resultat 10
3 Gode tilbod og tenester .....
12
Delmål..... 12
Tiltak 14
Utvikling av tenestene 14
Nye tiltak 14
Ønska resultat 14
Kjelder .....
16 4

RAUS
MODIG
KOMPETENT
LÆRANDE

Formålet med kvalitetsplanen

Formålet med kvalitetsplanen er å synleggjere sektoren sine verdiar, mål og tiltak, samt å sikre oversikt og kontinuitet i arbeidet, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Kvalitetsplanen skal gje rammer og danne grunnlag for konkrete tiltak i Volda kommune.
Kommunestyret er øvste ansvarlege organ i kommunen, og skal styre utvikling og drift av kommunen gjennom politiske vedtak. Ved at kvalitetsplan for oppvekst er handsama politisk, sikrar ein felles forankring av innhaldet, samt at planen får naudsynt status og prioritet.

Verdiane våre

Slik definerer Volda kommune verdiane sine:

RAUS

I Volda kommune er vi rause mot kvarandre. Vi gjev av oss sjølve og vil kvarandre vel. Vi speler kvarandre gode. Vi er inkluderande i vår åtferd, i arbeid og i arbeidsmiljøet. Vi leiter etter ressursar og moglegheiter. Gjer vi eller oppdagar vi feil, ser vi på det som ei moglegheit til å lære. Det skal vere godt å vere i fellesskapet i Volda kommune, og det skal kome brukarane våre til gode.

MODIG

I Volda kommune er vi modige. Vi tør å sleppe andre inn og gjere oss sårbare - og vi tør å stå opp for oss sjølve og har integritet. Vi har relasjonelt mot, er dyktige på å gje positive tilbakemeldingar til leiarar, kollegaer og brukarar - og vi tør å ta opp det som er vanskeleg. Vi tør å utfordre det etablerte og vi møter det ukjente på ein trygg og open måte. Vi tør å spørje kvifor og korleis, og vi tør å satse sjølv om vi ikkje alltid kjenner framtida.

KOMPETENT

I Volda kommune er vi kompetente. Vi har mykje kunnskap, og vi veit at den må omsetjast i ein god og forsvarleg praksis skal den ha verdi for dei vi yter tenester til. Vi har gode ferdigheiter, og greier å skape resultat gjennom å motivere, samarbeide og rettleie kvarandre. Vi verdsett personlege eigenskapar som gjer at vi kan framstå med truverd og naturleg autoritet. Vi synleggjer det vi trur på og står for, slik at alle kjenner haldningane våre.

LÆRANDE

Volda kommune er ein lærande organisasjon. Vi er opptatt av kontinuerleg forbetring, og lærar best i kvardagen. Vi veit at kvalitet i tenesta kjem der det er eit samspel mellom alle involverte partar. Vi oppmuntrar til nytenking og applauderar dei som får til ting i lag. Vi har eit leiarskap som er opptatt av utvikling og innovasjon. Hos oss fører ny lærdom til endring av åtferd og praksis. 5

«Volda kommune har trygge barn og unge som trivst, deltek, meistrar og lærer»

Å meistre er å beherske noko, å få til noko, klare noko. Meistring skaper motivasjon og styrker sjølvbiletet. Meistringsoppleving inneber også at andre ser og verdset det ein gjer. Slik er det ein samanheng mellom meistring, verdsetting og sosial deltaking.

Visjon for sektoren

Kvalitetsplanen skal hjelpe oss til å tenke og handle heilskapleg for å nå måla våre. Vi har definert ein visjon som speglar eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ønskjer å oppnå. Han skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som jobbar i sektoren. Oppdraget vårt, dei lovpålagte oppgåvene og måla som er nedfelt i rammeplan, læreplanar og andre forskrifter, styrer oss. Dei seier kva vi **må** gjere. Visjonen vår trekker derimot fram det overordna målet vårt, og teiknar opp ein kurs for oss.

Bakgrunn for visjonen

Visjonen vår er formulert med bakgrunn i prosess i eigen organisasjon med blant anna leiarsamlingar og arbeid i personalgruppene. Vi har dessutan sett at regjeringa sin plan for arbeid for barn og ungdom, *Trygghet, deltakelse og engasjement* (desember 2015) går hand i hand med dei tankane som har kome fram i vår eigen prosess i sektoren.

Regjeringa sin plan har følgjande hovudmål: «Et oppvekstmiljø med trygghet, læring og trivsel for alle». Planen legg FN sin konvensjon om barn sine rettar (Barnekonvensjonen) til grunn for sitt arbeid med barn og unge og seier at alle barn har rett til ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikle seg ut frå eigne føresetnader. Planen seier vidare at «alle barn og unge skal ha gode muligheter for utvikling, læring og kvalifisering» og at «dette er viktig både for å sikre en trygg og god barne- og ungdomstid, og for å gi barn og ungdom gode fremtidsmuligheter».

(Lærarprofesjonen si etiske plattform byggjer på dei verdiane og prinsippa som er nedfelte i universelle menneskjerettar, særleg konvensjonen i SN om born sine rettar. Desse rettane skal vi fremje og forsvare i barnehage og skule. Det er grunnleggjande at menneskeverdet ikkje skal krenkast, at vi kvar og ein har fridom og behov for tryggleik og omsorg.)Ta med noko av denne ordlyden inn i Kvalitetplanen?

Regjeringa sin barne- og ungdomspolitikk har følgjande fire mål og prinsipp:

(Bruk sitat eller omsetjing:)

- *Ein trygg oppvekst i familie og nærmiljø*
- *Like rettar og muligheiter*
- *Deltaking og innflytelse*
- *Gode tilbod og tenester til alle*

Utdjuping av visjonen

Å vere trygg handlar om omsorg, om å bli sett og anerkjent som person, samt å utvikle seg og delta i sosialt fellesskap. For barn og unge betyr dette ikkje berre å høyre til i fellesskapet, men også å oppleve støtte til å etablere og utvikle venskapsrelasjonar i samhandling med andre., ~~noko som~~ Dette er med på å skape grunnleggjande tryggleik. Vi ser det som svært viktig at våre einingar bidreg til at barn og unge utviklar respekt og toleranse for andre, og at barn og unge som treng støtte og hjelp får det.

Den einskilde sin eigenart og personlege integritet manar til respekt. Det skal ikkje finne stad noko form for undertrykking. (Lærarprofesjonen si etiske plattform)

6

For å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge er ein avhengig av at dei vaksne er kompetente og trygge i rollene sine, at dei er genuint interesserte i det einskilde barnet eller ungdomen, ser den einskilde sine behov og gjer dei grepa som må til for å sikre barnet eller ungdomen sine rettar til ein trygg oppvekst.
Trygge, tilgjengelege og kompetente vaksne skal vere til støtte for barn og ungdom i utviklingsprosessen. Eit anerkjennande miljø med tydelege, venlege og stabile vaksne med rett kompetanse gir eit godt utgangspunkt for vekst og utvikling for eit barn.
Etisk medvit og fagleg dugleik er kjernen i lærarprofesjonen sin integritet og er avgjerande for å skape gode vilkår for leik, læring og danning. (Lærarprofesjonen si etiske plattform)
For barn og ungdom er det å bli verdsett som individ, med sine sterke og svake sider, utviklingspotensiale og behov, avgjerande for vidare vekst og utvikling. Barnehage, skule, SFO, læringssenter og kulturskule er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtillit. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på eigne evner og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen.
Leik er eit viktig verkemiddel for å byggje relasjonar mellom ~~barna~~ born og mellom ~~barn~~ born-vaksen. Gjennom leik lærer vi kvarandre å kjenne og skaper gode fellesopplevingar. Tillit, tryggleik, fellesskap og meistringsopplevingar blir i mange barnegrupper utvikla gjennom leik.
Kvalitetsplan for sektor for opplæring og oppvekst deler vi inn i desse tre hovudområda:
1. Trivsel, deltaking og medverknad
2. Meistring og læring
3. Gode tilbod og tenester
Med kvalitetsplanen ønskjer vi å setje fokus på kor viktig det er at born og unge vert anerkjente og opplever meistring og tryggleik på alle arenaer, dessutan på medverknad, tidleg innsats og opplevd heilskap i tenestene. Kvalitetsplanen skal bidra til at tilsette opplever tryggleik i eiga yrkesrolle, samt deltek i utviklingsarbeid for å sikre born og unge sine rettar til eit godt oppvekstmiljø.
For å nå dette treng vi:

- System som sikrar tidleg innsats
- System som sikrar systematisk førebyggjande arbeid for å redusere og handsame konfliktar, krenking, mobbing, diskriminering og trakassering
- System som sikrar at barn og unge frå språklege minoritetar utviklar tilstrekkeleg norskspråkleg kompetanse i barnehage og skule
- System som sikrar at tilsette ser den einskilde sine sterke sider, stimulerer til utvikling og meistring i samsvar med evner og behov
- System som sikrar tverrfagleg samarbeid, internt og eksternt
- System som sikrar kompetansebygging og kvalifikasjonar hjå dei tilsette

Det er nedfelt fleire delmål fordelt på dei tre hovudområda, i tillegg til tiltak og ønska resultat.
Alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst er sentrale aktørar i arbeidet med å nå målsetjingane i planen. Tett og godt samarbeid ~~innafor~~ i oppvekstsektoren er avgjerande for å nå måla våre.

1 Trivsel, deltaking og medverknad

Sektoren skal arbeide førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Det einskilde barn i barnehage og den einskilde elev i skule og SFO skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør.
Alle barnehageborn og elevar har rett til medverknad. Dei skal vere fri til å treffe sine eigne val innanfor rammene til fellesskapet. (Lærarprofesjonen si etiske plattform)

Delmål

 Barn og unge trivst, deltek og er inkluderte i fellesskapet

* Ein legg vekt på å utvikle venskap, respekt og toleranse, og å bygge (Byggje eller bygge? → samsvar) sterke relasjonar mellom barn, unge og vaksne, samt styrke samhandlingskompetansen til den einskilde

 Sektoren har nulltoleranse for krenking, mobbing, diskriminering og trakassering

 Barn og unge blir høyrde og synspunkta deira blir vektlagde

Systematisk arbeid skal sikre barn og unge eit godt psykososialt miljø i barnehage, skule og SFO. Vaksne må ha kompetanse til å arbeide aktivt og godt med førebyggjande miljøarbeid, men òg ~~vite~~ ha kunnskap om kva ein ser etter for å avdekke uønska hendingar og ~~oppførsel~~ åtferd. Det er og viktig å vite korleis ein stoppar slike handlingar, samt korleis ein skal følgje opp både den som ~~er~~ vert utsett for ~~dette~~ uønska åtferd og den som utfører ~~det~~ handlinga.
Miljø som viser konsekvent og felles vaksenrolle i høve til barn og unge, der den einskilde si oppleving av miljøet blir tatt på alvor og der leiinga tydeleg signaliserer at det psykososiale miljøet er viktig, er òg miljø der ein opplever minst mobbing og negativ åtferd frå barn og unge.
Førebyggjande miljøarbeid må ha eit sterkt fokus i alle foreldregrupper og rådsorgan i barnehage og skule. Barn og unge si stemme skal kome tydeleg fram i førebyggjande arbeid og i einskildsaker, og elevråda og ungdomsrådet skal vere aktive bidragsytarar i arbeidet.
(Avsnitt)
For å lukkast i arbeidet mot mobbing, treng vi systematisk arbeid i alle ledd, og tett samarbeid med føresette undervegs, der PPT og helsestasjon gir rettleiing til barnehagar og skular. (Eige avsnitt om mobbing. Ta med meir om utanforskap)

Volda kommune ønskjer å bidra til at barn og unge får ein aktiv og helsefremjande oppvekst, med leik og moro, fellesskap og glede. Fokus på glede over fysisk aktivitet saman med sunt kosthald må starte tidleg. Ved å ha eit helsefremjande fokus kan ein danne grunnlaget for gode vanar og livslang læring. Fysisk aktivitet er naudsynt for normal vekst og utvikling og viktig for å oppretthalde god funksjonsevne gjennom heile livet. Gjennom tverrfagleg samarbeid må ein arbeide systematisk for at fleire barn og unge skal ha god psykisk helse og trivsel i kvardagen. Det å høyre til i fellesskapet er viktig, samt at ein arbeider aktivt mot mobbing og utanforskap.
Barn og unge sin rett til medverknad på alle forvaltningsnivå er nedfelt i Barnekonvensjonen. Ein trygg og god oppvekst skal inkludere rom for å kunne medverke og ytre sine eigne meiningar, deltaking i demokratiske prosessar, samt oppleving av respekt og aksept for eigen person. Ved å gje dei unge rom for deltaking og reell medverknad, vil ein dessutan kunne skape engasjement og eigarskap til barnehage og skule. I Volda kommune skal barnehagar og skular gi øving og opplæring i medverknad, og dessutan syte for at dei demokratiske organa som sikrar medverknad frå foreldre og elevar fungerer godt og vert brukte. 8

Voldaprosjektet er ein del av forskingsprosjektet ”Barn i Midt-Norge”.
Målet med prosjektet er:

1. Gi personalet auka kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagealder
2. Evaluere for å sjå effekten av kompetanseutviklinga
3. Få meir kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagealder

Tiltak

Utvikling av tenestene

- Sikre systematisk arbeid for gode læringsmiljø bl.a. ved å vidareføre Voldaprosjektet og å nytte andre kompetansetiltak
- Styrke det sosiale fellesskapet i avdelingane og klassane bl.a. ved å bruke førebyggjande program aktivt i alle skular
- Vidareutvikle bruken av barnesamtalar i barnehagane
- Aktive rådsorgan: Elevråd, FAU, SU, SMU og kommunalt ungdomsråd
- Klare rutinar for korleis krenkande åtferd skal førebyggast, avdekkast og handterast

Nye tiltak

- Nytte foreldreportal i oppvekstadministrativt program
- Styrke ressurs til helsesøster i barnehage og skule
- Styrke PPT sin kapasitet for rettleiing til barnehage og skule

Ønska resultat

- Auka trivsel og sosial kompetanse hos barn og unge
- Auka aktivitet blant barn og unge; betre fysisk helse - betre psykisk helse
- Tidleg avdekking og oppfølging av risikofaktorar
- Færre opplever krenkingar, mobbing, diskriminering og trakassering i barnehage og skule
- Auka oppleving av å høyre til i fellesskapet

9

2 Meistring og læring

Barn og unge i Volda kommune skal ha like moglegheiter til å utvikle evnene sine. For å lukkast med det, må ein arbeide aktivt for at alle barn skal tileigne seg eit rikt og variert erfaringsrepertoar knytt til eiga meistring. Vaksne må leggje til rette for at alle barn får gode erfaringar i å lukkast i kvardagen. Forsking viser at barn og unge som har erfaring i å meistre vil kunne stole på eigen kapasitet, vere motivert for å ta fatt på oppgåva og utvikle tru på eigen kompetanse. Det er desse barna som får flest positive erfaringar knytt til eiga læring og meistring. Gjennom støtte og oppmuntring, samt utfordringar som er tilrettelagt den einskilde, skal vaksne bidra til at alle barn og unge opplever motivasjon for og glede over eiga meistring i det daglege.

Etisk medvit og fagleg dugleik er kjernen i lærarprofesjonen son integritet og avgjerande for å skape gode vilkår for leik, læring og danning. (Lærarpropesjonen si etiske plattform)

Delmål:

- Tilsette legg vekt på å stimulere og synleggjere ressursane til alle borna og ungdommane
- Barn og unge trivst og opplever meistring, både fysisk, sosialt, emosjonelt og kognitivt
- Barn og unge har tilgang på gode tilbod og tenester, og har mogelegheit til å delta og bruke evnene sine uavhengig av sosial, økonomisk og etnisk bakgrunn.
- Barn og unge frå språklege minoritetar får god og effektiv opplæring i norsk

For å nå desse målsetjingane, må tilsette leggje til rette for at kvart barn får oppleve meistring ut frå sitt potensiale. Det sentrale her vil vere å skape eit godt grunnlag for å lukkast, for slik å gje oppleving av meistring. Dei fleste barn som meistrar ei oppgåve, vil utvikle positive haldningar og interesser for temaet eller oppgåva. På same tid vil det føre til auka sjølvtillit og kanskje positive haldningar til dei vaksne. I tillegg vil desse haldningane føre til eit positivt løft for vidare læring, kanskje òg for andre tema eller fagområde. Vi må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse i å lære, motivere dei og hjelpe dei til å utvikle strategiar for å handtere utfordringar, evaluere seg sjølv, utvikle forståing for at læring krev innsats og uthald, slik at dei etter kvart kan utvikle haldningar og forventningar om at «Eg kan lære!»

I eit trygt miljø vil fleire våge å ta fatt på nye utfordringar. Gjer ein feil, så lærer ein likevel noko verdifullt undervegs. Det er dei vaksne som er ansvarlege for at barn og unge opplever eit trygt læringsmiljø. Tilsette i kommunen må arbeide for å etablere ein tillitsfull og god dialog med alle barn og unge og deira føresette og familiar, ein dialog som er kjenneteikna av anerkjennande kommunikasjon med interesse for den andre part. Barn og unge skal oppleve at vaksne bryr seg om dei, tar dei på alvor og vil gjere sitt beste for å støtte opp om vidare vekst og utvikling.

Vidare må det fysiske og psykiske miljøet vere slik at det er godt å vere der. Her vil samspelet mellom dei vaksne og barn og unge spele ei avgjerande rolle. Forsking viser at læraren si evne til å etablere eit godt sosialt miljø, skape ro og orden, leggje vekt på læring, gi variert undervisning og gode tilbakemeldingar, samt samarbeide tett og godt med heimen, er viktige faktorar for å fremje læring.

Språk er viktig for opplæring, utvikling og integrering og særleg viktig for barn og unge med anna morsmål enn norsk. For at barn og unge frå språklege minoritetar raskt skal tileigne seg norsk språk, og raskt skal bli integrert i sitt lokalmiljø, må språkopplæringa skje i nært samspel med leik og aktivitetar der språket blir praktisert i naturlege samanhengar. Barn og unge frå språklege minoritetar skal, når dei kjem til Volda kommune, få tilbod om opplæring utan ugrunna opphald, og skal så snart som mogleg integrerast i ordinært opplæringsløp. Kva med vaksne? VLS?

Helsestasjon, barnehage, skule og SFO er førebyggande og helsefremjande tenester der ein har fokus på tidleg innsats på alle område. Med tidleg innsats meiner vi at barn, unge og deira familiar skal få rett hjelp til rett tid, på rett stad, og så tidleg som mogleg. Med det meiner vi så tidleg som mogleg i barnet si utvikling, men også så tidleg som mogleg når hendingar og/eller vanskar oppstår, uavhengig av alder.
Tidleg innsats inneber førebyggande arbeid i tenestetilboda, og at adekvat hjelp vert gitt før vanskar vert komplekse og fastlåste. Tidleg avdekking av risikofaktorar er viktig for å sikre barn og unge hjelp tidleg. Avhengig av type risikofaktor, vil foreldre få tilbod om rettleiing hos helsestasjon, PPT, hos andre avdelingar i kommunen, t.d. barnevern, eller hos eksterne samarbeidspartar.
Opplæring og oppvekst har slik strategi for tidleg innsats:

- ***Universalførebyggande tiltak for alle barn og føresette for å hindre at vanskar oppstår.***
- ***Selektive tiltak for barn og føresette med risiko for å utvikle vanskar.***
- ***Indikative tiltak for barn og føresette med behov for særskilte tiltak.***

Alle barn skal gjennom fleire omfattande overgangsprosessar i løpet av barne- og ungdomstida. Ved barnehagestart, ved skulestart, mellom ulike avdelingar, barnehagar, skular og mellom ulike skuleslag. Forsking viser at alle slike overgangar kan påverke sjølvbilete og seinare livskompetanse. Det er derfor viktig at alle overgangar vert opplevde som gode for både barn og føresette..

Tiltak

Utvikling av tenestene

- Vidareutvikle rutinane for arbeidet med barn og unge frå språklege minoritetar
- Styrke tverrfagleg samarbeid gjennom aktiv bruk av ressursteamet
- Satsing på å gjere undervisninga i skulen praktisk, variert og motiverande
- Heve kvaliteten på leseopplæringa, ved blant anna å innføre ny metode med raskare bokstavinnlæring og ved vidare bruk av SOL, systematisk observasjon av lesing.
- Vidareutvikle vurderingspraksisen i skulane, blant anna ved å trekke erfaringar frå prosjektperioden i *Vurdering for læring*.
- Evaluere og vidareutvikle rutinar for alle overgangar med fokus på erfaringsutveksling og sikre samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule og overgang barneskule og ungdomsskule.
- Etablere tettare samarbeid med vidaregåande skule i høve overgang
- Satsing på arbeidslivsfag i ungdomsskulen
- Vidareutvikle alternative opplegg for elevar med særskilde behov

Nye tiltak

- Utarbeide rutinar for tidleg innsats i barnehage og skule. Tidleg innsats skal vere dokumentert gjennom tilrettelagte tilbod.
- Utarbeide gode rutinar for overgangssamtalar mellom avleverande og mottakande eining.

Ønska resultat

- Avdekking av lese-, skrive- og lærevanskar på eit tidleg stadium
- Betre tilpassa opplæring
- Auka læringsutbyte fagleg og sosialt
- Fleire barn og unge får utbyte av det ordinære tilbodet.

Ressursteamet er ei av kommunen sine satsingar på tidleg innsats overfor barn og unge med psykososiale vanskar. Ressursteamet er eit samarbeid mellom skule, barnehage, heim, PPT, barnevern, helsesøster og kommunepsykolog.
Ressursteamet skal bidra til auka forståing gjennom tverrfagleg tilnærming, gje rettleiing til heim og barnehage/skule, vurdere tilvising til andre instansar og fordele ansvar for oppfølginga av barnet/eleven.
Vurdering for læring er ei nasjonal satsing der skulane skal vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål.

- Betre integrering av barn og unge frå språklege minoritetar
- Auka deltaking i vidare utdanning og arbeidsliv
- Redusert fråfall i vidaregåande opplæring Bør ein ta med arbeid om fråfall tidlegare i teksten?

Børe ein nemne ressursteam tidlegare i teksten. Korleis ta kontakt? Kven gjer dette? Gjeld det for både born og vaksne?(bhg, skule, læringssenteret?)

Lærande organisasjonar er organisasjonar der deltakarane er engasjerte i å skape og dele kunnskap om korleis dei best kan nå organisasjonen sine mål og ønska resultat. I slike organisasjonar ~~vert dei tilsette stimulerte~~ ser dei tilsette nye måtar ~~til å sjå ting på nye måtar~~ og kontinuerleg utforske korleis ein kan lære saman.

3 Gode tilbod og tenester

Sektor for opplæring og oppvekst er ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling har fokus. Dette må ligge i botn for at vi skal kunne sjå kvar einskild og møte behova deira.
Det er viktig for barn og unge sin tryggleik, trivsel og utvikling at dei møter godt kvalifiserte tilsette som gjennom å nytte utvalde metodar og program syter for at det einskilde barn får den oppfølginga det treng. Rett hjelp og oppfølging til rett tid er eit sentralt mål.
For å lukkast med målsetjingane for dette tiltaksområdet, er kompetansen til dei tilsette avgjerande.

Delmål

- Barn og unge møter tilgjengelege vaksne med rett kompetanse som er trygge i rollene sine
- Samhandling og dialog til beste for barn
- Alle tilsette opplever eit inspirerande arbeidsmiljø, fritt for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering
    - Ha tillit til at lærarane bruker autonomien på ein etisk forsvarleg måte.(Lærarprofesjonen si etiske plattform)
- Kommunen sin innsats retta mot barn og unge med særskilde hjelpebehov er prega av tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt, med tanke på å utvikle ei heilskapleg oppfølging av kvar einskild som har behov for kommunen sine hjelpetenester
- Kommunen nyttar til ei kvar tid kunnskapsbaserte/evidensbaserte metodar/program/tiltak som følgjer sentrale tilrådingar
- Kommunen har infrastruktur, IKT-utstyr og –system som
    - motiverer til læring
    - stettar lov og forskrifter i høve utvikling av barn og unge sine digitale ferdigheiter i barnehage og skule
    - fungerer som ein god støttefunksjon for alle tilsette i sektoren

skildringane av IKT-måla i planen på dette punktet står i grell kontrast til den faktiske situasjonen ved VUS

Volda kommune søkjer å legge til rette for at dei tilsette kan vere trygge i rollene sine. Gjennom oppfølging og samarbeid med PPT, kommunepsykolog, logoped, barnevernet og eksterne samarbeidspartar, får tilsette i barnehage og skule støtte til å utvikle vaksenrolla si.
Sektor for opplæring og oppvekst i Volda skal gje støtte i høve utfordringar som barn og unge møter i dag, til dømes utfordringar knytt til:
- Kunnskapssamfunnet som skaper utanforskap om ein ikkje lukkast på skulen
- Utdanning og framtidig yrkesutdanning
- å gjennomføre vidaregåande skule (eige punkt)
13

- Oppleving av stress og det å ikkje strekke til
- Kroppsbilete vs kroppspress
- Einsemd og lite deltaking i organiserte aktivitetar
- Generell velstandsauke versus barnefattigdom

Vi vil vere med å skape eit utviklande og inkluderande oppvekstmiljø for barn og unge, utan omsyn til bustad, kjønn, sosial bakgrunn, etnisk opphav eller funksjonsevne.
I eit slikt miljø skal helsestasjon, barnehagar, skular og SFO gi god støtte, fagleg og sosialt, til kvart einskild barn og kvar einskild ungdom slik at dei kjenner seg verdsett. Barnehage- og skulemiljøet kan slik verke som ein beskyttande faktor, ein arena der venskap og god sjølvkjensle oppstår og utviklar seg.
Dei daglege møtepunkta mellom føresette og tilsette ved helsestasjon, i barnehage og i skule er viktige for å førebygge vanskar. Vi skal legge vekt på dialog og samarbeid med føresette. Dessutan skal vi ha klare målsetjingar og system for, samt forventningar til samarbeidet med heimen. Slik kan vi undersøkje korleis føresette opplever kvaliteten på samarbeidet, noko som vil gi eit godt utgangspunkt for å skape gode oppvekstmiljø (Flytte avsnittet hit?)

Tilsette i opplæring og oppvekst ~~kommunen~~ må ha kompetanse og ferdigheiter til å nytte pedagogiske verkty som skaper gode opplevingar av meistring for det einskilde barn, og som møter barn og unge sine behov på ein aktiv måte. Ein slik kompetanse må inkludere både relasjonskompetanse og kompetanse knytt til tidleg innsats og tilpassa opplæring. Skal vi lukkast med meir sosial utjamning, må vi møte den einskilde med høge forventingar. På same tid må barn som ikkje har tilfredsstillande læringsutvikling fangast opp på eit tidleg tidspunkt. Tidleg innsats må innebere både vurdering av barnet eller eleven sin kompetanse, samt oppfølging i ettertid. Dette krev at våre tilsette kan bruke eit profesjonelt skjøn for å avgjere kva for tiltak som skal setjast inn. Om vi som vaksne på eit tidleg stadium har for lave forventningar til eit barn si utvikling og meistring, kan dette verke negativt inn på seinare faglege moglegheiter.
.
Sektor for opplæring og oppvekst ønskjer god samhandling mellom dei ulike faggruppene og avdelingane. Samhandling handlar om den gjensidige relasjonelle deltakinga og engasjementet i den kontinuerlige dialogen mellom personane som arbeider saman for å oppnå eit felles mål. Samhandling inneber gjensidig forståing og tilpassing mellom eigne og andre fagfolk sine arbeidsoppgåver. Formålet med å handle saman er å sikre flyt i arbeidsprosessane slik at brukarane opplever samanheng i tenester og tiltak. Denne samhandlinga baserer seg på tillit, gjensidigheit og likeverd, samt ei felles forståing om kva det skal samhandlast om og kvifor.
Sektoren har gode erfaringar med nettverksarbeid på mange område, der noko av suksessen ligg i det å dele erfaringar og lære av kvarandre. Siste åra har arbeidsplassbasert kompetanseutvikling vore prøvd ut i stor grad i barnehagar og skular. Kvar enkelt tilsett vert utfordra til å sjå på eigen praksis,

gjere undersøkingar og dele erfaringane sine med andre undervegs. Slik utviklar og forbetrar vi eigen praksis. Vi ønskjer å utvikle denne modellen vidare og integrere han i alle avdelingar og einingar. Digital kompetanse er i dag ein føresetnad for å delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv. For å klare å følgje opp forskrifter og rammeverk i høve IKT treng vi eit løft i sektoren, både med omsyn til kompetanse, infrastruktur og utstyr. 14

Tiltak

Utvikling av tenestene

 Sikre kompetansetiltak for tilsette i høve vaksenrolla, relasjonsbygging, tidleg innsats, tilpassa opplæring, vurdering for læring, læringsleiing, fleirkulturelt mangfald.

 Nytte miljøterapeutisk kompetanse i skulen

 Alle einingar skal vere lærande fellesskap kjenneteikna ved god tilrettelegging for erfaringsdeling. Det skal reflekterast over god praksis i fellesfora, i team eller avdelingar og i faggrupper.

 Sektoren bruker kunnskapsbaserte metodar og program

 Alle einingar skal ha fokus på nærvær og arbeidsglede og aktivt følgje opp rutinar for Inkluderande Arbeidsliv (IA) og plan for helse, miljø og sikkerheit (HMS).

 Kvar eining skal ha eit system for å følgje opp medarbeidarane

 Felles system for prosedyrar og rutinar skal jamleg oppdaterast

 Volda kommune skal ha eit system for oppfølging av kvalitet i barnehage og skule som:

- fører til utvikling
- gir fagleg støtte
- gir breitt innsyn i einingane sitt arbeid og resultat.
- legg til rette for god dialog mellom brukarar, personale og eigar og også mellom einingar
- avdekkjer og lukkar avvik

 Arbeidet retta mot barn og unge med særskilde ~~hjelpe~~behov er prega av tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt

 Volda kommune skal ha

- god pedagogisk bruk av IKT i barnehage og skule som motiverer til læring
- personale med god digitaldidaktisk (er dette eit nytt ord?) kompetanse(ev didaktisk kompetanse innanfor digitale hjelpemiddel)
- godt utstyr og pedagogisk programvare til bruk i barnehage og skule

- er punkta som står under «Tiltak» **målformuleringar eller tiltak**?

Nye tiltak

 Auka kapasitet til miljøtiltak i skule – miljøarbeidar, sosiallærar (anna kompetanse)

 Vurdere nye tiltak/metodar/program opp mot sentrale føringar innan dei ulike fagområda

 Ipadar i forholdet 1:2 for 4-6-åringane i barnehagen

 Ipadar i forholdet 1:1 på 1.-4. årssteg i skulen

 Ipadar/chromebooks/PCar i forholdet 1:1 på 5.-10. årssteg i skulen

Uttale frå VUS: innhaldet punktet «Nye tiltak» om bruk av ipadar og chromebooks er det vanskeleg å uttale seg om då me ikkje kjenner vurderingane som ligg til grunn for tiltaket, men me er usamd i prioriteringane som kjem til uttrykk i IKT-strategien (som skal vere ei presisering til innhaldet i kvalitetsplanen på dette området);

VUS er lova aksesspunkt vinteren/våren 2017 (påstand om at dette skal løyse dei fleste av våre problem, men dette trur me ikkje noko på) og GAFE i 2018. Men kvardagsskildringane som lærarane har kome med, syner at meir grunnleggande tiltak må prioriterast og tiltak må skje mykje raskare.

Klubben ved VUS krev m.a. at
- aksesspunkta me er blitt lova, må vere på plass i januar 2017
- tiltak for å løyse alle dei grunnleggande vanskane me har, og som ikkje vert løyste etter at aksesspunkta har kome opp, må setjast inn februar 2017.

Tiltaka krev pengar, men tiltaka er ikkje med i budsjettet for 2017?

Referatet frå 10.årssteget 12.des. illustrerer nokre av dataproblem og konsekvensane av desse:

- *Må bytte timer med seg sjølv når dataen er ledig. Frustrerande: Det tek opptil 30 min for å opne enkelte datamaskiner!*
- *Eg har gitt opp!*
- *Orker ikkje å bruke så mykje tid på data. Kutter det ut.*
- *Prøver. Musikkprosjektet: Berre problem! Både program og andre ting vart sletta. Frustrerande! Vert lei!*
- *For få maskiner. Ikkje plass på serveren til å lagre alt. Ped-it er tungvindt. Alle skrivarane er ikkje kopla til maskinene.*
- *Vanskeleg: finne rom, logge på eigne brukarar, stavekontroll, maskiner låser seg. Resultat: elevane misser verdifull tid.*
- *Brukar data mins mogleg.*
- *Dei som skal hjelpe oss, klarer ofte ikkje å finne feila.*
- *Det tek opptil 30 min å få logga på. Serveren er ofte full, slik at vi ikkje får lagra alt. Dette er for dårleg! Elevane får ikkje den undervisninga dei har rett på.*

Ønska resultat

- Autoritative vaksne i barnehage og skule
- Tett foreldresamarbeid
- Godt tverrfagleg samarbeid – opplevd heilskap i tenestene frå kommunen
- Auka trivsel i barnehage og skule
- Auka læring i barnehage og skule
- Betre psykisk helse hjå barn og unge
- Avdekking av lese-, skrive- og lærevanskar på eit tidleg stadium
- Foreldre til barn med særskilde behov opplever at barna deira får ei heilskapleg oppfølging frå hjelpetenesta i kommunen

Autoritative vaksne er vaksne som skaper trygge, tillitsfulle relasjonar, utøver varm grensesetting med føreseielege reglar og tydelege beskjedar, samtidig som dei stiller realistiske krav og forventningar.

 Tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og dugleik knytt til aktuelle tiltak/program/metodar innan sitt virke

 Barn og unge utviklar digital kompetanse som er nødvendig for å delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv

16

Kjelder

Bandura, Albert (1997): Self-efficacy: The exercise of control. New York: W.H. Freeman and company.
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2015): Trygghet, deltakelse og engasjement.
Befring, Edvard og Reidun Tangen (2012): Spesialpedagogikk. Cappelen Akademiske Forlag.
FN sin konvensjon om barn sine rettar: http://www.fn.no/FN-informasjon/Avtaler/Menneskerettigheter/FNs-konvensjon-om-barnets-rettigheter-barnekonvensjonen
Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter: https://www.regjeringen.no/contentassets/2b16dd79c34f46e49aa580b48b955af8/samlet-plan-for-barn-og-unge.pdf
Kunnskapsdepartementet (2015): NOU 2015:2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø.
Lov om barnehage: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova
Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/
Rammeplan for barnehagen: http://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/
Redd barna (2016): http://www.reddbarna.no/elevenesmening/til-laerere/hvordan-faa-til-elevmedvirkning/voksenrollen-er-viktig
St. meld. nr. 16 (2006-2007): … og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring. https://www.regjeringen.no/contentassets/a48dfbadb0bb492a8fb91de475b44c41/no/pdfs/stm200620070016000dddpdfs.pdf
St. meld. nr. 31 (2007-2008): Kvalitet i skolen. https://www.regjeringen.no/contentassets/806ed8f81bef4e03bccd67d16af76979/no/pdfs/stm200720080031000dddpdfs.pdf
Voldaprosjektet: http://www.ntnu.no/rkbu/voldaprosjektet

Lærarprofesjonen si etiske plattform
https://www.utdanningsforbundet.no/upload/Profesjonsetikk/Plattformen/L%C3%A6rerprof_etiske_plattform_A3_nynorsk_hvit_rev131114_siste.pdf

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

NOTAT

Frå: May-Lisbet Lande
Kopi: Opplæring og oppvekst
Sak: Oppvekstplan, Volda kommune

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2015/2384	*14548/2016*	*033*	*SVK/MAYLAN*	*14.12.2016*

MELDING OM POLITISK VEDTAK - KVALITETSPLAN FOR OPPLÆRING OG OPPVEKST - HØYRINGSUTKAST

Vi melder med dette frå at Ungdomsrådet den 14.12.16, hadde føre ovannemnde som sak 2015/2384 der det vart gjort slikt vedtak:

Ungdomsrådet har handsama planen og er samde i at den gjennspeglar samhald. Rådet likar verdiane som er satt opp: raus, modig, kompetent og lærande. Ungdomsrådet synest kvalitetsplanen er dekkande for alle delmål og resultat og tek planen til vitande.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, Kultur og service

May-Lisbet Lande
Koordinator for Volda ungdomsråd

Kopi til:
Vibeke Berge

Handsaming:
Ungdomsrådet har handsama planen og er samde i at den gjennspeglar samhald. Rådet likar verdiane som er satt opp: raus, modig, kompetent og lærande. Ungdomsrådet synest kvalitetsplanen er dekkande for alle delmål og resultat og tek planen til vitande.

Røysting:
Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 14.12.2016
Ungdomsrådet har handsama planen og er samde i at den gjennspeglar samhald. Rådet likar verdiane som er satt opp: raus, modig, kompetent og lærande. Ungdomsrådet synest kvalitetsplanen er dekkande for alle delmål og resultat og tek planen til vitande.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Totland	Arkivsak nr.:	2016/1928
		Arkivkode:	T51

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
233/16	Formannskapet	29.11.2016
5/17	Kommunestyret	26.01.2017

VEGLYS KRUMSVIKA MØRENETT BYGGER NED LUFTSPENN

Handsaming:
Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:
Kommunestyret finn ikkje å kunne løyve kr 893 000 til investering i gatelys for fire husstander langs kommuneveg Vika i Krumsvika.

Eingongskostnad på kr 75.000,- i riving av det kommunale veglysanlegget langs kommuneveg Vika vert dekt over drifta til teknisk sektor.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret finn ikkje å kunne løyve kr 893 000 til investering i gatelys for fire husstander langs kommuneveg Vika i Krumsvika.

Eingongskostnad på kr 75.000,- i riving av det kommunale veglysanlegget langs kommuneveg Vika vert dekt over drifta til teknisk sektor.

Vedleggsliste:
1. E-post dialog mellom Teknisk sjef i Volda kommune og Mørenett.

Uprenta saksvedlegg:
Ingen

Samandrag av saka:
Mørenett driv i desse dagar og legg kabel mellom Stramshamn og Folkestad. I den samanheng fjerner dei luftspenn. Veglysanlegget til Volda kommune, i kommuneveg Vika, er i dag ein del av dette luftspennet.

Volda kommune har då valet mellom å investere Kr 893.000 inkl mva i nytt veglysanlegg, eller å la Mørenett fjerne det eksisterande veglysanlegget til ein omtrentleg kostnad på kr 75.000 denne kostnaden kjem på begge alternativa.

Mørenett må ha svar på kva for løysing vi vel innan 03/12-16.

Saksopplysningar/fakta:

Mørenett driv i desse dagar og legg kabel mellom Stramshamn og Folkestad. I den samanheng fjerner dei luftspenn. Veglysanlegget til Volda kommune, i kommuneveg Vika, er i dag ein del av dette luftspennet. Veglyset langs denne vegen vart etablert den gongen Volda kommunale E-verk avgjorde kvar der skulle etablerast veglys. Veglyset kan i dag ikkje reknast som fullgod gatebelysning, då det er over 100m mellom lyspunkta. Det er meir som sporadiske lyspunkt å rekne.

Volda kommune har no valet mellom å investere Kr 893.000 inkl mva (715 000 + mva) i nytt veglysanlegg, eller å la Mørenett fjerne det eksisterande veglysanlegget til ein omtrentleg kostnad på Kr 75.000,-, denne kostnaden kjem på begge alternativa, då det gamle lysanlegget må rivast uansett. Ev investering vil vere ei kapitalutgift ettersom kommunen da vil eige anlegget. Kostnaden med på 75 000 som kjem på uansett vert ei driftsutgift.

Volda kommune kan også velje å ta over det eksisterande anlegget og drifte dette sjølv med stort umiddelbart utskiftings- og vedlikehaldsbehov og krav. Administrasjonen ser ikkje at Volda kommune har kompetanse til å drifte eit slikt anlegg. Vedlikehalds behovet er av såpass stort omfang at det nok sikkert vil koste opp mot kostnaden med nytt veglysanlegg.

Vegen det her er snakk om er i Krumsvika, er 2150 m lang og har i dag 20 lyspunkt. Vegen er i snitt 3 meter brei og har mange svingar. Der er fire husstander med fastbuande langs denne strekninga. Vegen er mykje brukt som turveg for fastbuande på Folkestad.

Der er fleire kommunale vegar i Volda kommune som ikkje har kommunale veglys. Langs nokre av desse vegane bur der meir folk enn det gjer i Krumsvika, som til dømes i Hjartabygda.

Dersom der skal etablerast veglys på strekninga i framtida, vil det koste meir enn kr 893 000 då vi ikkje får fordel av å delta i eksisterande grøft, ilag med Mørenett.

Volda kommune har pr. i dag ikkje nokon politikk på kva for vegar som skal ha kommunalt veglys og kva for vegar som ikkje skal ha det. Dette må vera med i hovudplan for vegar, som skal utarbeidast i løpet av 2017.

VURDERING OG KONKLUSJON

Vurderingar i høve til kommuneplanen:

Helse og miljøkonsekvensar:
Vegen vert mindre attraktiv som turveg i mørketida og kan føre til mindre aktivitet og dårlegare folkehelse på Folkestad.

Økonomiske konsekvensar
Kostnaden med riving kr 75 000 kjem på uansett om ein investerer i nytt anlegg, eller om lysanlegget vert erstatta med nytt anlegg. Dersom kommunen investerer i nytt lysanlegg, vil kommunen få auka investering på kr 893 000 som enten må dekkjast ved ubrukt kapitalfond eller auka låneopptak. Utfordringa med for mange løyvingar som tappar kapitalfondet er at kommunen får svekka likviditet. Vidare medfører redusert kapitalfond redusert finansavkastning. Auka lånegjeld medfører auka kapitalutgifter på ca 35 000 i året.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Det kan verte vanskelegare for nødetatane å orientere seg ved utrykking i mørketida.

Konklusjon:
For befolkning og besøkjande på Folkestad er det ein ulempe dersom veglysa i Krumsvika vert fjerna.

Kommunen har høg lånegjeld. Det er nyleg lagt fram framlegg til budsjett og økonomiplan for 2017 – 2020 der dette prosjektet ikkje var kjent nok i tide til å verte vurdert der. Ei så vidt stor investering som kommunen står fritt til å vurdere, bør sjåast i samanheng med økonomiplanen. Slik at dersom formannskapet vil gå for dette, så bør ein samtidig redusere tilsvarande investeringsbeløp i budsjettet for 2017. Med bakgrunn i fristen frå Møre-nett må saka handsamast i forkant av budsjettet. Det inneber også at formannskapet må gjere vedtak etter hasteparagrafen i kommunelova (§ 13), fordi myndet til å vedta investeringar og finansiere investeringane ligg til kommunestyret. Når det gjeld gatelys bør ein vurdere om investeringa skal gå til strekninga for 4 husstander, eller om ein vil prioritere andre vegstrekningar som har større trafikkbelastning. På den andre sida må ein også vurdere politisk kva ein vil prioritere investeringsmidlar til ut frå eit overordna perspektiv kva behov som er mest presserande i kommunen.

Ut frå ei samla vurdering og med bakgrunn i kommunen sin pressa økonomi, finn ikkje rådmannen å tilrå ei investering på kr 893 000 til gatelys på ei vegstrekning med 4 husstandar. Investeringsnivået i framlegget til budsjett- og økonomiplan er høgt, og det kan hende at kommunestyret i si budsjetthandsaming også vil ta denne ned ut frå ev ynske om å halde nede eigedomsskatten.

Rune Sjurgard	Rune Totland
Rådmann	teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Hei.

Mørenett skal grave i år og neste år, og vi prøver å få med dei leidningsetatane som vi deler stolpar med i dag. Det gjeld veglys og telefon. Årsaka er todelt – det vert rimelegare for alle partar og det vert eit ryddig og mykje meir vedlikehaldsfritt anlegg til slutt. Det er ikkje mogleg for oss å forskottere noko

Kostnaden med berre å legge eit 75 kabelrøyr kjem på ca 280 000, og med 25 stk fundament ca 350 000.

I Krumsvika må der monterast styring og ca 420 m EX på dei stolpane Mørenett ikkje treng lenger. Reknar med at d kommunen ikkje vil ta over blank line, som heng der no. På dei andre stadane vil vi legge kabel til matepunkta.

Har de tid til synfaring?

Vennleg helsing

Oddmund Humberset
Ingeniør
Mørenett AS

+47 91 85 25 60
Oddmund.Humberset@Morenett.no

Fra: Rune Totland [mailto:Rune.Totland@volda.kommune.no]
Sendt: 21. oktober 2016 11:39
Til: Oddmund Humberset <Oddmund.Humberset@Morenett.no>
Kopi: Dag Dårflot <Dag.Darflot@volda.kommune.no>; Arve Folkestad <Arve.Folkestad@Morenett.no>
Emne: SV: Kabelgrøft Vika, Folkestad

Hei, det vart ein høg sum for eit vegstrekk der det bur lite folk. Dette er noko vi i tilfelle må innarbeide i budsjett for 2018, og la politikarane bestemme om dei vil investere 700.000 i krumsviklys. I utgongspunktet ynskje Volda kommune å behalde veglysanlegget slik det er i dag med lågspent i luft på trestolpar.

Dersom veglysa som er der i dag fjernast og ei investering på 700000 er nødvendig for å behalde lys på vegen, vil det verte ei omdømesak for Mørenett om dykk velgjer å gjennomføre nedbygginga av luftspennet.

Med Venleg Helsing

Rune Totland
Teknisk Sjef
rune.totland@volda.kommune.no
Tlf 99465002
www.volda.kommune.no

Fra: Oddmund Humberset [mailto:Oddmund.Humberset@Morenett.no]
Sendt: 20. oktober 2016 15:53
Til: Rune Totland; Asbjørn Aasebø
Kopi: Arve Folkestad
Emne: VS: Kabelgrøft Vika, Folkestad

Hei.

Viser ti l samtale med Rune Totland i dag.

Her er eit budsjett for kostnader på nytt veglysanlegg med 50W LED-armatur:

Kabelgrøft:	2150 m	100	215 000
Nytt stålmastanlegg:	25 stk	20 000	500 000
Sum:			715 000

Gjennomsnittleg avstand vert ca 85 m.

Vi håpar å kome i gang med kabelgrøft i neste veke – veke 43 med graving frå Krumsvikneset mot Krumsvik.
Legg ved forslag til veglys med stålmaster på Krumsvikneset og grøftesnitt.

Vennleg helsing

Oddmund Humberset
Ingeniør
Mørenett AS

+47 91 85 25 60
Oddmund.Humberset@Morenett.no

Fra: Oddmund Humberset
Sendt: 7. oktober 2016 11:35
Til: 'Rune Totland' <Rune.Totland@volda.kommune.no>; Asbjørn Aasebø <Asbjorn.Aasebo@volda.kommune.no>
Kopi: Arve Folkestad <Arve.Folkestad@Morenett.no>
Emne: Kabelgrøft Vika, Folkestad

Hei.

Mørenett ynskjer å starte graving i Vika frå Krumsvikneset mot Folkestad. Vi skal legge kabelrøyr for 22kV-linje og

lågspentnett på strekninga.

Vi ynskjer synfaring før arbeidet startar for å avklare korleis arbeidet bør utførast . Ma ser vi føre oss at det må leggast røyr i stikkrenner.

Vi ynskjer også fleire til å vere med i kabelgrøfta. Bård Lillefosse m fl kan vere interessert i å legge privat vassleidning om prisen vert låg nok. Telenor er ikkje interessert.

Men er kommunen interessert i å kable veglyset? Legg ved eit oversyn for veglys på strekninga. Mesteparten vart bygt i 1984, og der er fellesføring både med Mørenett og Telenor. Eg kan tenkje meg å nytte same modell som i Hjartåbygda for å bygge eit kabelnett – at kommunen kostar kr 100 pr m grøft, 75 kabelrøyr og ein sum for kvart lyspunkt (utlegg, fundament og helst mast med lys i).

Ynskjer snarleg tilbakemelding.

Vennleg helsing

Oddmund Humberset
Ingeniør
Mørenett AS

+47 91 85 25 60
Oddmund.Humberset@Morenett.no

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Lars Fjærvold	Arkivsak nr.:	2016/406
		Arkivkode:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/17	Formannskapet	10.01.2017
6/17	Kommunestyret	26.01.2017

HAMNEAVGIFT - VIKENESKAIA OG ALLMENNINGSKAIA 2016

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

1. ***Hamneregulativet med betalingssatsar vert godkjent slik som det er lagt fram i vedlegg av 04.11.16.***

2. ***Hamneavgifta/betalingssatsar vert rullert årleg i samband med den årlege reguleringa av kommunale avgifter og gebyr.***

3. ***Informasjonsskilt vert plassert som vist i vedlegg 2.***

4. ***Administrasjonen finn ei løysing for innkrevjing av avgift for fritidsbåtar og mindre fartøy.***

Administrasjonen si tilråding:

5. **Hamneregulativet med betalingssatsar vert godkjent slik som det er lagt fram i vedlegg av 04.11.16.**

6. **Hamneavgifta/betalingssatsar vert rullert årleg i samband med den årlege reguleringa av kommunale avgifter og gebyr.**

7. **Informasjonsskilt vert plassert som vist i vedlegg 2.**

8. **Administrasjonen finn ei løysing for innkrevjing av avgift for fritidsbåtar og mindre fartøy.**

Vedleggsliste:

1. Hamneregulativ
2. Kartutsnitt med plassering av informasjonsskilt
3. Gamalt Hamneavgiftsregulativ

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Hamneregulativet og vederlaga for bruk av kaiene i Volda Hamn har ikkje vore regulert sidan 2011. Kommunen går glipp av inntekter då det i dag ikkje er mogleg for fartøya å registrere seg når dei legg i hamna. Det vert no fremja forslag til nye satsar for vederlaga og gebyr i eit nytt Hamneregulativ.

Hamneregulativet har vore ute til høyring. Det har ikkje kome inn merknader til forslaget.

Saksopplysningar/fakta:

Hamneregulativet og vederlag for bruk av kai og fasilitetar i Volda Hamn (Vikeneskaia og Allmenningskaia) har berre vore regulert ein gong sidan dagens betalingssatsar og retningslinjer vart godkjende og vedtekne av kommunestyret i 2006. Dette var i 2011. Vederlaga som i dag er gjeldande i Volda Hamn (Allmenningskaia og Vikeneskaia) er lågare enn tilsvarande hamner i distriktet (då særleg Hareid, som ein vil kunne samanlikne seg med), og straumavgifta er ikkje i samsvar med den reelle kostnaden kommunen har på forbruk av straum. Det er difor føremålstenleg at satsane vert oppjusterte for å følgje prisutviklinga og dekkje reelle kostnader.

På grunn av manglande registreringssystem er det vanskeleg for teknisk sektor å registrere båtane som legg til kaia. Kommunen går med dette glipp av inntekter til å dekke drift og vedlikehald av kaiarealet. Det er difor naudsynt at ein får etablert ei registreringsordning slik at innkomne skip og båtar kan registrere seg ved tilkomst sjølve.

Priseksempel gamalt regulativ og satsar for ein båt på 56 meter og 787 bruttotonn:

5 liggedøgn = 1002 kr
5 dagar med straum 230V 63Amp = 1705 kr
Totalt = 2807 kr

Priseksempel med nytt Hamneregulativ:

5 liggedøgn = 2138 kr
5 dagar med straum 230V 63Amp = 4209 kr
Totalt = 5847 kr

Det vil i tillegg komme eit eingongsgebyr pålydande kr. 500,- for tilkopling av vatn og straum. Dette gebyret dekker timane utrykkings timane til teknisk vakt.

Innkrevjing av kaivederlag
Det er ikkje avsett ressursar i kommunen til å overvake hamneområdet 24 timer i døgnet. Tilsyn må gjerast sporadisk, og innkrevjing av kaivederlag vert som regel gjort berre når større båtar blir liggande lenge til kai. Kommunen går dermed glipp av ei potensiell inntekt. Det er i dag ingen måte for innkomande fartøy å registrere seg sjølve på. Å setje opp informasjonstavle med hamnevedtekter og registreringsskjema med låst postkasse vil gjere det enklare for innkomande fartøy å registrere seg. Kommunen kan da fakturere dei i ettertid. For å sikre at innkomande fartøy registrerer seg kan ein setje eit straffegebyr. Det er foreslått kr 15.000,- i straffegebyr for yrkesfartøy. Kommunalteknisk avdeling vil gjennomføre stikkontrollar og hente utfylde skjema frå postkassa kvar fredag. Det må utarbeidast ei ordning for yrkesfartøy, og ei ordning for fritidsbåtar. For fritidsbåtar vil det kunne vere naturleg at lokalt næringsliv tek imot kaiavgifta på vegne av kommunen. Eller at ein finn eit elektronisk system der båteigarar kan registrere seg ved ankomst. Volda Småbåtlag praktiserer dette i dag. Kommunalteknisk avdeling vert likevel ansvarleg for hamna og gjennomfører stikkontrollar av fritidsbåtar.

Kommunalteknisk avdeling har vore i kontakt med datatilsynet for å undersøke moglegheitene for video overvaking av kai området og elektronisk innkrevjing. Det er strenge krav til video overvaking i offentlege rom og areal. Det må utgjere ein stor tryggleiks fare for ålmenta om overvaking skal vere tillate. Det er heller ikkje lov til å krevje inn gebyr basert på videoovervaking. Elektronisk overvaking er difor ikkje sett på som eit reelt alternativ i denne saka.

Justering av vederlag og gebyr
Då særleg straumprisane varierar frå år til år, og ein ikkje har installert straummålarar på dei ulike straumkursane på Vikeneskaia, bør ein justere alle satsane i regulativet kvart år i samband med den årlege justeringa av kommunale avgifter under budsjetthandsaminga.

Saka var oppe i formannskapet i samband med vedtak om offentleg ettersyn og høyring. Dette er gjennomført, og det har ikkje kome merknader til forslaget til regulativ.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen helse eller miljøkonsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Volda hamn vil få ein høgare inndekning av faktiske utgifter knytt til drift og vedlikehald av hamna. Oppdatering av regulativet med nye satsar vil gjere drifta av Vikeneskaia og Allmenningskaia meir føreseieleg, og ein vil dekke inn ein større del av dei faktiske utgiftene med drift og vedlikehald av kai arealet.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen særleg auke av beredskap.

Rune Sjurgard Rune Totland

Rådmann teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

1 KAIVEDERLAG

Alle fartøy som legg til kai i Volda Hamn plikter å registrere seg ved tilkomst til kaia. Alle fartøy plikter å betale kai vederlag med unntak nemnd i punkt 1.3. All informasjon om registrering og fakturering skal til ei kvar tid være tilgjengeleg på Volda Kommune sine heimeside og på oppslagstavler på kai området.

1.1 Berekningsgrunnlag for kai vederlag

Alle fartøy med unntak nemnt i punkt 1.3, pliktar å betale kai vederlag for bruk av kommunale kaier etter følgjande satsar:

KAI VEDERLAG

BRUTTOTONNASJE		INTERVALL	SATTS PR. TONN
For dei fyrste	300BT	1 - 300	kr 0,66
For dei neste	300BT	301 - 600	kr 0,53
For dei neste	600BT	601 - 1200	kr 0,38
For dei neste	800BT	1201 -2000	kr 0,36

MINSTEPRIS KAI VEDERLAG

PRISTYPE	FARTØYSTYPE	PRISSATTS
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy under 12 meter	kr 100,00
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy mellom 12-15 meter	kr 200,00
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy over 15 meter	kr 300,00

1.2 Kai vederlag for fritidsbåtar

For bruk av kommunale kaier, skal fritidsbåtar betale følgjande vederlag:

Båtar under 10 meter betaler kr. 75,- per døgn.
Båtar over 10 meter betaler kr. 100,- per døgn.

1.3 Grunnlag for ilegging og utrekning av kai vederlag

Følgjande er lagt til grunn for utrekning og pålegg om kai vederlag:

a. Alle fartøy som legg til kai i Volda Hamn plikter å registrere seg ved tilkomst.
b. Fartøy som innan rimelig tid etter innkomst ikkje har registrert seg vil utan skriftleg åtvaring kunne bli pålagt eit straffegebyr pålydande kroner 15.000,- per døgn. For fritidsbåtar er gebyret på kroner 1.500,- per døgn.
c. Kai vederlag betalast fullt ut per påbyrja døgn til kai.
d. Liggetid vert rekna frå fartøyet legg til kai og til det går frå kai.

e. Eit døgn vært rekna som 24 timer frå tilkomst.
f. For kvart nytt døgn skal det betalast fullt kai vederlag.
g. Fartøy som har lasta eller lossa varer plikter å registrere dette før ein forlet kaia.
h. Fartøy som ikkje registrerer lasta eller lossa varer kan blir pålagt eit gebyr på opp til kroner 15.000,-.
i. Orlogsfartøy, både norske og utanlandske, er fritekne frå kai vederlag.
j. Rutegåande fartøy er fritekne frå kai vederlag.
k. Fiskefartøy som omset fangst direkte til forbrukar ved kommunal kai, betalar ikkje kai vederlag innanfor det regulerte området definert i vedlegg I.
l. Kai arealet som er regulert for omsetting av sjømat direkte til forbrukar kan berre nyttast mellom kl 07:00 til 18:00 alle dagar. Utanfor dette tidsrommet er det ikkje tillate å ligge fortøya til det oppmerka området.

Alle fartøy, enten dei er fritekne frå kai vederlag eller ikkje, pliktar å ta den plassen som vert tilvist frå kommunen. Dersom det er naudsynt kan kommunen seinare krevje forhaling eller flytting av fartøy.

1.4 Langtidsleige

Allmenningskaia

Volda kommune har regulert eit området markert raudt i vedlegg I. Det er her moglegheit til å søkje om langtidsleige direkte til kommunen. Pris og lengde på leigeavtalen avtalast etter skjøn, avhengig av lengde på båt og lengde på avtalen.

Vikeneskaia

Det er mogleg å inngå langtidsleige på Vikeneskaia. Søknad om langtidsleige skal være skriftleg til kommunen. Pris og lengde på leigeavtalen avtalast etter skjøn, avhengig av lengde på båt og lengde på avtalen. Kommunen held fast ved retten til å krevje at fartøy må forlate kaia dersom det oppstår omstende som krev at kai arealet må frigjerast. Leigar skal ikkje betale leige i perioden kommunen krev at fartøyet forlet kaia. Leigar har ikkje moglegheit til å seie opp leigeavtalen utan å betale ein kompensasjon for tapt inntekt for kommunen. Kompensasjonen vert vurdert ut frå lengda på den attståande tida og prisen på leigeavtalen.

1.5 Straffegebyr

Fartøy som ikkje registrerer seg innan ein time etter tilkomst vil verte pålagde eit straffegebyr på kroner 15.000,-.

2 VARE VEDERLAG

For varer som vert lasta eller lossa over kommunal kai skal det betalast eit vare vederlag som vert rekna ut på grunnlag av sendinga si bruttovekt for vektvarer og bruttomål for kubikkvarer. Fartøy som lastar eller lossar er ansvarleg for at varevederlaget og registrering av talet på tonn vektvare eller kubbikkvare som blir lasta/lossa.

Varevederlag

Tonn vektvare	à 12kr
Kubikkmeter	à 6kr
Singel/sand/pukk pr tonn	à 3,5kr

Vare vederlag dekkar lagring av varar på kaia eller kommunen sine areal i inntil 48 timar etter at vara er lossa/laste frå/til fartøy.

Om same vare blir lasta og lossa frå kaia, betalast vare avgifta ein gong.

2.1 Opplagsvederlag

Varer som vert lossa og opplagd på kommunal kai eller grunn må snarast råd fraktast bort, dersom ikkje kommunen gjeve løyve til lagring.

For varer som vert liggjande lagra over 48 timar (Søndag og heilagdagar, 1. og 17. mai er ikkje medrekna) pliktar eigar av vara å betale opplagsvederlag til Volda kommune kvart døgn eller ved start av nytt døgn etter følgjande takstar.

Kr. 10,- per kvadratmeter

Sand, singel, pukk og liknande har ein avgift på 3 kr per tonn.

Kommunen er utan ansvar for varer som vert lagra på kommunal kai eller grunn. Dette gjeld både skade på vare og sikring/avsperring av lagerplass.

3 Straumavgift

Alle fartøy som ønskjer å kople seg på straumnettet betaler ein fast pris per døgn. Minstesum for straumavgift er eit døgn.

Straum avgift

400V Uttak	Kurs	Maks effekt	Grunnpris	Straumpris pr. døgn	Pris 1.døgn
S4	100A	58kw	330	1400	1730
S3	63A	36kw	330	870	1200
S2	32A	18kw	330	440	770
230V Uttak					
S4	125A	42kw	330	1000	1330
S3	63A	20kw	330	480	810
S2	32A	10kw	330	240	570
S1	16A	5kw	330	120	450

3.1 Påkoplingsgebyr for vatn og straum

Ved tilkopling til vatn og straum kjem det eit tilkoplingsgebyr på kroner 500,- per tilkopling. Avgifta inkluderer også fråkopling. Om vatn og straum tilkoplast samtidig skal ein berre betale for ei tilkopling.

3.2 Kai dimensjonar

Vikeneskaia har ein dimensjonerande tillat vekt på 3 tonn/m2 i opplagringskapasitet.

Pullertfesta er 50T, og bruttotonnasje for båt skal ikkje overstige (BT) 12500T totalt.

Dato: 04.11.2016

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: 70058886

www.volda.kommune.no
Org. Nr. 939 760 946
Bankgiro 3991.07.81727

Vedlegg I

Allmenningskaia regulert for ulike formål.



Gult – Regulert for gjestehamn

Blått – Regulert for sal av fisk og anna sjømat

Raudt – Regulert for langtidsleige

Plassering av infoskilt Allmenningskaia



Plassering infoskilt Vikeneskaia

VOLDA KOMMUNE

HAMNEAVGIFTER

MED
BETALINGSSATSAR
OG
REGLEMENT

KAIAVGIFT

Berekningsgrunnlag for kaiavgift

Alle fartøy med unntak av dei som er nemnt i pkt, skal betale kaiavgift for bruk av kommunale kaier etter følgjande satsar:

Kr 0,25 pr. brutto registertonn.

Kaiavgift for fritidsbåtar

For bruk av kommunal kaier, skal fritidsbåtar betale følgjande avgift:

Båtar under 10 meter betalar	kr. 50.- pr. påbyrja døgn.
Båtar over 10 meter betalar	kr. 75,- pr. påbyrja døgn.

Grunnlag for ilegging av kaiavgift

a) kaiavgifta skal betalast pr. påbyrja døgn liggetid.
b) Liggetida vert rekna frå fartøyet legg til og inntil det går frå kai. Det skal betalast kaiavgift for minst eit døgn. Påbyrja del av døgn under 6 timar eller mindre vert rekna som halvt døgn. Påbyrja del av døgn over 6 timar vert rekna som heilt døgn.
c) Fartøy som fortøyer utanfor eit anna fartøy som ligg ved kai, betaler kaiavgift som om fartøyet var fortøygd i kaia.
d) Fartøy som får løyve til opplagsplass utover 30 dagar, kan etter avtale med Volda kommune få redusert kaiavgifta.
e) Orlogsfartøy, både norske og utanlandske er fritekne for kaiavgift.
f) Rutegåande farty er friteken for kaiavgift.
g) Båteigarar som har avtale med Volda Småbåtlag om betaling for fast bøye eller bryggeplass, skal ikkje betale særskilt avgift til Volda kommune.
h) Fiskefartøy som omset fangst direkte til forbrukar ved kommunal kai, betalar for maksimum 3 døgn pr kalendermånad

Alle farty, enten dei er fritekne for kaiavgift eller ikkje, pliktar å ta den plassen som vert tilvist frå kommunen. Dersom det er naudsynt kan kommunen seinare krevje forhaling eller flytting av fartøy.

VAREAVGIFT

For varer som vert lasta eller lossa over kommunal kai, skal det betalast ei vareavgift som vert utrekna på grunnlag av sendinga si bruttovekt for vektvarer og etter bruttomål for kubikkvarer.
Tilhøvet mellom bruttovekt og volum = 1 : 2, 1 tonn = 2 kubikk meter = 60 kubikkfot, og vert å betale etter følgjande takstar:

a) Kr 10,- pr 1000 kg vektvarer og kr 5,- pr kubikkmeter.
b) Singel, sand, pukk, grus, asfalt og lignende, kr 2,- pr tonn.

Vareavgifta dekker lagring av varer på kaia eller kommunen sine areal inntil 48 timar etter at vara lossa eller lasta frå/til fartøy.

Varemottakar er ansvarleg for vareavgifta for inngåande varer, og vareavsendar for utgåande. Det skal likevel ikkje vere noko i vegen for at vareavgifta kan påleggast transportøren etter avtale, dersom avgifta er inkludert i frakta.

OPPLAGSAVGIFT

Varer som vert lossa og opplagd på kommunal kai eller grunn, må snarast råd fraktast bort, dersom ikkje kommunen har gjeve løyve til lagring.
Varer som vert liggjande lagra over 48 timar (søn- og helgedagar, 1. og 17. mai er ikkje medrekna) pliktar eigar å betale opplagsavgift til Volda kommune for kvart døgn eller deler av døgn etter følgjande takstar:

Kr 4,- pr kvm

Kommunen er utan ansvar for varer som vert lagra på kommunal kai eller grunn. Dette gjeld både skade på vare og sikring/avsperring av lagerplass.

Takstane gjeld for inneverande budsjettår, og kan endrast i samband med budsjettet for 2007.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/2111
		Arkivkode:	076

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/17	Formannskapet	10.01.2017
7/17	Kommunestyret	26.01.2017

KULTURPRIS - VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret vedtek å opprette ordning for kulturpris i Volda kommune og godkjenner retningsliner for prisen slik det er vist i saksutgreiinga.***

2. ***Utgiftene med prisen i 2017, kr 10 000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett- og økonomiplan.***

Administrasjonen si tilråding:

3. ***Kommunestyret vedtek å opprette ordning for kulturpris i Volda kommune og godkjenner retningsliner for prisen slik det er vist i saksutgreiinga.***

4. ***Utgiftene med prisen i 2017, kr 10 000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett- og økonomiplan.***

Saksopplysningar/fakta:

Kommunestyret vedtok i sitt møte i desember 2015 at dei ønska fremma ei sak om oppretting av kulturpris for Volda kommune. Volda kommune har også tidlegare hatt kulturpris (1992-2006).

Kulturprisen har som formål å tene som inspirasjon for kulturarbeidarar i Volda kommune. Den skal også vere ein honnør for oppofrande arbeid innanfor det utvida kulturbegrepet.

Retningsliner for kulturprisen:

- Volda kommune sin kulturpris blir utdelt som honnør til mottakaren for verdifull innsats for kulturlivet i kommunen. Prisen blir delt ut kvart år.

- Målsettinga med prisen er å stimulere kulturarbeidet i kommunen.

- Kulturprisen kan tildelast enkeltpersonar eller grupper av personar, til lag og organisasjonar eller institusjonar som er heimehøyrande i Volda kommune, og som har vist evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege. Kulturprisen kan også delast ut til kandidatar som ikkje er busett i kommunen, dersom kulturarbeidet til vedkommande har kome, eller kjem Volda kommune til gode.

- Vurderingskriterier for Volda kommune sin kulturpris:
    - Varigheit – «Lang og tro teneste»
    - Mangfald - innsats innanfor fleire områder av kulturlivet
    - Kvalitet – fremming av/utøving av kultur av høg kvalitet, medverknad til heving
    - Særskilde grupper – verdifull kulturinnsats for grupper med særskilde behov: Barn, ungdom, funksjonshemma, innvandrarar mv.
    - Formidling/marknadsføring av eit kulturområde innan kommunen og ut over kommunegrensa.

- Kulturprisen blir kunngjort med ein frist for å sende inn forslag på kandidatar det enkelte år. Fristen skal annonserast i avis og på kommunen si heimeside. Alle kan sende inn forslag, og forslaga skal vere skriftlege og grunngjeve.

- Ein jury på 3 medlemmer avgjer kven som skal få prisen. Juryen er samansett av ordførar, leiar og nestleiar for tenesteutval for barn og kultur.

- Jurymedlemmer kan kome med eigne forslag til kandidatar, og juryen kan tildele prisen til ein kandidat som det ikkje er kome inn eksterne forslag på.

- Prisen er på 10.000 kr, og blir overrekt av ordføraren i tilknyting til eit kommunestyremøte.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ein slik pris vil stimulere kulturarbeidet i kommunen.

Økonomiske konsekvensar:
Utgifter til kulturprisen må innarbeidast i budsjettet.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår til at det vert innført ein kulturpris i Volda kommune i samsvar med dei foreslåtte kriteria. Formålet med ein slik pris er å gje honnør og inspirasjon til kulturarbeidarar i kommunen.

Ordføraren må vurdere kva tidspunkt det er aktuelt å dele ut prisen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei som blir valde til jury

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/2129
		Arkivkode:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/17	Formannskapet	10.01.2017
8/17	Kommunestyret	26.01.2017

KULTURMIDLAR - VOLDA KOMMUNE

Handsaming:
Ordføraren kom med slikt framlegg, som vart reist som fellesframlegg:

1. *Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*

2. *For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*

3. *Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*

4. *Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

Røysting (ni røysteføre):

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret :

1. ***Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.***

2. ***For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.***

3. ***Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.***

4. ***Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.***

Administrasjonen si tilråding:

1. **Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.**

2. **Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.**

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA:

Kommunestyret vedtok i sak 172/16 (budsjettvedtaket) at det skulle utgreiast ei sak der midlar for tildeling til kulturtiltak blir utgreidde.

Kvart år kjem inn eit titals søknader om midlar frå lag og organisasjonar, noko som viser at dei forventar at kommunen har slike midlar til fordeling. Det har imidlertid ikkje vore budsjettert med kulturmidlar dei siste ti åra, ut over midlar til 17. maifeiring i sentrum (20.000 kr pr år) og på bygdene (1000 kr pr år).

Dei såkalla kulturmidlane vart tekne vekk i tidlegare budsjetthandsaming som eit sparetiltak for å frigjere midlar til kommunen sine primæroppgåver. Det er ikkje sett av pengar til kulturmidlar i budsjett og økonomiplan for perioden 2017 – 2020. Dersom tiltaket skal prioriterast må det også løyvast midlar.

VURDERING

Volda kommune ønskjer å vere ei allsidig og levande kulturkommune. Gjennom kulturmidlane kan kommunen stimulere og bidra til variert kulturtilbod og opplevingar som kan aktivisere menneske i alle aldre, med ulike interesser og føresetnader. Målsettinga er å fremme eit aktivt, allsidig og kvalitetsmessig godt kulturliv.

Dersom kommunestyret vel å gjeninnføre ordning med kulturmidlar, meiner rådmannen meiner det er viktig å sjå tiltaket i ein overordna samanheng og vere tydeleg på formålet med ordninga. Kommunen har sterkt fokus på førebygging, tidleg innsats og folkehelse. Det er særleg viktig å ha fokus på aktivitet og oppfølging av barn og unge for å førebyggje mot utanforskap og inkludere i fellesskapen. Rådmannen vil derfor foreslå at tiltaket vert særleg retta mot organisasjonar og aktivitetar for barn og unge.

Forslag til prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune

- Kulturmidlane går til frivillige lag og organisasjonar innan eigen kommune (evt. i felleslag med nabokommunene). Dersom foreiningane har medlemer også frå andre kommuner, må fleirtalet av medlemmane vere busett i Volda kommunen og foreininga si adresse/møtestad må vere i kommunen.
- Søknader som gjeld barne- og ungdomsarbeid skal prioriterast.

- Foreiningar som skal få støtte må ha vore i drift i minst 6 månader. Foreininga må ha ope medlemsskap, vedtekter og vald styre. Det må minst vere 10 medlemmer som betalar medlemskontingent.
- For lag og foreiningar som driv fleire aktivitetar – til dømes fleiridrettslag/allianseidrettslag – skal det sendast berre *ein* søknad der det blir forklart kva evt. tildelte kulturmidlar skal nyttast til.
- Det blir ikkje gitt støtte til kommersielle tiltak og arrangement, som t.d. konsertar, messer og liknande. Det blir heller ikkje gitt stønad til politiske foreiningar og trussamfunn.
- Kulturmidlane blir delt ut 1. halvår kvart år. Søknadsfristen er 1. mai. Søknader som kjem inn etter fristen, vil ikkje bli handsama.
- Årsmelding og rekneskap for siste år skal leggast ved søknaden.

Oppretting av kulturmidlar i Volda kommune vil bidra til å styrke kulturlivet i kommunen og å gje moglegheit for enda større aktivitet i lag og organisasjonar. Formannskapet må avgjere kva politisk organ som skal tildele kulturmidlane, og om det også er andre grupper enn barn og ungdom som skal prioriterast.

Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.

Helse og miljøkonsekvensar:
Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.

Økonomiske konsekvensar:
Det er ikkje sett av midlar til tiltaket. Budsjettet for 2017 er godkjent med bruk av om lag 19 millionar i disposisjonsfond. Økonomiplanen er basert på reduksjon i tenesteeiningar og effektivisering for å balansere økonomien. Kommunen bør derfor ikkje opne opp for nye driftstiltak/auka driftstiltak. I så fall bør det vere tiltak som har positiv effekt på drifta og økonomien. Tiltak retta mot barn og unge kan ha det på sikt. Oppretting av tiltaket i 2017 vil auke sårbarheita i økonomien til kommunen for driftsåret.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

KONKLUSJON

Rådmannen tolkar kommunestyret slik at ein ynskjer å gjeninnføre ordninga med kulturmidlar, og at det er vilje til å gi dette prioritet. Dersom ein skal innføre dette i 2017, ser ikkje rådmannen annan finansieringsmåte enn å dekkje dette av formannskapet sin disposisjonspost. Dette reduserer handlingsrommet i økonomien for driftsåret.

Prinsipielt meiner rådmannen at alle kjente tiltak som kommunestyret vil prioritere skal vere innarbeidd når kommunestyret godkjenner budsjettet. Tiltak som ev ynskjer utgreidd for så å ta stilling til dei, bør i prinsippet kome att som tiltak som vert innarbeidd i neste års budsjett- og økonomiplanhandsaming.

Rådmannen ser to moglege alternative løysingar i saka:

A.

3. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.

4. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.

B

5. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.

6. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.

7. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.

Fagleg vil rådmannen tilrå alterantiv A ettersom budsjettet for 2017 nettopp er vedteke, og at kjende tiltak som ein ynskjer utgreidd bør kome att i samband med neste års handsaming av budsjett og økonomiplan. Dette er også viktig for å gjere ei samla prioritering av dekning over drifta.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Administrasjonen for vidare arbeid
Økonomisjefen

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jørgen Vestgarden	Arkivsak nr.:	2014/218
		Arkivkode:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Formannskapet	10.01.2017
9/17	Kommunestyret	26.01.2017

FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT I 2017 ETTER § 7

Handsaming:
Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

Fritak vert innvilga med unntak av studentsamskipnaden.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk to røyster (Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume) og fall. Sju røysta imot.

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

1. ***Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.***

2. ***Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1, "Kulturbakkane" og "Ristetunet" gitt fritak frå eigedomsskatt.***

3. ***Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.***

Administrasjonen si tilråding:

4. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.

5. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1, ”Kulturbakkane” og ”Ristetunet” gitt fritak frå eigedomsskatt.

6. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.

Vedleggsliste:
Liste over eigedomar som vert friteke frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a
Liste over eigedomar som vert friteke frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7b
Søknad om fritak etter eigedomsskattelova § 7 b

Uprenta saksvedlegg:
Fritakssaker frå tidlegare år
Eigedomsskattelova.

Samandrag av saka:
Det er opp til kommunestyret kva for eigedomar som verte gitt fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova (eskl) § 7. Ein tilrår at eigedomar på vedlagde lister vert fritekne for eigedomsskatt. I tillegg vert det tilrådd at nyoppførte bygningar som vert heilt eller delvis nytta til husvære får fritak i 1 år.

Saksopplysningar:
Ifølgje eigedomsskattelova § 10 skal kommunestyret kvart år i fastsette kva satsar og reglar som skal gjelde ved utskrivinga av eigedomsskatten. I denne samanhengen skal det gjerast vedtak om kva eigedomar kan fritakast for eigedomsskatt etter § 7 i eigedomsskattelova (eskl).

Vurdering og konklusjon:
Vi har laga til to stk lister som samlar alle eigedomar som fekk fritak frå eigedomsskatt i fjor etter eskl § 7a og § 7b. Ein tilrår at det vert gitt fritak til same eigedomane i år. Det er kome inn eit tillegg på fritak etter §7b. Det er ”Ristetunet” som er eit freda kulturminne. Søknad ligg vedlagt.

I kommunestyret den 18.12.2014 vert det også vedtatt at ein skulle nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag frå Skatteetaten) som metode for taksering av bustadeigedomar. Bustadverdien er fastsett ved likninga før skatteåret. Alle endringar i bustadverdiane vil dermed kome 1 år seinare enn etter gjeldande takseringsreglar. Dette betyr i praksis at bustadar som vart tatt i bruk (enten ved mellombels bruksløyve eller ferdigattest) i løpet av 2016 ikkje får bustadverdi og må takserast på vanleg måte. Denne taksten vil da berre stå 1 år for bustadeigedomen vil da få bustadverdi ved neste utskriving av eigedomsskatt i 2018. Det er fleire ulemper med dette. Ved vanleg eigedomsskattetaksering, som for til dømes taksering av fritidseigedomar og våningshus, vil taksten gjelde i 10 år. Dette verte da ein ”dyr” taksering sidan den berre vert gjeldande for 1 år. Ein vil også risikere at taksten endrar seg unaturleg mykje på 1 år sidan ein ikkje veit kva bustadverdien frå Skatteetaten vert for kommande år.

Vi tilrår derfor at kommunestyret også i år nyttar seg av eskl § 7c;

Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Viss fritaket gjeld for 1 år vil ein sleppe dei nemnte problemstillingar over. I tillegg vil det vere positivt for nyetablerte med ny bustad å sleppe eigedomsskatten første året etter at bustaden vert tatt i bruk.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen vesentlege.

Økonomiske konsekvensar:
Kommunen vil sjølvsagt tape nokon inntekter på å frita desse eigedomane for eigedomsskatt. Det er få av desse som har vorte taksert, men der vi har takst er eigedomsskatten er satt opp i høgre kolonne i listene.

For fritak etter eskl § 7c vil dette gjelde for ca. 50 bustadar som vart tatt i bruk i løpet av 2016. Estimert inntekt frå eigedomsskatt i 2016 frå desse er kr. 150.000. Ein må rekne med at omtrent kr 50.000 i takseringskostnadar som igjen betyr eit reelt inntektstap på kr.100.000. Dette er sjølvsagt eit grovt estimat.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Stiftingar og organisasjonar som får fritak etter eskl § 7a.
Sjur Aarflot, Sivert Aarflot vegen 13, 6105 Volda
Randi Lise Rønnestad, Camilla Colletsvei 14 B, 0258 Oslo
Bergliot Riste Langva, Andanesvegen 8, 6100 Volda

Klageinstans:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fritak etter § 7a

	Eigedomsskatt
Austefjord Idrettslag	
Austefjord Ungdomsslag	
Bjørkedal Nærskule	
Bjørkedalen skyttarlag	
Bratteberg barnehage	
Bygderadio Vest AS	1 224
Dalsfjord Sogelag	
Dravlausbygda Bedehus (Fredtun)	
Dravlausbygda Vel	
Folkestad Idrettslag	
Forsamlingshuset/ungdomshuset "Fridtun"	
Forsamlingshuset Solheim	
Frelsesarmeen	
Furene AS (gnr 11 bnr 24 og 64, gnr 11 bnr 22 -seksjon 1,3 og 4)	63 278
Fyrde bedehus	
Grendahuset Vesttun (Ulvestad Barneskule)	
Helgatun Stiftelsen	
Hjellebakkane Barnehage	
Høgskulen i Volda (kantine og administrasjon)	
Høgthun Grendahuslag	
Høgtun Forsamlingshus	
Høydal Hamnelag	600
Kilsfjord Grendahus	
Kometland	764
Lauvstad småbåtlag	850
L.L. Samhald	2 064
Lid bedehus	
Ljosheim Forsamlingshus	
Logehuset	
Mork Grendahuslag	
Mork Idrettslag	
Mork Ungdomshus	
Rotset Barnehage	
Røysmarka Studentbarnehage	
Studentsamskipnaden sine bustadar/hyblar	230 924
Sogelaget v/ Dalsfjord skule	
Solheim Forsamlingshus	
Stiftinga Dalsfjord Fyrmuseum	
Sætre Bedehus	
Trollsletta Barnehage	
Ungdomshuset Viten	
Velsvik Bedehus	
Vestsida Idrettslag	
Vikebygda Ungdomslag	
Volda Bedehus	
Volda golfklubb	
Volda jeger og sportsfiskelag	
Volda kristlege ungdomslag (Uppheim)	

Volda Rideklubb	
Volda Røde Kors	
Volda Sanitetslag	
Volda Sjukehus (kantine, kiosk og administrasjon)	
Volda Skisenter	
Volda skyttarlag	
Volda småbåtlag	
Volda Sogelag	
Volda Tennislag	
Volda Turn og Idrettslag	
Volda vidaregåande skule	
Øyra Barnehage	

Fritak etter § 7b

	Eigedomsskatt
Gnr 13 bnr 1, Sjur Aaflot	6 400
Gnr 30 bnr 344, "Ristetunet"	3 686
Gnr 116 bnr 5 "Kulturbakkane"	1 200

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 2016/1367 Avd: CST
Løpenr: Sne: Elivas
22 AUG 2016
Arkivdel: Emne 2
Klasseringr P: 232
Klasseringr S:

Volda Formannsskap

Rådhuset
6100 Volda

Volda 18.08.2016

SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT.

Eg søker om fritak for eigedomsskatt til Volda Kommune for eigedomen Ristetunet.

Eg viser til at denne eigedomen er freda kulturminne, i 1927 og 1978, sjå vedlagt dokumentasjon.

Min eigedom omfattar hovudbygninga, stabburet og borgstova, (sjøbuda tilhøyrer museet.)

Fredinga medfører auka kostnader då ein ikkje kan isolere og renovere som ein kan ved andre bygningar.
Huset er bygd i tømmer, med utvendig panel, utan annan isolasjon.
Tidlegare er det brukt oljefyring til oppvarming, dette blir no ikkje lenger aktuelt å bruke.

Takknemleg for svar

Med venlig helsing

Bergliot Riste Langva
Andanesvn. 8
6100 Volda

Bergliot Langva

FREDA
KULTURMINNE

Dato 23. april 1927 og 2. november 1978

Ristetunet, gnr. 30, bnr. 344 og bnr. 9
i Volda kommune

Fredinga omfattar hovudbygningen, buret, borgstova og sjøbua
med eksteriør, interiør og fast inventar.

Ristetunet er eit bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig døme
på ein handelsstad frå kring 1840, med hovudbygning,
bur, borgstove og sjøbu intakt.

Oslo, 1. desember 2011

Jørn Holme
riksantikvar

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	May-Lisbet Lande	Arkivsak nr.:	2016/2010
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/16	Ungdomsrådet	14.12.2016
10/17	Kommunestyret	26.01.2017

ÅRSMELDING FOR VOLDA UNGDOMSRÅD 2016

Handsaming:

Under pkt. «Andre utval ungdomsrådet har delteke i:» manglar der eit utval:

1. representant i Innovasjonsprisen

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 14.12.2016

ÅRSMELDINGAR FOR UNGDOMSRÅDET I VOLDA 2016

Ungdomsrådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal gå inn som ein del av dei andre kommunale årsmeldingane (vedtekter for ungdomsrådet §5).

<u>Arbeidsområde og målsetjing:</u>

§ 1.1 Ungdomsrådet skal vere eit:

- ***Talerøyr for ungdommen i Volda kommune.***
- ***Organ med avgjerdsrett i utvalde saker.***
- ***Høyringsorgan i kommunale saker som vedkjem ungdom.***

§1.2 Ungdomsrådet skal freiste å fremje:

- ***Best mogleg levekår for ungdom***
- ***Større påverknad i saker som vedkjem ungdom***
- ***Auka engasjement i ungdomsgruppa***

§1.3 Ungdomsrådet skal ha lagt føre seg alle saker som gjeld ungdom sine oppvekstvilkår og andre saker med interesse for ungdom.

§1.4 Ungdomsrådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem ungdom.

§1.5 Ungdomsrådet skal ha eige budsjett, der midlar skal gå til eigne prosjekt eller som tilskot til andre ungdomsstyrte prosjekt.

<u>Medlemar:</u>

Ungdomsrådet har 11 medlemar og 4 felles vara.

Medlemane skal veljast mellom ungdomar i alder 13 til 20 år, busett i Volda kommune. Val skal skje i september årleg.

Austefjord skule har ikkje hatt representant frå sin skule då ingen elevar ynskjer vervet.
Frå hausten av har heller ikkje Dalsfjord skule hatt kandidat av same grunn
Vedtektene seier at rådet skal konstituere seg sjølv og velje leiar og nestleiar.
Frå våren 2016 er Eirik Sjøhelle Eiksund leiar, nestleiar er Maiken Gjøsdal
Politisk fadder er Åshild Vik med vara Mathilde Sjøhelle Eiksund
Frå hausten 2016 er Eirik Sjøhelle Eiksund leiar, nestleiar er Peter Hasfjord Bjørneset
Politisk fadder er Åshild Vik med vara Anne Natvig

Økonomi:
Vedtektene til ungdomsrådet §1.5 seier at rådet skal ha eige budsjett, midlar skal gå til eigne prosjekt eller som tilskot til andre ungdomsstyrte prosjekt.
Ungdomsrådet disponerte i 2015 kr. 50.000,-. I budsjettsak PS 11/15 var desse fordelt slik:
Kr. 30.000,- til kurs og konferansar
Kr. 20.000,- vart lyst ut til Ungdomsmidlar.
Ungdomsmidlane var lyst ut ved skulestart med søknadsfrist 19. oktober. Det kom inn tre søknadar. Friluftsforeninga Volda fekk støtte til aktivitetspar kr. 10.000,-, «Voldastjerna» fekk støtte til adventsstjerne ved Kalsethola kr. 5.000,- , Ørsta og Volda ballettskule fekk tildelt 5.000,- til framsyning.

Oppsummering:
Ungdomsrådet i Volda skal ha møte ein gong pr. mnd. med unntak av i skuleferien.
Det vart satt opp eit ekstra møter for å behandla saka om Volda Campus Arena, budsjett for Volda kommune og for kommunereform. Ungdomsrådet deltok også på samling i Loen med tema kommunereform, i lag med kommunestyra i Volda og Ørsta og ungdomsrådet i Ørsta.
Rådet hadde 10 møter i 2016.

I tillegg til saksarbeid har ungdomsrådet hatt fyljande tema og aktivitetar på møta sine.

- *Vårhalvåret har ungdomsrådet sett fokus på «Kommunereform retta mot ungdom» Fylkesmannen tildelte alle ungdomsråda i Møre og Romsdal kr. 50.000,- til prosjekt kommunereform. Ungdomsrådet prioriterte slik bruk av midlane:*
  - ***Informasjonsmøte for ungdom på Volda ungdomsskule 11. mai. Ordførar og varaordførar leia møte.***
  - ***Konkurranse på ungdomstrinnet og Volda vgs. i v. 15 med tema «Kva er dykkar meining om kommunereforma».***
- ***Ungdomsrådet deltok som arrangørar av UKM Ørsta/Volda***
- ***I mai hadde Ørsta og Volda felles møte***
- ***Fellesmøte for ungdomsråda på Søre Sunnmøre i Volda i oktober. Ørsta og Volda er vertskap for samlinga.***
- ***To utsendingar til Ungdomens fylkesting***

Andre utval ungdomsrådet har delteke i:

- ***1. representant i arbeidsgruppa for StudiebygdA***
- ***1. representant i arbeidsgruppa for Ungdata***
- ***1. representant i Mellom bygninga i Volda***
- ***1. representant i Innovasjonsprise***

Saker som ungdomsrådet har hatt spesiell merksemd på:

- ***Lokale til ungdomsklubben***
- ***Kommunereform***

<u>Utfordringar i 2017 og saker ein vil arbeide for:</u>

Lokale til Ungdomsklubben i Volda
Volda Campus Arena
Miljøplan
Skulestrukturen i Volda kommune
Vidare arbeid med kommunereforma

Administrasjonen si tilråding:
Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedleggsliste:
Forslag til årsmelding for Volda ungdomsråd 2016

Saksopplysningar:
Årleg skal ungdomsrådet utarbeide ei årsmelding som skal leggast fram for Volda kommunestyre. Ungdomsrådet skal også sette opp ei prioritert liste over saker dei vil arbeide ekstra med i 2016.

May-Lisbet Lande
Koordinator for ungdomsrådet

Utskrift av endeleg vedtak:
Administrasjonen

ÅRSMELDINGAR FOR UNGDOMSRÅDET I VOLDA 2016

Saksopplysningar:

Ungdomsrådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal gå inn som ein del av dei andre kommunale årsmeldingane (vedtekter for ungdomsrådet §5).

Arbeidsområde og målsetjing:

§ 1.1 Ungdomsrådet skal vere eit:

- Talerøyr for ungdommen i Volda kommune.
- Organ med avgjerdsrett i utvalde saker.
- Høyringsorgan i kommunale saker som vedkjem ungdom.

§1.2 Ungdomsrådet skal freiste å fremje:

- Best mogleg levekår for ungdom
- Større påverknad i saker som vedkjem ungdom
- Auka engasjement i ungdomsgruppa

§1.3 Ungdomsrådet skal ha lagt føre seg alle saker som gjeld ungdom sine oppvekstvilkår og andre saker med interesse for ungdom.

§1.4 Ungdomsrådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem ungdom.

§1.5 Ungdomsrådet skal ha eige budsjett, der midlar skal gå til eigne prosjekt eller som tilskot til andre ungdomsstyrte prosjekt.

Medlemar:

Ungdomsrådet har 11 medlemar og 4 felles vara.
Medlemane skal veljast mellom ungdomar i alder 13 til 20 år, busett i Volda kommune. Val skal skje i september årleg.
Austefjord skule har ikkje hatt representant frå sin skule då ingen elevar ynskjer vervet. Frå hausten av har heller ikkje Dalsfjord skule hatt kandidat av same grunn
Vedtektene seier at rådet skal konstituere seg sjølv og velje leiar og nestleiar.
Frå våren 2016 er Eirik Sjøhelle Eiksund leiar, nestleiar er Maiken Gjøsdal
Politisk fadder er Åshild Vik med vara Mathilde Sjøhelle Eiksund
Frå hausten 2016 er Eirik Sjøhelle Eiksund leiar, nestleiar er Peter Hasfjord Bjørneset
Politisk fadder er Åshild Vik med vara Anne Natvig

Økonomi:

Vedtektene til ungdomsrådet §1.5 seier at rådet skal ha eige budsjett, midlar skal gå til eigne prosjekt eller som tilskot til andre ungdomsstyrte prosjekt.
Ungdomsrådet disponerte i 2015 kr. 50.000,-. I budsjettsak PS 11/15 var desse fordelt slik:
Kr. 30.000,- til kurs og konferansar
Kr. 20.000,- vart lyst ut til Ungdomsmidlar.
Ungdomsmidlane var lyst ut ved skulestart med søknadsfrist 19. oktober. Det kom inn tre søknadar. Friluftsforeninga Volda fekk støtte til aktivitetspar kr. 10.000,-, «Voldastjerna» fekk støtte til adventsstjerne ved Kalsethola kr. 5.000,- , Ørsta og Volda ballettskule fekk tildelt 5.000,- til framsyning.

Oppsummering:

Ungdomsrådet i Volda skal ha møte ein gong pr. mnd. med unntak av i skuleferien.

Det vart satt opp eit ekstra møter for å behandla saka om Volda Campus Arena, budsjett for Volda kommune og for kommunereform. Ungdomsrådet deltok også på samling i Loen med tema kommunereform, i lag med kommunestyra i Volda og Ørsta og ungdomsrådet i Ørsta. Rådet hadde 10 møter i 2016.

I tillegg til saksarbeid har ungdomsrådet hatt fyljande tema og aktivitetar på møta sine.

- Vårhalvåret har ungdomsrådet sett fokus på «Kommunereform retta mot ungdom» Fylkesmannen tildelte alle ungdomsråda i Møre og Romsdal kr. 50.000,- til prosjekt kommunereform. Ungdomsrådet prioriterte slik bruk av midlane:
  - Informasjonsmøte for ungdom på Volda ungdomsskule 11. mai. Ordførar og varaordførar leia møte.
  - Konkurranse på ungdomstrinnet og Volda vgs. i v. 15 med tema «Kva er dykkar meining om kommunereforma».
- Ungdomsrådet deltok som arrangørar av UKM Ørsta/Volda
- I mai hadde Ørsta og Volda felles møte
- Fellesmøte for ungdomsråda på Søre Sunnmøre i Volda i oktober. Ørsta og Volda er vertskap for samlinga.
- To utsendingar til Ungdomens fylkesting

Andre utval ungdomsrådet har delteke i:

- 1. representant i arbeidsgruppa for StudiebygdA
- 1. representant i arbeidsgruppa for Ungdata
- 1. representant i Mellom bygninga i Volda

Saker som ungdomsrådet har hatt spesiell merksemd på:

- Lokale til ungdomsklubben
- Kommunereform

<u>Utfordringar i 2017 og saker ein vil arbeide for:</u>

Lokale til Ungdomsklubben i Volda
Volda Campus Arena
Miljøplan
Skulestrukturen i Volda kommune
Vidare arbeid med kommunereforma

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2016/2103
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Valnemnda	
11/17	Kommunestyret	26.01.2017

VEDTEKTSENDRINGAR I SPAREBANK1 SØRE SUNNMØRE - REDUKSJON AV KOMMUNEN SIN REPRESENTASJON I BANKEN SI GENERALFORSAMLING

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret gjer tidlegare val (k-sak 109) av kommunale representantar i Forstandarskapen i Sparebank1 Søre Sunnmøre om inkje, og vel følgjande ny representant……. og ……. vararepresentant til Sparebank1 Søre Sunnmøre si generalforsamling.

Vedleggsliste:
Ny finansforetakslov – orientering om vedtektsendringar i Sparebank1 Søre Sunnmøre

Uprenta saksvedlegg:
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2015-04-10-17

Saksopplysningar/fakta:
Volda kommune har i brev frå Sparebank1 Søre Sunnmøre, datert 15.12.2016, fått opplyst at banken har gjort materielle endringar i sine vedtekter. Bakgrunnen for vedtektsendringane er innføring av ny finansføretakslov. Vedtektene vart vedtekne i Forstandarskapsmøte den 21.11.2016.

Dei nye vedtektene har innverknad på kommunane sin representasjon i banken. Sparebank1 Søre Sunnmøre har sett opp følgjande oversikt over endringar som er spesielt tydelig for kommunane på Søre Sunnmøre, og korleis desse endringane vert gjennomført i praksis.

Endringar av spesiell interesse for kommunane

- Nemninga på bankens øvste organ er endra frå «Forstandarskap», til «Generalforsamling». Omgrepsbruken er med andre ord harmonisert med det som gjeld for aksjeselskap og allmennaksjeselskap.
- Medlemene i Generalforsamlinga er redusert frå 24 medlemer og 18 varamedlemer til 16 medlemer og 10 varamedlemer.

- Kvar av kommunane Volda, Ørsta, Ulstein og Herøy vil no få oppnemne kvar sin representant til Generalforsamlinga. **Dette betyr at Volda kommune ikkje lenger vil ha to faste medlemer og to varamedlemer, men ein fast medlem og ein varamedlem.**
- Alle representantane til Generalforsamlinga, også varamedlemene, blir valde for 4 år.

Til orientering kan det også nemnast at:
- Kundane vil vere representert med 8 medlemer og 4 varamedlemer
- Dei tilsette i banken vil vere representert med 4 medlemer og 2 varamedlemer.

Vedtak i kommunestyret PS 109/15
Kommunestyret gjorde den 29.10.2015, K-sak PS 109/15, følgjande val av kommunale representantar i Forstandarskapen i Sparebank1 Søre Sunnmøre:

Forstandarskapen i Sparebank1 SøreSunnmøre (2 repr)	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
AP	Oddny Vatnehol	Idar Flo
KRF og H	Arild Iversen	Dan Bjørneset

Gjennomføring av endringane i praksis.
Vedtektsendringane medfører som nemnt, at Volda kommune må redusere sin representasjon i banken si Generalforsamling til ein fast medlem og ein varamedlem.

Det skal haldast ordinær generalforsamling i banken primo mars 2017, og dei ulike representantane må vere utpeika i god tid for dette.

Banken ber etter dette om tilbakemelding frå Volda kommune på kven av deira representantar som skal halde fram som høvesvis fast medlem og varamedlem i banken si generalforsamling.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen.

Økonomiske konsekvensar:
Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Sparebank1 Søre Sunnmøre
Representantane, med varamedlemer

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE

Ørsta kommune og Volda Kommune.

Kopi sendt til orientering til:
Ulstein kommune og Herøy Kommune

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 2016/2103 Avd: Suk
Løpenr: Sb: Ingjah
19 DES 2016
Arkivkode: Emne 2
Klassering P: 033
Klassering S:

Volda, 15. desember 2016

NY FINANSFORETAKSLOV – ORIENTERING OM VEDTEKTSENDRINGAR I SPAREBANK1 SØRE SUNNMØRE

I samband med ikraftsetjing av lov om Finansforetak og Finanskonsern, «Finansforetakslova», den 1.1.2016, har banken foretatt ein full gjennomgang av sine vedtekter.

Denne gjennomgangen har medført materielle endringar i vedtektene, som mellom anna påverkar kommunane sin representasjon i banken sitt Forstandarskap (Generalforsamling). Dei nye vedtektene vart vedtatt i Forstandarskapsmøte den 21.11.2016, med ikraftsetjing same dag.

Vi vil i det fylgjande gjere kort greie for dei endringane som er av spesiell tydning for kommunane på Søre Sunnmøre, og korleis endringa vil bli gjennomført i praksis.

1) Endringer av spesiell interesse for kommunane

- Nemninga på bankens øvste organ er endra frå «Forstandarskap», til «Generalforsamling». Omgrepsbruken er med andre ord harmonisert med det som gjeld for aksjeselskap og allmennaksjeselskap.
- Medlemene i Generalforsamlinga er redusert frå 24 medlemer og 18 varamedlemer til 16 medlemer og 10 varamedlemer.
    - Kvar av kommunane Volda, Ørsta, Ulstein og Herøy vil no få oppnemne kvar sin representant til Generalforsamlinga. **Dette betyr at kommunene Volda og Ørsta ikkje lenger vil ha to faste medlemer og to varamedlemer, men ein fast medlem og ein varamedlem kvar.**
    - Alle representantane til Generalforamlinga, også varamedlemene, blir valde for 4 år.

<u>Til orientering kan det også nemnast at</u>

- Kundane vil vere representert med 8 medlemer og 4 varamedlemer
- Dei tilsette i banken vil vere representert med 4 medlemer og 2 varamedlemer.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre
NO 937 899 785
www.sparebanken.no
Postboks 55, 6101 Volda
Kundesenter 70 07 00 00
Bedriftssenter 70 07 00 07

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE

2) Gjennomføring av endringane i praksis.

Vedtektsendringane medfører som nemnt at kvar av kommunene Ørsta og Volda må redusere sin representasjon i banken si Generalforsamling til ein fast medlem og ein varamedlem.

Det skal haldast ordinær generalforsamling i banken primo mars 2017, og dei ulike representantane må vere utpeika i god tid før dette.

Banken ber etter dette om tilbakemelding frå Ørsta- og Volda kommune på kven av deira representantar som skal halde fram som høvesvis fast medlem og varamedlem i banken si generalforsamling.

Vi ber om tilbakemelding **snarast råd, og seinast innan 17. februar 2017.**

Om De skulle ha spørsmål til dette er de velkomen til å ta kontakt med leiaren av valnemnda, Janicke W. Driveklepp, mobil nummer 91591885, e-post: janicke@vartdalplast.no

Med vennleg helsing
SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Hans Olav Myklebust

Hans Olav Myklebust
leiar generalforsamlinga

PS 12/17 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 1/17 Møteprotokoll frå møte 02.12.16 i kontrollutvalet

VOLDA KOMMUNE

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Utval: **Kontrollutvalet**
Møtestad: **Møterom 144, Volda rådhus**
Dato: **02.12.2016**
Tid: **12.00-15.10**

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	
Jørgen Holte	Medlem	
Inge Alexander Bruheim	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Torill Rødven Eide	Medlem

Vara som møtte:

Namn	
Ann Helen Sundalsfoll	For Torill Rødven Eide

Frå Vest Kontroll møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Berit Lyngstad	Personalsjef. I sak 32/16.
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef. I sak 31/16.
Lene Nupen	Ass. Oppvekstsjef. I sak 31/16.

SAKLISTE

SAK 24/16	GODKJENNING AV INNKALLING AV SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
SAK 25/16	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
SAK 26/16	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016
SAK 27/16	MELDINGAR
SAK 28/16	REVISJONSPLANLEGGING 2016 – FINANSIELL REVISJON
SAK 29/16	PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019
SAK 30/16	FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – BARNEVERN
SAK 31/16	OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – SPESIALUNDERVISNING – GRUNNSUYLEN I VOLDA KOMMUNE
SAK 32/16	ORIENTERING OM STAMINA RAPPORTEN HELSE- OG OMSORGSSEKTOREN
SAK 33/16	NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

SAK 24/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent. Sak 32 vert å ta etter sak 24.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Ragnhild Folkestad.

SAK 25/16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg
Møteprotokollen frå møtet den 06.10.2016.

Samrøystes vedtak
Møteprotokollen frå møtet den 06.10.2016 vart godkjent.

SAK 26/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016

Flg. møteprotokollar var gjennomgådde:

Kommunestyret	29.09, 27.10
Formannskapet	04.10, 18.10, 02.11
Driftsstyret	12.10
Eldrerådet	
Forvaltningsstyret	15.11
Ungdomsrådet	08.06, 28.09, 17.10
Valnemnda	26.10
Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne	24.10
Valstyret	
VØR styret	27.09, 11.10

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 27/16 MELDINGAR

Vedlegg

1. Høyring – NOU 2016:4 Ny kommunelov. Oslo, 7.oktober 2016. Utarbeidd av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).
2. HØRINGSUTTALELSE – NOU 2016: 4 NY KOMMUNELOV. Oslo, 30. september 2016. Utarbeidd av forum for kontroll og tilsyn (FKT).
3. Orrvar Dalby, daglig leder, Vestfold Interkommunale Kontrollutvalssekretariat (VIKS). Kommunereform – Sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat. *Kommunerevisoren*, 6-2016, side 8-9.
4. Volda kommune. 01.11.2016. Arkivsak nr. 2016/1729. *MELDING OM POLITISK VEDTAK – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019.*

Saksutgreiing

1. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov.
Oslo, 7.oktober 2016. Utarbeidd av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) har kommentert høyringsbrevet datert 4.4.2016, om NOU 2016:4 Ny kommunelov. På side fire, Kap. 23. Kontrollutvalg, kjem det blant anna fram følgjande:
«Sekretariatet skal være utvalgets operative ledd, foreta utredninger av for eksempel valg av revisjonsordning, påse at kontrollutvalgets saker er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt, i tillegg til å være et møtetilretteleggingsorgan, jfr. §20 i forskrift om kontrollutvalg.» For meir informasjon sjå vedlegg 1.

2. HØRINGSUTTALELSE – NOU 2016: 4 NY KOMMUNELOV.
Oslo, 30. september 2016. Utarbeidd av forum for kontroll og tilsyn (FKT).

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) har gjennomført ein intern høyring bland sine medlemar om høyringsbrevet datert 4.4.2016, NOU 2016:4 Ny kommunelov. I den innleiande kommentaren til dokumentet kjem det fram følgjande:
«FKT mener at dagens ordning med en mer rendyrket bestiller-/ utførermodell mellom kontrollutvalg og revisjon enn det lovforslaget legger opp til, må videreføres, med en klar forankring i kommunestyre og kontrollutvalg.» For meir informasjon sjå vedlegg 2.

Samrøystes vedtak
Meldingane (1,2,3 og 4) vart tekne til vitende.

SAK 28/16 REVISJONSPLANLEGGING 2016 - FINANSIELL REVISJON

Lukking av møtet.
Det var semje om at revisor skal gå igjennom B- dokumentet. Det var difor nødvendig å lukke møtet, noko det vart stemt over.
Møtet vart lukka etter kommunelova § 31 nr 5.

Etter gjennomgangen av B-dokumentet vart møte opna igjen.

Vedlegg
- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)** Vert sendt pr. post.

Saksopplysningar
For å utføre ein forsvarleg revisjon har Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved oppdragsansvarleg revisor Haldis Moltu, i samsvar med regelverket, utarbeida revisjonsplanlegging for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2016.

Revisjonsplanlegginga består av flg. dokument (som er unnateke off. innsyn):
- Selskapsinformasjon
- Oppdragsvurdering
- Vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Generell risikovurdering og spesifikk risikovurdering på revisjonsområdenivå

- Transaksjonsklasser
- Kontosaldoar
- Tilleggsområder
- Angrepsvinkel

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå igjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet må i så fall lukkast.

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tok til vitende revisjonsplanlegging 2016 – finansiell revisjon, for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

SAK 29/16 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Vedlegg:
Vest Kontroll. 18.11.2016. *Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 – Volda kommune.*

Saksopplysningar
Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

For vidare saksopplysning viser ein til vedlagte utkast til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 – Volda kommune.

Utkast til retningsliner for gjennomføring
Utkast til retningsliner for kontrollutvalet si gjennomføring av selskapskontroll, jf. pkt.6 i utkast til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019:

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 113/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 113/16.** Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemane og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.

6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunane sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar.
   Dersom andre enn kommunen/kommunane sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
    - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
    - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
    - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
    - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

Samrøystes innstilling
Kommunestyret vedtek Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016 – 2019 i samsvar med utgreiinga, og at denne gjeld inntil ny plan ligg føre.

SAK 30/16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – BARNEVERN

Vedlegg
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. (09.11.2016). *Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Barnevern – Volda kommune*.

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet
Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i forbindelse med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 30/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent i sak 18/16. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013- 2015.

Formålet med prosjektet er å sette søkelys på situasjonen og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

- **MÅLSETTING**

I høve rapporten er formålet med prosjektet å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer.

Revisjonen viser til at det etter innspel frå ein rådmann, vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS- sine satsar m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vert følgd for den enkelte fosterheim.

Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal.

- **PROBLEMSTILLINGAR**

Problemstillingar som skal belysast:

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkomande i verksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking

2. Fylgjer kommunen regelverket m.h.t. tilsynsførarrolla.

   Underveis i arbeidet kom det fram informasjon som kan vere nyttig å få belyst og prosjektet inneheld derfor i tillegg

3. Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket
4. Samanlikning mellom kommunane

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS kjem med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:
<u>Fylgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking</u>

Det har i kontrollperioden 2013 – 2015 vore sju omsorgsovertakingar. Av dei 7 omsorgsovertakingane var 4 plasserte i familie/nære relasjonar.

Kommunen har tilfredstillande rutinar i høve utarbeiding av tiltaksplanar, men planar mangla i ei av sju saker.

Ved seks av sju omsorgsovertakingar i kontrollperioden var det sett i verk eit eller fleire tiltak over tid i heimen før omsorgsovertaking. Det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere type tiltak og omfang.
I ei sak var det ikkje sett i verk tiltak før omsorgsovertaking. I denne saka hadde omsorgsovertakinga vorte omgjort til hjelpetiltak etter eit år, og er fortsatt eit hjelpetiltak.

Det mangla omsorgsplanar for ei av sju omsorgsovertakingar.

Det låg føre lite eller ingen informasjon i høve tiltak eller oppfølging av opphavlege foreldre/heim etter omsorgsovertakinga.
Kommunen hadde totalt 12 omsorgsbarn i 2015, herav 3 plasserte i kommunen, 7 omsorgsbarn plassert i andre kommunar og 2 på institusjon. Barnevernet si lovpålagte oppfølging av fosterheim/omsorgsbarn har ikkje fungert tilfredstillande etter gjeldande regelverk, då barna(fosterheimane) ikkje har hatt tilstrekkeleg med årlege oppfølgingsbesøk. Iflg barnevernsleiar er det i 2016 sett i verk tiltak kring dette.
Politiattest i høve fosterheimsplasseringar der det interkommunale barnevernet v/Volda kommune er oppdragsgivar vert innhenta og oppbevart, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

Problemstilling 2:
<u>Fylgjer kommunen regelverket mht. Tilsynsførarrolla</u>

Barnevernet har ansvar for at alle omsorgsborn får oppnemnd uavhengig tilsynsførar, men det er fosterheimskommunen som har tilsynsansvaret. Det er krav om 4 årlege besøk.
Barnevernet i Volda hadde tilsynsansvar for 34 barn med fosterheim i Volda (tilsynsbarn), herav 31 barn frå andre kommunar.
Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Volda kommune vert ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då meir enn halvparten av tilsynsborna ikkje har fått dei rettmessige tilsyn i kontrollperioda. Barnevernet må også vurdere om rutiner for oppnevning av tilsynsførar i eiga kommune er god nok då kontrollen viser at det i ein del tilfeller går lang tid mellom plassering og oppnevning.

Kommunen hadde 7 omsorgsbarn plassert i andre kommunar. Oppfølging av kommunen sine omsorgsbarn som var plasserte i fosterheim i andre kommunar har heller ikkje vore tilfredsstillande. Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande tilsyn hjå fosterheim også utanfor eiga kommune, sjølv om det er fosterheimskommunen sitt ansvar å oppnemne tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet.

Tilsynsfører skal ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Det er ikkje etablert rutine kring eigenvurderingar eller andre tiltak m.o.t. vurdering og dokumentasjon av tilsynsførar si uavhengigheit, og dette er derfor ikkje kontrollert.

Kommunen har rutiner kring innhenting av politiattestar, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

Problemstilling 3:
<u>Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket</u>
KS (Kommunenes sentralforbund) utarbeider veileiande satsar for utgiftdekning og arbeidsgodtgjersle til fosterheimar.

Det er betalt ekstra arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar til 17 av 21 fosterheimar med tildels betydelege beløp, samla utbetaling utbetaling utover KS-sats utgjer kr. 2.551.264,-.

Når det gjeld utgiftdekning er det utbetalt utover KS-sats i nær halvparten av tilfella, utbetaling utover KS-sats varierar frå 35’-59’ pr barn.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn (ca kr 180.000) høgast i Volda, der Sande er lågast då det ikkje vert utbetalt godtgjersle utover KS-satsar. Det er ikkje undersøkt om det er dekt tapt arbeidsgodtgjersle/frikjøp frå arbeid eller utbetalt anna kostnadsdekning i tillegg.

Problemstilling 4:
Samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre.

Det er registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det er vidare registert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

Volda kommune er på gjennomsnittet andel nye meldingar pr. barn 0-17 år(3,5), lågast er Ulstein (2,1). Det same gjeld undersøkingar pr. barn 0-17 år(2,9) der Ulstein er lågast (1,9), men kjem dårleg ut når det gjeld undersøkingar pr. årsverk (5,4) mot Hareid høgast (10,7).

Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år viser i Volda ein andel på 4,5 % (høgast) medan Ulstein har lavast andel 2,3 %. Kommunen ligg på snittet 0,72% m.o.t. barn under omsorg pr barn 0-17 år samanlikna med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, og her er Sande lågast med 0,41%, Herøy 0,5% og Ørsta 0,55%. Hareid er høgast med 1,33.
Ser ein hjelpetiltak born pr årsverk ligg kommunen på snittet med 8,4, her er Ørsta høgast med 9,8 og Vanylven lavast med 4,7.

Volda brukar minst pr. barn 0-17 år når det gjeld totale utgifter til hjelpetiltak, og ligg på snittet i kostnader når det gjeld barn under omsorg. Totale kostnader til barnevern er på kr 7 754 pr. barn 0-17 år. Vanylven, Hareid og Ulstein brukar mest, Sande minst.

Samanlikning mellom kommunane kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (forebyggande) får dette igjen i form av færre omsorgsovertakingar. Omsorgsovertaking kan vere kostbart, men det er og stor variasjon innan kommunane m.o.t utbetalingar til fosterforeldre.

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande Forvaltningsrevisjonsprosjektet - Barnevern – Volda kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 09.11.2016).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
    1. Barnevernstenesta må etablere rutiner som sikrar at det vert utarbeida omsorgsplanar for alle omsorgsbarn (førebels eller endeleg plan).
    2. Det må vurderast om regelverket vert fulgt når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
    3. Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
    4. Det må etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
    5. Det må etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert makulert etter opphør av tilsetjingsforholdet.
    6. Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2017**.

SAK 31/16 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – SPESIALUNDERVISNING – GRUNNSKULEN VOLDA KOMMUNE

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik og ass. oppvekstsjef Lene Nupen møtte.

Vedlegg

1. Kontrollutvalet i Volda kommune, sak 26/15. (24.09.2015). *Forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialundervisning – grunnskulen i Volda kommune*.
2. Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik og rådmann Rune Sjurgard, arkivsak nr 2015/2102. (16.06.2016). *Forvaltningsrevisjon spesialundervisning – oppfølgjing av vedtak i kommunestyret.*

Saksopplysningar

Behandla i kontrollutvalet: 24.09.2015
Behandla i kommunestyret: 29.10.2015

Kontrollutvalet vedtok i sak 37/14 å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Formålet med prosjektet er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på moglegheiter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialundervisning – grunnskulen i Volda kommune (utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 11.06.2015) vart behandla i kontrollutvalsmøtet den 24.09.2015, som sak 26/15. Det vart lagt fram eit forslag til samrøystes innstilling (sjå vedlegg 1).

Saka var oppe i kommunestyret den 29.10.2015, som sak PS 110/15, der det var gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning – grunnskulen Volda kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:
    a. Kommunen skal sørgje for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/2016.
    b. Kommunen skal sørgje for at framtidige IOP-ar inneheld opphavleg utarbeidsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.
    c. Kommunen skal utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.
3. Kommunestyret merkar seg at det er dobbelt så mange elevar som tek mot spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen som i småskulen.
4. Ut frå kunnskapen om kor viktig det er med tidleg innsats, ber kommunestyret administrasjonen arbeide for tidleg innsats og vurdere prioritering av dette i budsjettsamanheng.
5. Kommunestyret ber om at ein i samband med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode sterkt vurderer å følgje opp rapporten med ein ny forvaltningsrapport der ein ser på samspelet mellom skulen og pp-tenesta.
6. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.08.2016.

Den 16.06.2016 kom status for gjennomføringane av tilrådingane, og rapport om status for gjennomføringane, frå Opplæring og oppvekst.

Følgjande kjem fram:

a) Det var implementert nye malar frå og med skuleåret 2015/2016.
b) Nye malar er i tråd med anbefalingane frå rapporten.
c) Det er nedfelt i rutinar for spesialundervisning av det vert fatta vedtak i alle saker. Dette vert følgt opp på lik linje med saker der det vert fatta vedtak med rett til spesialundervisning.
d) Det er sett inn ressursar på tidleg innsats.

For meir detaljert informasjon sjå vedlegg 2.

Ut i frå tilbakemeldinga frå rådmann og oppvekstsjef har kommunen sett i verk tiltak i høve anbefalingane i forvaltningsrevisjonsrapporten. Det går også fram at kommunen har sett inn ressursar knytt til tidleg innsats. Sjølv om det ikkje er nemnd som eit eige punkt under samrøystes innstilling i kontrollutvalssak 22/16 «Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019», bør kontrollutvalet vurdere om det seinare bør gjennomførast ein kontroll/oppfølging for å finne ut om det som er nemnt over er gjennomført.

Oppvekstsjef og ass. oppvekstsjef orientere og svare på spørsmål i saka vedkomande oppfølging av forvaltningsrevisjonen. Det vart spesielt orientert om oppfølging av vedtaket i kommunestyret pkt. 2 a, b og c.
Tilleggsinformasjon:
PPT
Samarbeidet om ppt med Ørsta er sagt opp.
Søker mot Ulstein vertskommunesamarbeidet, det same gjer Ørsta.

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet er, så langt, nøgt med kommuneadministrasjonen si oppfølginga av forvaltningsrevisjon – spesialundervisning, kommunestyresak PS 110/15.

SAK 32/16 ORIENTERING OM STAMINA RAPPORTEN HELSE- OG OMSORGSSEKTOREN

På vegne av rådmannen møtte personalsjefen.

Saksopplysing
Personalsjef Berit Lyngstad orienterte frå Stamina rapporten på Helse- og omsorgssektoren.

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tok orienteringa frå personalsjefen vedkomande Stamina rapporten på Helse- og omsorgssektoren til vitende.
Kontrollutvalet ber om å få orientering om oppfølginga på eit seinare tidspunkt.

SAK 33/16 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Vedlegg

3. Formannskapet i Volda kommune, sak PS 129/16. (27.10.2016). *MELDING OM POLITISK VEDTAK – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019.*

Saksopplysningar

Den 27.10.2016 vedtok formannskapet i sak PS 129/16 *Melding om politisk vedtak – plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019* fylgjande:
«Kommunestyret vedtek å prioritere flg. Prosjekt for utføring i planperioden 2016-2019:

- Teknisk drift- organisering
- Kostnadsanalyse institusjonar og heimebasert omsorg
- Kvalitet/tenestetilbod rus og psykiatri
- Sjølvkost vatn og avløp
- Barnevern
- PPT. Utgreiingskapasitet og førebyggande arbeid
- Kostnadsanalyse sentraladministrasjonen»

Kontrollutvalet må velje fyste forvaltningsrevisjonsprosjekt som skal utførast.

Det kan vere mest hensiktsmessig å velje sjølvkost vatn og avløp (VA), då det er lenge sidan det vart gjennomført eit forvaltningsprosjekt innan dette området, ca. 10 år sidan. Sidan den gong har det kome ny rettleiar (2014) og nye system er tekne i bruk. Det er utført denne type prosjekt i Ulstein og Ørsta, og med dette har ein gode samanlikningsgrunnlag, som kan vere til nytte for prosjektet i Volda.

Det vert lagt opp til at ein drøftar dei ulike prosjekta i møtet (02.12.2016) og gjer første prioritering.

For det prosjektet som vert valt skal det utarbeidast prosjektplan. Vi finn å kome med ei prioritering av første prosjekt.

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet vedtok at det skulle gjennomførast eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Sjølvkost vatn og avløp», som vert bestilt med Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet vedtok at revisjonen utarbeider prosjektplan for forvaltningsrevisjon «Sjølvkost vatn og avløp».

Møtet slutt.

Ronald Hagen	Ragnhild Folkestad
Leiar	Medlem

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Heisann!
Møteprotokollen frå kontrollutvalsmøtet 02.desember.2016 er no tilgjengeleg på vår heimeside, sjå link:
http://www.vkus.no/Installations/fwk/sites/ssks/volda/vo_04-16_moteprotokoll.pdf

Legg også ved møteprotokollen på denne e-posten.

Møteprotokollen skal opp i kommunestyret som melding.

Mvh

logo

Ada Elise Håberg
Konsulent
Tlf. direkte: 700 30 445
Tlf. sentralbord: 700 30 440
ada@vestkontroll.no
post@vkus.no

HORNINDAL KOMMUNE VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jørgen Amdam/Stig Olav Lødemel	Arkivsak nr.:	2016/1981
		Arkivkode:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	11.01.2017
2/17	Formannskapet	10.01.2017
2/17	Kommunestyret	26.01.2017

ETABLERING AV NY KOMMUNE HORNINDAL OG VOLDA - PROSJEKTORGANISERING

Ordførarane rår til slik organisering:
1.Prosjektleiar vert rådmann i ny kommune.

2. Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektleiarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.

3. Rådmannen i Hornindal kommune går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen.

4. Ordførarane startar arbeidet med førebuingar for formelle og praktiske avklaringar for handsaming i ordinær fellesnemnd.

Saksopplysningar

Førebels fellesnemnd ba i møte 8. desember om ei sak om permanent organisering av prosjektet.

Rådmennene har teke initiativ til å setje ned administrative arbeidsgrupper som i løpet av januar vil kome i gang med kartleggingsarbeidet. Det er viktig at ein no kjem i gang med prosessen. Det er under eit halvt år til at samanslåinga vert godkjent av Stortinget.

I siste møte i førebels fellesnemnd vart det drøfta om ein skulle forsere prosessen og etablere ny kommune frå 1. januar 2019. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil fraråd å leggje opp til eit kortare løp enn det som er rådd til sentralt. Prosessen er så vidt omfattande, og komplisert med kryssing av fylkesgrensa, at ein vil ha behov for nødvendig tid til å avklare alle forhold.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har rådd til at ein får avklart spørsmålet om prosjektleiar så raskt som råd etter Stortingsvedtaket i juni. Ordførarane finn derfor behov for at dette vert avklart så raskt som råd, og det er derfor positivt at førebels fellesnemnd har bedt om sak allereie til første møte i nemnda etter nyttår. I alle høve er ikkje dette eit tema som vert vidare omhandla i denne saka.

Det er to ulike modellar for den administrative organisering av prosjektet. Den eine er mellombels prosjektleiar trer ut av prosjektet og funksjonen når ny kommune er etablert. Den andre er at prosjektleiar også vert komande rådmann i den nye kommunen. I enkelte etableringsprosjekt vert den siste modellen også ein kombinasjon der prosjektleiaren også er rådmannen i den eine av dei eksisterande kommunane (som td Færder der rådmannen i Nøtterøy er prosjektleiar og komande rådmann).

Vurdering

Av erfaringar frå kommunereforma i Danmark og frå samanslåingsprosessar her i landet, peikar det seg ut at det er viktig at den som skal vere rådmann i den nye kommunen også er den som er prosjektleiar. Den vesentlege grunngjevinga for dette er at det er ei viktig leiaroppgåve å byggje opp organisasjonen og rekruttere i nøkkelstillingar i den nye kommunen. Det er viktig å ha samanheng mellom etablering og iverksetting, slik at det vert stabilitet og ikkje behov for å gjere ytterlegare endringar før den nye kommunen har kome i drift. Denne samanhengen er praktisk og prinsipielt viktig, og ein vil derfor rå til at dette vert vektlagt og godkjent av kommunestyra.

Ifølgje KS-advokatane sin rettleiar for arbeidsrettslege spørsmål ved kommunesamanslåingar, så skal det gjerast avklaringar med rådmennene omkring spørsmålet om deira rolle som prosjektleiar og komande rådmann. Begge sit på lang erfaring, god kompetanse og er vurdert som gode rådmenn. Rådmannen i Volda er interessert og sagt seg positiv til dette. Rådmannen i Hornindal har sagt at ho ikkje er interessert i å vere prosjektleiar og/el rådmann i den nye kommunen. Ho er interessert i å vere med over i ny kommune, og at ho kan gå inn i ei sentral stilling i rådmannen sitt leiarteam. Ordførarane ser det som naturleg at ho vert rådmannen sin næraste medarbeider og assisterande rådmann i den nye kommunen.

Modellen som er lagt for Færder kommune gir gjennomføringskraft ved at ein kombinerer prosjektleiar med rådmann i ei av dei eksisterande kommunane. Prosjektleiaren vert ein leiarfunksjon, der rådmannen disponerer over ressursane og kan bruke desse for å sikre framdrift i prosjektet. Dette har særleg effekt når det fell seg slik at kombinasjonen er ved rådmann i den største kommunen, slik det også er for Færder-prosjektet.

Ordførarane ser at det vil vere ei stor arbeidsbelastning å ha ei slik kombinasjonsrolle. Rådmannen må bruke ressursane slik det vert nødvendig for å frigjere kapasitet internt i organisasjonen. Ein må vidare sjå alle ressursar i samanheng, der dei operative oppgåvene i prosjektet må delegerast til ulike arbeidsgrupper mv.

Informasjon og kommunikasjon gjennom heile prosessen er svært viktig. Dette er gitt høg prioritet ved at det er oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar. Denne stillinga vil vere til støtte for prosjektleiar. Samtidig vil ei kombinasjonsløysing av eksisterande rådmann og

prosjektleiar/komande rådmann gjere det lettare å bruke ressursar på kommunikasjonsrådgjevar ved at ein ikkje treng å løne ein eigen prosjektleiar i tillegg.

I denne saka vert det lagt fram forslag til organisering. Dei formelle avgjerdene for å få det praktiske på plass, og inngåing av avtaler mv, bør gjerast av den ordinære fellesnemnda. Ordførarane vil gjere nærare førebuingar og involvere også dei tillitsvalte i prosessen. Inntil vidare vert arbeidet leia av dei to rådmennene i samarbeid.

HORNINDAL KOMMUNE VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Ann Kristin Langeland	Arkivsak nr.:	2016/1981
		Arkivkode:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	11.01.2017
3/17	Kommunestyret	26.01.2017

OPPNEMNING AV TEMAKOMITEAR

Innstilling:
Førebels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommune gjev følgjande innstilling til kommunestyra:

1. Det vert oppretta følgjande temakomitear:

✓ Heraldikk/namn
Leiar:
Medlemmar:

✓ Vegnamn
Leiar:
Medlemmar:

✓ Organisasjonsutval
Leiar:
Medlemmar:

2. Mandat og framdriftsplan vert utforma av leiar

3. Rådmennene peikar ut sekretariat for gruppene

Saksopplysningar

I prosessen med å bygge ny Volda/Hornindal kommune har ein starta arbeidet med dei administrative kartleggingane av status innanfor dei ulike fagområda i dei to kommunane. Det skal også fremjast sak for fellesnemnda knytt til prosjektleiarfunksjon.

I samband med dette er det behov for å etablere politiske temakomitear som skal arbeide med ulike saker som t.d. heraldikk, namn, politisk organisering med vidare for den nye kommunen. Det vert opp til fellesnemnda å kome med framlegg til representantar og leiar for dei ulike komiteane.

Vurdering

1. Heraldikk/namn:

Fellesnemnda må ta stilling til om det skal vere same komité som skal arbeide både med heraldiske spørsmål og med namnespørsmålet. Ein vil frå administrasjonen si side rå til at det er same temakomite.

Komiteen skal fremje framlegg om heraldisk profil og kommunenamn for den midlertidige fellesnemnda som så sender sakene over til dei respektive kommunestyra for vidare handsaming.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

Kommunenamn:

Det er ikkje teke stilling til kva namn den nye kommunen skal ha. Ein ser at det er viktig å få dette på plass så snart som mogleg. Dette handlar om felles identitetsbygging fram mot samanslåinga i 2020. I kommunelova § 3. 3 vert det slått fast at endring i kommune namn skal avgjerast av Kongen. Før slik avgjerd vert teken, skal det ligge føre uttale frå dei involverte kommunane.

Komiteen må ta stilling til korleis dei vil legge opp arbeidet som skal føre fram til ein søknad om endra/nytt kommunenamn. Komiteen skal rapportere til fellesnemnda og gjev si tilråding til dei respektive kommunestyra innan utgangen av 2017.

Heraldikk:

Komiteen må hente inn vegleiing frå Riksarkivet, og ta stilling til korleis ein skal arbeide med saka. Riksarkivet er rådgjevande instans både for kommunane og for departementet i slike saker. Etter at kommunen har kome fram til motiv, har fått utarbeida originalteikningar av våpenet og dette har blitt handsama i kommunestyra, vert det sendt søknad om godkjenning av kommunevåpen og flagg til Kommunal- og moderniseringsdepartementet via fylkesmannen.

Kommunevåpen bør vere eit tydeleg og samlande symbol for kommunen. Ordførarkjede bør utformast med utgangspunkt i kommunevåpenet. Dette bør vere klart innan samanslåinga er eit faktum.

(Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring eit framlegg til forenklingar i regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg.

I høyringsnotatet foreslår departementet at kompetansen til å fastsette kommunevåpen og kommuneflagg vert lagt til det enkelte kommunestyret. Departementet føreslår at reglar om fastsetting av kommunevåpen skal inngå i kommunelova. Det er vidare framlegg om å oppheve lov om flagging på kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje lenger vil vere noko krav om godkjenning av Kongen for å kunne nytte kommunevåpenet i eit kommuneflagg. Frist for innspel til høyringa er sett til 15. mars 2017).

Komiteen skal rapportere til fellesnemnda og ferdigstiller framlegg innan utgangen av 2017.

2. Organisasjonsutval

Det er naturleg at det vert sett ned ei gruppe som ser på dagens politiske organisering i Volda og Hornindal kommune. Gruppa skal utarbeide framlegg til ny politisk organisering frå 01.01.20. Vidare må ein ha ein gjennomgang av dei ulike reglementa som ligg til grunn for dagens organisering, samt kome med utkast til nye reglement i tråd med framlegg til endra politisk organisering. Herunder må ein gjennomføre ein revisjon av delegasjonsreglement, og fremje framlegg til nytt delegasjonsreglement. Dette er eit omfattande arbeid, som vil krevje brei involvering og såleis vere tidkrevjande.

Arbeidet bør vere sluttført innan utgangen av 2018.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

3. Vegnamn:

Ein har behov for ein komité som skal kartlegge om det er sams vegnamn i Hornindal og Volda. Dersom ein har samanfallande vegnamn, er det komiteen som skal utgreie dette og gjere si innstilling til fellesnemnda/kommunestyra om eventuelle endringsframlegg. Arbeidet bør vere sluttført innan utgangen av 2017.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Kommunestyret, driftsstyret, rådmannen si leiargruppe,
arbeidstakarorganisasjonane, hovudverneombod

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2016/604	14559/2016	461	SVK/ SONHAV	15.12.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - RAPPORT SJUKEFRÅVÆR 3.KVARTAL 2016

Vi melder med dette frå at arbeidsmiljøutvalet den 17.11.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 24/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Birgitte Sævik Pedersen - sakshandsamar

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no		www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda		70058701	939 760 946	3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Birgitte Sævik Pedersen	Arkivsak nr.:	2016/604
		Arkivkode:	461

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/16	Arbeidsmiljøutvalet	17.11.2016

RAPPORT SJUKEFRÅVÆR 3.KVARTAL 2016

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i arbeidsmiljøutvalet - 17.11.2016:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Administrasjonen si tilråding:
Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Samandrag av saka:
Sjukefråvær er eit fokusområde i 2016 jf. HMS årshjulet. Statistikken synet ei positiv utvikling med nedgang i fråværet i 3.kvartal 2016.

Saksopplysningar/fakta:

Tabellen nedanfor viser utvikling av sjukefråveret for månadane juli til september fordelt på sektor. Det syner også fråveret 3.kvartal 2016 samanlikna med same periode i fjor og samanlikna med 2. kvartal 2016.

Sektor	Juli 2016	August 2016	September 2016	3. kvartal 2015	3.kvartal 2016	2.kvartal 2016
Rådmannen (11)	0,00	0,00	0,00	1,60	0,00	0,00
Samfunn og rådgjeving (12)	9,43	25,83	28,29	0,23	28,47	32,00
Personal og organisasjon (13)	3,44	9,38	12,43	6,92	3,97	1,77
Økonomi (14)	0,00	0,00	0,61	5,33	4,79	6,79
Opplæring og oppvekst (20)	3,25	3,40	4,79	6,65	6,56	7,94

Helse og omsorg (30)	4,17	7,11	8,46	11,35	9,05	10,20
Service og kultur (40)	8,31	0,34	4,78	4,91	4,91	5,34
Teknisk (50)	8,33	9,04	6,54	9,42	9,69	10,74
Sjølvkosttenester (51)	8,33	0,00	5,68	0,62	4,33	4,22
Utvikling (60)	1,06	0,00	5,21	9,56	2,32	2,40
Barneverntenesta (70)	7,25	5,06	4,34	10,39	8,04	9,40
Totalt	**4,37**	**5,24**	**6,26**	**8,75**	**7,65**	**8,85**

Det totale sjukefråværet var 7,65 i 3. kvartal i 2016. Dette er ein nedgang samanlikna med sjukefråværet for både 2. kvartal inneverande år (8,85) og 3. kvartal 2015 (8,75)

Statistikken viser at mesteparten av fråveret framleis ligg mellom 17 dagar og opp til tre månader.

Det er sett måltal for nærvær i 2016 på 92 %. Det er sett spesifikke måltal for nærvær på dei ulike sektorane og ved stab/støttefunksjonane:

Helse/oms	Oppvekst	Kultur/serv	Teknisk	Utvikling	Barnevern	Økonomi	Personal/org
90 %	10 % red i høve 2015	Ikkje definert mål	95 %	95 %	90 %	93,1	Ikkje definert mål

Prosentmålet er eit minimum. Raud markering viser sektorar som per tredje kvartal ikkje er innanfor måltalet. Service- og kultur og personal- og organisasjon har ikkje definert mål for nærvær, men ligg fortsatt lågt på fråværsstatistikken.

Helse og miljøkonsekvensar:
Mindre sjukefråvær har positive verknader for utøving av tenestene, arbeidsmiljø og arbeidsbelastning til både tilsette og leiarar.

Økonomiske konsekvensar:
Lågt sjukefråvær har positive konsekvensar for økonomien.

Vurdering og konklusjon:
Det svært positivt at fråveret i tredje kvartal viser ein nedgang frå same periode i fjor.

Då hovudtyngda av fråvær er sjukmelde utover 17 dagar er det viktig å ha eit spesielt fokus her. Rådmannen har tru på at fortsatt målretta arbeid med oppfølging av sjukmeldte vil gje synlege resultat i tida som kjem. I tillegg må ein jobbe førebyggande der det er mogeleg.

Det har store konsekvensar å ha høgt sjukefråvær. Dei sektorane som ikkje er innanfor eigne måltal, må har stor merksemd resten av året for å nå målet.

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
Personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunestyret
Driftsstyret
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kjell Magne Rindal	Arkivsak nr.:	2016/1422
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
254/16	Formannskapet	13.12.2016
5/17	Kommunestyret	26.01.2017
183/16	Kommunestyret	15.12.2016

FLYTTING AV BRAKKER VED ENGESETVEGEN 28

Administrasjonen si tilråding:

Bustadmodulen i Engesetvegen 28 skal fjernast, tomt skal være attendeført og tilsådd innan 01.07.2017 etter godkjenning av bebuarar som grensar til bygget.

Vedlegg:
Referat frå møte med grannane til Engesetvegen 28.

Samandrag av saka

Bakgrunnen for saka er at det etter kommunestyret sitt vedtak vart sagt frå representantar frå grannar til Engesetvegen 28 for å signalisere at ein ville vere open for å drøfte ein tidsplan for fjerning av modulane. Kommunen har pressa økonomi, og administrasjonen fann det rett å drøfte denne opninga og få dette avklart. Formannskapet har signalisert at dette er fornuftig dersom det ligg føre dokumentasjon på ein tidsplan der ein kan unngå meirkostnader med mellomlagring og risiko for skade på bygningane.

Saksopplysningar

I 2013 vart det etablert midlertidige husvære i Engesetvegen 28 (tomt ved Gamle gymnas), etter vedtak i KS 25.10.2012, sak 133/12. Etter akutt behov ved avvikling av husværa Volda kommune leigde av helseføretaket. Helseføretaket melde at husværa var oppsagt med verknad frå 1. april 2013.

Kommunen v/eigedomsavdelinga søkte midlertidig dispensasjon for inntil 5 år for å plassere paviljong på tomt 18/22 og litt inn på18/14. Området er regulert til småhusbygging. For å redusere omfang av bygget vart det redusert frå 6 til 4 bueiningar.

Volda kommune gav den 12.02.13, under sak nr. 23/13, mellombels dispensasjon i inntil 5 år for plassering av midlertidige husvære på gnr. 18 bnr. 22. Vedtaket vart påklaga, og den 04.07.13 stadfesta fylkesmannen kommunen sitt vedtak, med den endring at dispensasjon vart gitt for inntil 3 år.

Dispensasjonen gikk ut på førsommaren (2016). Det har vore arbeidd med alternative bustadtilbod til bebuarane. Alle bebuarar i paviljongen er flytta ut, slik at kommunen ikkje lenger har buande personar no etter at dispensasjonen er gått ut.

Administrasjonen rådda til følgjande forslag til vedtak i K-sak 125/16:

«1. Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-etablering på kommunal tomt i Smalebakken/ Røyslidvegen.

2. Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000.

Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.»

Kommunestyret vurderte saka og gjorde slikt vedtak:

«Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra.*
- *Kostnaden ved rivinga vert å kome attende til i seinare løyvingssak*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.»*

I OS 186/16 i formannskapet vart det reist spørsmål kring naboar si innstilling til at kommunen kan bruke noko meir tid.

«*Dan Bjørneset reiste spørsmål om dei mellombelse bustadane i Engesetvegen på sist formannskapsmøte, den 15.11.16. I møtet fekk formannskapet informasjon om at eigarane av Gamle gymnas var positive til at dei mellombelse brakkene kan verte ståande til kommunen har klargjort kva dei skal brukast til. Dette meiner Dan Bjørneset ikkje er i samsvar med det han har fått opplyst i etterkant av møtet. Rådmannen informerte om at grannane og eigarane av Gamle gymnas vert kalla inn til møte, der spørsmålet vil verte drøfta.»*

Møte mellom naboar (alle som grensar til Engesetvegen 28) vart halde 05.12.2016, referat ligg vedlagt i saken. Det er vist stor velvilje frå naboar trass i belastninga det har vore å hatt bygget der i dei siste 3 åra. Naboar godtek at kommunen brukar noko meir tid på gjennomføring av flytting av brakker og attendeføring av tomt. Absolutt frist er sett til 01.07.2017 under føresetnad at tiltaket blir gjennomført sjølv om alternativ bruk ikkje er fastsett.

Vurdering og konklusjon

Vurdering av alternative lokasjonar for modulane vil verte arbeidd med i form av notat og prosess for formannskapet før saka vert lagt fram for endeleg handsaming i formannskap og kommunestyre.

Sjølv om dette er eit arbeid som må ha høg prioritet vil ein ha behov for litt tid til dette. Rådmannen synest det er fornuftig dersom ein kan unngå ekstraordinære kostnader med mellomlagring av bygningane, og samtidig unngå risiko for skade på bygga. Rådmannen vil derfor rå til at det vert arbeidd etter ein plan der ein flyttar bygningane direkte til ny byggjeplass innan seinast 1. juli 2017.

Økonomiske konsekvensar

Kommunestyret slepp å løyve ekstra pengar til mellombels flytting/lagring.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Orienteringssak for kommunestyret 15. desember

VOLDA KOMMUNE
Eigedom

Besøksadr.: Stormyra 2, 6100 Volda
Telefon: 70058700
www.volda.kommune.no

Møtereferat

Møtestad:	Volda rådhus møterom 144 (A) (Voldsfjorden)
Møtedato/-tid:	Måndag 05.12.2016 – 1600-1700
Deltakarar:	Gnr/bnr 18/75 – Knut Hunnes, 18/65 – Odd Ragnar Hunnes, 18/22 Per Svein Krøvel, 18/16_234 – Svein Arnesen, 18/12 – Sverre Engeset Foldal, 18/376 – Martin Øye Barstad og 18/14_22 - Stiftelsen gamlegymnas Ikkje møtte: 18/112 – MRFK – Trond Hjelset, gitt uttalelse pr. e-post. 18/355 – Ottamarka burettslag v/ Knut Eliassen gitt muntlig uttalelse

DERES REFERANSE VÅR REFERANSE ARKIVNR JOURNALNR DATO

Møte kring flytting av brakker ved Engesetvegen 28

Følgjande innkalling til møtet var:

«Hei alle saman

Som de sikkert er kjent med skal brakkene ved Engesetvegen 28 skal flyttast vekk og området skal setjast attende til opphavlig stand.

I samband med dette ynskjer kommunen å komme i dialog med naboane, for diskusjon kring gjennomføring av flyttinga.

Vonar alle saman har høve til å stille på eit møte ***måndag 05.12.2016 kl 1600*** *på Volda rådhus, møterom A.»*

Innkalling vart sendt til alle bebuarar via e-post, det var ein kommentar til innkalling frå Per Svein Krøvel som trudde han ikkje hadde motteke denne, men fikk den gjennom stiftelsen. Eller ok innkalling.

Det vart gjort greie for historikk bak Engesetvegen 28, samt orientering om planar kommunen hadde for bustadane etter bruk der. Kommunestyret ynskjer at administrasjonen skal utgreie ny alternativ bruk. Brakkene skal uansett ikkje være på noverande plassering og området skal tilbakeførast.

Naboar vart orientert om at ein ynskjer ei uttale frå alle saman på korleis ein ser på tidsfrist kring flytting. Dette heng saman med at kommunen skal kunne flytte og finne alternativ bruk utan å måtte mellomlagre desse, grunnlag bak dette er økonomiske og praktiske forhold (klima/frost/snø osv)

Det vart orienter om at MRFK – ved rektor Trond Hjelset ikkje har innvendingar om lengre tid på flytting av brakkene no som dei står tomme. Det er heller ikkje merknad for at kommunen bruker lenger tid på flytting frå Ottamarka burettslag, dette med same grunngjeving.

Samla naboskap uttrykt frustrasjon over valet som var gjort med bygginga av brakkene og presiserte at dette har vore ei stor belastning. Ein er glad for at denne tida er over, det er godt å sjå at gangvegen igjen blir brukt. Samla synast naboar at det er ei akseptabel løysing at kommunen får frist til 01.07.2017 med fjerning og tilbakeføring av tomt. Kommunen takkar naboar for dette synet og viser til at denne moglegheita skyldast deira velvilje overfor kommunen.

Stiftelsen gamle gymnaset vil ta dette opp i eige styremøte og kjem attende til kommunen innan 09.12.2016

Dato
05.12.2016

Referent
Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef

Denne e-posten vert å journalføre og leggje som vedlegg på saka om bygningane ved Engesetvegen. Dette betyr at saka kjem opp i formannskapet tysdag 13. desember og går vidare som orienteringssak for kommunestyret 15. desember.

MVh

Rune

Fra: Kjell Magne Rindal
Sendt: 7. desember 2016 13:25
Til: Rune Sjurgard
Emne: Vs: Vedr. brakkene ved Gamlegymnaset

Mvh
Kjell-Magne Rindal

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

-------- Opprinnelig melding --------
Fra: Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>
Dato: 07.12.2016 12:56 (GMT+01:00)
Til: Kjell Magne Rindal <Kjell.Magne.Rindal@volda.kommune.no>
Ko: "Norleif Bjørneseth (norleif.bjorneseth@tussa.com)" <norleif.bjorneseth@tussa.com>, '"psk@vikorsta.no"' <psk@vikorsta.no>, sveinarnesen1948@gmail.com, benedikte@interiorarkitektane.no, 'Gunnar Andenes' <gunnar.andenes@gmail.com>, Eivind Olav Indresøvde <ei@hivolda.no>, Karen Brænne <karenb@hivolda.no>, '"oyvhund@gmail.com"' <oyvhund@gmail.com>
Emne: Vedr. brakkene ved Gamlegymnaset

Hei, og takk for sist!
Styret for stiftinga Gamlegymnaset i Volda har vedteke følgjande som tilbakemelding til Volda kommune på bakgrunn av orienteringsmøtet måndag 5. desember:
Styret for stiftinga Gamlegymnaset arbeider for at skulebygning og hage skal førast tilbake og haldast ved like til gagn for kulturlivet i Volda. Styret ønskjer å vidareføre det positive samarbeidet med Volda kommune, og aksepterer difor 1. juli 2017 som endeleg frist for at brakkene skal vere flytta og tomta ferdig opparbeidd og tilsådd.

Med vennleg helsing
Kari Aslaug Hasle
Telefon: 70 07 51 22 Mobil: 957 20 630
www.hivolda.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Deltakarar i Oppreisningsordninga for tidlegare
barnevernsbarn i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		127039/2016	Åge Brekk, 71 25 87 08	19.12.2016

Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016

På samarbeidsmøte mellom deltakarkommunane den 25.02.2016, var det semje om at sekretariatet skulle sende ut ei orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga på slutten av kvart kalenderår.

Tilsaman 30 av kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune har gått saman i ei Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal. Når det gjeld organiseringa av oppreisningsordninga etter §§ 2 og 3 i vedtektene, syner ein til at Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 10.11.2015 oppnemnde følgjande medlemer i Oppreisningsutvalet:

Leiar: tidlegare førstelagmann Aage Rundberget
(vara: tidlegare sorenskrivar Magne Nerland).
Medlem: spesialpedagog/politikar Maritta B. Ohrstrand
(vara: fagkoordinator Heidrunn Avdem)
Medlem: psykolog Arne Ytterhus
(vara: spesialpedagog Bente Ursin Forseth)

Sekretariatet har som ei sentral arbeidsoppgåve, å handsame søknadar før avgjerd vert teke i utvalet. Her blei Åge Brekk tilsett frå 01.01.2016 som sekretariatsleiar. Konsulent Kari Rundmo frå administrasjonsseksjonen i fylkeskommunen er sekretær for utvalet. Rådgjevar Åsta Vadset ved Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal, tar hand om dei arkivfaglege oppgåvene i sakshandsaminga av søknadane.

Sekretariatet hentar opplysningar i alle tilgjengelege arkiv med mogleg informasjon om ein søkjar, før, under og etter institusjonsplasseringa. Det er tale om kommunale, fylkeskommunale, statlege og private arkiv. Arkiva etter dei kommunale barnevernsnemndene og skulestyra er sentrale. Riksarkivet oppbevarar arkivet etter Kontoret for spesialskolene, og det statlege arkiverket elles tek vare på spesialskolearkiva.

Når det gjeld barneheimar, var fleire dreve av private organisasjonar som Frelsesarmeen, Indremisjonen, Nasjonalforeninga sitt helselag osv. Her er mykje av arkivmaterialet knytt til einskildbebuarar makulert eller gått tapt på andre måtar. Det som kan finnast er oftast protokoller for inn- og utskriving av barna og årsmeldingar. I Fylkesmennene og kommunane sine arkiv kan det og finnast tilsynsrapportar og korrespondanse mellom fylkesmannen sin barnevernssekretær og Sosialdepartementet, som kan fortelje noko om korleis barna hadde det på barneheimen i kvardagen. Fleire spesialskolar og barneheimar har vore granska på 2000-tallet.
Dette kan også gi informasjon om korleis omsorgen i det heile har vore i tidlegare tider, om straffemetodar som var praktisert og om overgrep som blei begått. Dette gir ein faktabakgrunn for å vurdere søkjarane sine eigenmeldingar om det dei har vore utsett for på institusjon.

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde ● Besøksadresse: Julsundvegen 9 ● Telefon: 71 25 80 00 ● Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no ● www.mrfylke.no

Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn blei kunngjort med verknad frå 01.04.2016. Hittil i 2016 er det motteke 19 søknader om oppreisning frå personar som då dei var barn eller unge blei plassert på barneheim eller ved spesialskole. Søknadane gjeld 11 plasseringar på spesialskolar og 8 på barneheimar, der 7 gjeld opphald på barneheimar i Møre og Romsdal. Fem av søkjarane har hatt avtale med sekretariatet om hjelp med utfylling av søknadsskjema. Av søkarane er 10 kvinner og 9 menn. Gjennomsnittsalderen for søkjarane er 60 år.

Søknadane gjeld følgande kommunar (talet på søknadar i parantes):
Fræna (1), Gjemnes (1), Haram (1), Herøy (1), Sula (1), Sunndal (3), Sykkylven (1), Tingvoll (2), Ulstein (2), Vanylven (1), Volda (1) og Ålesund (4).

Oppreisningsutvalet har hatt tre møter i 2016. Tilsaman 11 av søknadane er pr. i dag ferdigbehandla i utvalet. I 10 av desse er det løyvd tilsaman 3 600 000 kroner i oppreisningsbeløp som har kome til utbetaling frå dei ansvarlege kommunar med 2 550 000 kroner. Når det gjeld differansen mellom tilkjent og utbetalt pengesum, viser ein til avkortingsregelen i § 7 i vedtekta som fastset at det skal gjerast fradrag for erstatning/oppreisning ytt frå anna offentleg oppreisningsordning. Gjennomsnittlig tildelt beløp i utvalet utgjer då kroner 327 000 kroner, mens gjennomsnittleg oppreisningssum til utbetaling frå kommunane er 232 000 kroner.

Ein søknad blei avslått, då det ikkje var dokumentert omsorgssvikt.

Med helsing

Åge Brekk
sekretariatsleiar

VOLDA KOMMUNE
Sektor helse og omsorg

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520

6404 MOLDE

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2016/76	14898/2016	F00	HEO/ SBR	21.12.2016

TILBAKEMELDING ETTER RAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN VEDR. GJENNOMFØRT TILSYN PÅ KOMMUNAL PRAKSIS KNYTT TIL PASIENT OG BRUKARRETTIGHEITSLOVA KAPITTEL 4A

Viser til rapport frå tilsyn med vurdering av samtykkekompetanse og bruk av tvang, etter gjennomført tilsyn 25. og 26. oktober, 2016.

Under tilsynet vart det avdekka tre avvik. Fylkesmannen ber om at Volda kommune legg fram ei plan for korleis lovbrota skal rettast og at det vert gjort greie for følgjande:

- Kva tiltak som vil bli sett i verk for å rette lovbrota
- Korleis leiinga vil følgje med på og kontrollere at dei planlagde tiltaka blir sett i verk
- Korleis leiinga vil følgje med på om tiltaka har virka som planlagd etter at dei har fått virke ei stund
- Tidsfristar for gjennomføring av tiltaka

<u>Tiltak som Volda kommune har sett i verk for å imøtekome dei påpeikte avvika:</u>

- Einingsleiarar / teamleiarar , lege , sektorsjef helse og omsorg , sjukepleiar/hjelpepleiar frå dei ulike einingane, tildelingskontor, demensteam og dataansvarleg for pasientprogram var til Molde på kurs i pasient og brukerrettighetslova med Fylkesmannen 25.11.16. Det har altså allereie blitt utført tiltak for å heve kompetansen til sentrale personar og funksjonar i sektoren.
- Det er utarbeidd skriftlege prosedyrar på Tvang etter brukarrettigheitslova §4A og vurdering/dokumentering av samtykkekompetanse. Desse prosedyrene er gjort kjende i dei aktuelle einingane og er lagt på Kvalitetslosen, vårt elektroniske kvalitetssystem. Det er gitt informasjon ved at prosedyrane er gjennomgått på personalmøta i dei ulike einingane og at dei er lagde i Kvalitetslosen.
- Utarbeide ny opplæringsplan med sjekkliste som sikrar at nytilsette og vikarar får den opplæringa dei skal ha.

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
70054003

www.volda.kommune.no
Org. nr:
939 760 946

Bankgiro:
3991.07.81727

- Volda kommune har inngått avtale med leverandør av e-læringskurs, via Norsk Helse Informatikk , der mellom anna kursa om Tvungen somatisk helsehjelp og samtykkekompetanse skal takast. Alle fast tilsette i dei aktuelle einingane og for tilsette i sentrale funksjonar er pålagde å ta kurset i Tvungen somatisk helsehjelp innan utgangen januar 2017.

Kontroll for leiinga

- Prosedyren i Kvalitetslosen vert lagt på leseliste slik ein sikrar / kan kontrollere at personalet faktisk les dei. Gjennomgang av dei ulike prosedyrane i personalmøte, for å sikre at dei tilsette forstår innhaldet i prosedyrane.
- Einingsleiar får oversikt på e-post etterkvart som tilsette har fullført dei ulike e-læringskursa.
- For å følgje med på om tiltaka har virka som planlagd, må ein ha dette som tema på bebuarmøte og personalmøte i dei ulike einingane. Det skal utførast leiartrykk for å sikre at dette er på dagsorden, slik at kunnskapen om tematikken er godt kjent og vert praktisert korrekt.

Tidsfristar :

- Skriftelege prosedyrar er ferdig utarbeidde og er klar til godkjenning av sektorleiar i helse og omsorg innan utgangen av januar 2017.
- Frist for å fullføre kurs Tvungen somatisk helsehjelp innan utgangen av januar 2017
- Frist for utarbeidd opplæringsplan med undervisningsopplegg for å sikre at nytilsette og vikarar får opplæring i dette innan utgangen av april 2017.

Eg legg til ein kommentar til slutt. I etterkant av tilsynet er det frå fleire i sektoren vist stor vilje til kompetanseheving på området. Alle sentrale personar med leiaransvar og andre med ansvar der kunnskap om dette fagfeltet er avgjerande for å yte lovlege tenester, har sett at dette må vi verte god på. Fokuset på dette viktige området har medført mange refleksjonar omkring praksis. Det er flott. For å sikre varig effekt av dei tiltaka vi har jobba med, og fortsatt skal jobbe med, er det forventa eit jamt leiartrykk for sikre at vår vidare praksis er i tråd med gjeldande lovverk.

Med helsing

Svein Berg-Rusten
Konst. helse- og omsorgssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Inger Johanne Johnsen
Lise Charlotte Ekros
Ann Sølvi Heltne

PS 13/17 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 1/17 Ferdigattest, bustad Gbr 2/79

DS 2/17 Rammeløyve, bruksendring Gbr 6/24

DS 3/17 Løyve til tiltak, omprofilering Gbr 11/58

DS 4/17 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 11/75

DS 5/17 Ferdigattest Gbr 13/151

DS 6/17 Ferdigattest Gbr 17/186

DS 7/17 Ferdigattest, garasje Gbr 18/401

DS 8/17 Løyve til tiltak, omprofilering Gbr 19/620

DS 9/17 Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/259

DS 10/17 Ferdigattest, parkeringsplass Gbr 19/451

DS 11/17 Ferdigattest, terrasse Gbr 19/757

DS 12/17 Løyve til tiltak, ombygging Gbr 19/753

DS 13/17 Ferdigattest Gbr 21/178

DS 14/17 Dispensasjon Gbr 30/385

DS 15/17 Igangsettingsløyve Gbr 30/421

DS 16/17 Løyve til tiltak, riving av skule Gbr 47/1

DS 17/17 Løyve til tiltak, bustad Gbr 54/7

DS 18/17 Ferdigattest, fritidsbustad Gbr 79/22

DS 19/17 Ferdigattest, terrasse Gbr 89/23

DS 20/17 Løyve til tiltak, bustad Gbr 93/22

DS 21/17 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 149/20